

**Kvinnepolitikk og kvinnearbeid
i Norges Kommunistiske Parti (NKP) 1923–1930**

av Eva Marie Meling Mathisen



Masteroppgåve i historie
Institutt for arkeologi, konservering og historie (IAKH)
Universitetet i Oslo (UiO)
Vår 2008

Forord

Etter tre års arbeid som masterstudent ved Institutt for arkeologi, konservering og historie, er det mange som skal takkast. Eg vil fyrst takka rettleiaren min, professor Åsmund Egge, for konstruktive tilbakemeldingar og god rettleiing. Så fortener Ole Martin Rønning på Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek ein stor takk for gjennomlesing og detaljkunnskap om NKP og Komintern. Eg hadde også stor glede av kurset ”Kommunismen historie” Ole Martin heldt våren 2006. Personalet på Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek har vore svært hjelpsame med å finna fram til litteratur og kjelder – takk!

Magnus Bernhardsen har litt av æra for at eg valde NKP som emne for masteroppgåva, og fortener takk for mange spanande forteljingar om familien sin, NKP-familien Dalland.

Medstudentane mine på kullet mitt har gjort at det alltid har vore fint å koma på Blindern, og å eta middag i Frederikke-kantina kl. 16. Miljøet kring studenttidsskriftet *Fortid* fortener også takk for sosialt samvær og historiefagleg påfyll.

Så vil eg takka Gudrun Kløve Juuhl, Tarjei J. Vågstøl, Hilde Lysengen Havro, Marit Aakre Tennø, Lars Rottem Krangnes og Tor Espen Simonsen for tilbakemeldingar på tekst og for korrekturlesing, og Astrid Sverresdotter Dypvik for rettleiing i tysk. Jan Erik Skretteberg og Rune A. D. Myhre skal ha mykje takk for russiskhjelp, både før, under og etter dei to opphalda mine i Moskva. Dei utanlandske historiestudentane kring kafébordet på Kafé Bilingua i Moskva skal også ha takk for sosialt samvære.

Eg vil takka Osloforskning som gav meg stipend i slutfasen av oppgåveskrivinga.

Til slutt vil eg takka sambuaren min Mass Soldal Lund som har lest gjennom oppgåva fleire gongar, laga ostesmørbrød og middagar, tatt meg ut på lufteturar, gjeve meg konstruktive tilbakemeldingar og datakyndig hjelp. Utan hjelpa hans tvilar eg på at denne oppgåva hadde vorte ferdig.

Oslo, mai 2008.

Eva Marie Meling Mathisen

Innhald

1. Innleiing	1
Periodisering og avgrensingar	3
Tidlegare forskning og litteratur	5
Metodisk tilnærming: organisasjonsmodell	8
Kjelder og kjeldeproblematikk	9
Disponering av oppgåva	12
2. Grunnlaget for Kominterns kvinnepolitikk	14
Tidlegare arbeidarinternasjonalar og kvinnepolitikk	14
Den kommunistiske kvinnerørsla: Politisk og organisatorisk oppbygning	17
Det internasjonale kvinnesekretariatet i Komintern	20
3. Kvinneorganisering i Arbeidarpartiet	25
Kvindeforbundet og innmeldinga i Komintern	27
Kvindeforbundet og det internasjonale kvinnesekretariatet	28
Reaksjonar frå Komintern på nedlegginga av Kvindeforbundet	31
4. Sjølvstendefasen 1923–1924	36
Omstruktureringa av kvinneforeiningane til kvinnegrupper	36
Husmorlaga og husmorideologisering	41
Den fyrste kvinnekongressen i NKP	44
Byrjande bolsjevisering av kvinnearbeidet i Komintern	48
Einskapsfrontarbeid	51
Oppsummering	55
5. Bolsjeviseringsfasen 1925–1927	56
Hovudlinjer i bolsjeviseringspolitikken	56
Organisasjonskongressen om kvinnearbeidet	57
Landsmøtet i NKP i 1925	58
Den andre kvinnekongressen i NKP og reaksjonane på kongressen	61
Den kvinnepolitiske pressa i NKP: <i>Gnisten</i> og kvinnespalter	66
Bolsjevisering av kvinnearbeidet i Komintern	68
Arbeiderklassens Samlingsparti og kvinnene	73
Husmorlagskongressen og delegatforsamlingssystemet	75
Den lønte kvinnesekretærstillinga forsvinn	80
Oppsummering	81

6. Ultravenstrefasen 1928–1930	83
Hovudlinjer i ultravenstrefasen	83
Det internasjonale kommunistiske kvinnearbeidet	85
Byrjande nedgang i det sentrale kvinnearbeidet i NKP	89
Striden om gifte kvinners rett til lønsarbeid i Oslo kommune	94
Landsmøtet til NKP i 1929	96
Antikrigsarbeidet og kvinnene	102
Arbeidarkongress og kvinnekonferanse – ”Til bedriftene!”	103
Den definitive nedgangen i det sentrale kvinnearbeidet i NKP	106
Oppsummering	110
7. Konklusjon	112
Kjelder	121
Litteraturliste	123

Forkortingar

AAB/Arbark	Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (Oslo)
AFL/LO	Arbeidernes faglige Landsorganisasjon/Landsorganisasjonen
Agit.prop	Agitasjons- og propagandakomiteen
DnA	Det norske Arbeiderparti
EKKI	Den kommunistiske internasjonales eksekutivkomité
IAH	Internationale Arbeiterhilfe, Internasjonal Arbeiderhjelp
IKS	Det internasjonale kvinnesekretariatet i Komintern
<i>Inprekorr</i>	<i>Internationale Pressekorrespondenz</i> (avis utgjeve av Komintern)
Komintern	Den kommunistiske internasjonale
KPD	Kommunistische Partei Deutschlands
NKP	Norges Kommunistiske Parti
NSA	Norges Socialdemokratiske Arbeiderparti
Org.byrå	Kominterns organisatoriske byrå, med ansvar for organisatoriske spørsmål. Også namnet på NKPs organisatoriske byrå.
Pol.byrå	NKPs politiske byrå, dagleg leiing.
RFI	Røde Faglige Internasjonale, Profintern
RFMB	Rote Frauen und Mädchen Bund
RGASPI	Rossijskij gosudarstvennyj arkhiv sotsialno-polititsjeskoj istorii (Det russiske statsarkivet for sosial og politisk historie, arkiv i Moskva med mellom anna materiale frå Komintern.)
RKP(b)	Det russiske kommunistpartiet (bolsjevikane). Etter 1925 fekk partiet namnet Det allrussiske kommunistiske partiet (bolsjevikane), forkorta VKP(b). Frå 1952 skifta partiet namn til Sovjetunionens kommunistiske parti (SUKP).
SPD	Sozialdemokratische Partei Deutschlands
Zjenotdel	Kvinneavdelinga til det sovjetrussiske kommunistpartiet

1. Innleiing

Denne framstillinga handlar om kvinnepolitikken og kvinnearbeidet i *Norges Kommunistiske Parti* (NKP) frå skipinga i november 1923 til 1930. NKP vart ved skipinga medlem i *Den kommunistiske internasjonale*, mest kjend under akronymet *Komintern*. Komintern var oppretta i 1919 etter initiativ frå det russiske kommunistpartiet. Målsetnaden var å laga ein revolusjonær verdsorganisasjon som skulle organisera kommunistpartia i dei ulike medlemslanda, også kalla seksjonane.

Føremålet med framstillinga er todelt. På den eine sida ynskjer eg å analysera kva for makt Komintern hadde over utforminga av kvinnepolitikken i NKP, og drøfta i kva grad og korleis NKP responderte på avgjerdene frå Moskva. I framstillinga vil omgrepet *bolsjevisering* verta brukt for å visa *russifiseringa* av NKP, men også for å visa *interaksjonen* mellom NKP og Komintern. Bolsjevisering var ein politisk hovudparole, men det var også ein prosess mellom Komintern og dei nasjonale kommunistpartia, der NKP sjølv var ein aktiv deltakar for å bolsjevisera det norske kommunistpartiet. Omgrepsparet ”bolsjevisering nedanfrå” og ”bolsjevisering ovanfrå” vil verta brukt for å nyansera bolsjeviseringsprosessen.

Det andre målet med framstillinga er å gje eit meir dekkjande bilete av kvinnearbeidet i NKP i perioden 1923–1930 enn det som finst til no. Korleis arbeidde NKP blant kvinnene? Kva var dei viktigaste sakene? Korleis vart kvinnearbeidet oppfatta i partiet? Både interaksjonen med Komintern og det meir utdjupande biletet av NKP vert mogleggjort gjennom bruken av kjelder frå tidlegare sovjetiske arkiv.

Fokuset i framstillinga vil primært liggja på interaksjonen mellom Komintern og NKP, og sekundært på husmorlaga. Husmorlaga var såkalla *front-* eller *masseorganisasjonar*, der medlemmene ikkje nødvendigvis var medlemmer i NKP, men det var i husmorlaga dei kvinnelege NKP-medlemmene var mest aktive. Regionale skilnader mellom Oslo-, Akershus- og Bergensområdet vil verta trekt inn i framstillinga.

Hovudproblemstillingane kan dimed formulerast slik:

Korleis var kvinnepolitikken og kvinnearbeidet i NKP perioden 1923–1930? Korleis føregjekk interaksjonen mellom Komintern og NKP i spørsmåla knytt til kvinnepolitikk og kvinnearbeid, og kva for fylgjer fekk interaksjonen for kvinnepolitikken og kvinnearbeidet i NKP?

Nærmare presentasjon og underspørsmål

Vedtaka frå den tredje verdskongressen i Komintern i 1921 slo fast at kvinner som var medlem i eit kommunistisk parti skulle ha dei same rettane og pliktene som mannlege medlemmer. Kvinnene skulle ikkje lenger vera samanslutta i eigne, separate kvinneorganiseringar. Difor la den dåverande norske seksjonen i Komintern, *Det norske Arbeiderparti* (DnA), ned kvinneorganisasjonen sin, *Kvindeforbundet*, i februar 1923. Samstundes låg det ei erkjening i vedtaka frå verdskongressen at for å arbeida blant kvinnene trong kommunistpartia særskilde organ for agitasjon og skulering. Kvinnearbeidet skulle vera ein integrert del av partiarbeidet; så integrert at også menn kunne driva arbeidet blant kvinnene. Kvinnearbeidet skulle vera eit arbeid for heile partiet, ikkje berre eit arbeid for dei kvinnelege medlemmene. I november 1923 braut NKP ut av DnA, og forståinga av kvinnearbeidet i DnA vart ført vidare i NKP. *Korleis vart kvinnearbeidet oppfatta i NKP, hos dei mannlege og dei kvinnelege medlemmene?*

I fylgje marxistisk klasseanalyse var dei mest framskridne av arbeidarklassen industriarbeidarane. Denne klasseanalysen låg til grunn for NKPs syn gjennom heile perioden, også når det gjaldt kvinnene. Men NKP hadde svært få kvinnelege medlemmer som arbeidde i industrien, og dei aller fleste kvinnelege medlemmene var husmødrer. *Organisatorisk* løyste NKP denne utfordringa med å oppretta husmorlag for dei kvinnelege NKP-medlemmene, men husmorlaga skulle samstundes vera opne for DnA-medlemmer og kvinner frå arbeidarklassen som ikkje var medlem i eit politisk parti. *Kva for sosiale grupper av kvinner vart prioriterte i arbeidet i NKP? Korleis løyste NKP den politiske utfordringa med å mobilisera kvinnelege industriarbeidarar til støtte for partiet? Korleis såg Komintern på NKPs prioriteringar mellom sosiale grupper av kvinner?*

Sjølv om DnA la ned Kvindeforbundet, vart ikkje dei lokale kvinneforeiningane nedlagde og kvinnene medlemmer av partiavdelingane, slik intensjonen frå Komintern var. Nokre av dei lokale kvinneforeiningane fylgde med NKP i splittinga, og vart omdanna til husmorlag. Husmorlaga balanserte gjennom heile perioden mellom å vera sjølvstendige organiseringar og å underleggja seg partiets politiske krav. *I kva grad kan kvinnepolitikken til NKP representera eit brot eller eit framhald av kvinnepolitikken i DnA?*

Periodisering og avgrensingar

Perioden som er undersøkt er delt inn i tre fasar: *sjølvstendefasen* (1923–1924), *bolsjeviseringsfasen* (1925–1927) og *ultravenstrefasen* (1928–1930). Fasane dannar utgangspunkt for hovudkapitla i framstillinga. Målet med denne oppdelinga av tidsperioden er å få fram dei endringane som dei politiske linjene i Komintern skapte, slik som Kominternforskeren Jürgen Rojahn uttrykkjer det: ”(...) making crucial changes visible”¹, og forsøka å forklara om det skjeddde endringar i NKPs kvinnepolitikk og kvinnearbeid som ein fylgje av interaksjonen med Komintern. Periodiseringa har også ein pedagogisk effekt sidan ho gjer det lettare å sjå kva for særdrag kvar periode hadde.²

Den tradisjonelle – og vanlegaste – måten å dela opp historia til Komintern har vore tufta på eit Moskva-sentristisk syn. I dette synet var det dei politiske avgjerdene tekne på høgaste nivå i organisasjonen, av verdskongressane eller av Eksekutivkomiteen (EKKI), som skapte endringar i politikken og igjen behovet for periodisering. Denne måten å dela inn utviklinga til organisasjonen har vorte kritisert for å vera for generaliserande, og for å ikkje ta omsyn til at også nasjonale forhold kunne vera med på å skapa endringar. Forsøk på andre måtar å periodisera Kominterns historie har vorte gjort av både den russiske historikaren Aleksander Vatlin og Jürgen Rojahn.³

I framstillinga står eg meg likevel på den tradisjonelle måten å dela opp Kominterns historie, men med eit viktig unntak; overgangen frå sjølvstendefasen til bolsjeviseringsfasen. Bolsjeviseringa vert i litteraturen rekna frå den femte verdskongressen i Komintern sommaren 1924, men sidan bolsjeviseringa av NKP fyrst tok til ved landsmøtet i mai 1925, har sjølvstendefasen (1923–1924) vert strekt lengre enn det den tradisjonelle inndelinga skulle tilseia. Dette gjeld særleg organiseringa av kvinnearbeidet i partiet, der omlegginga til husmorlag og inkorporeringa av kvinnegruppene i den nye cellestrukturen for alvor tok til på seinåret 1925.

Avgrensingar

Framstillinga byrjar med skipinga av NKP og sluttar rundt 1930. Avgrensinga av perioden som er analysert fell saman med Kominterns og NKPs nedprioriteringar av kvinnearbeidet

¹ J. Rojahn, ”A Matter of Perspective: Some Remarks on the Periodization of the History of the Communist International”, i M. Narinsky og J. Rojahn, *Centre and Periphery: The History of Comintern in the Light of New Documents*, 1996, s. 35.

² K. Kjeldstadli, *Fortida er ikke hva den en gang var*, 2003, s. 221.

³ F. Pettersson, ”Historiographical Trends and the Comintern – The Communist International (Comintern) and How it has been Interpreted”, *Comintern Working Paper*, 8-2007.

rundt 1930, som dimed også har ført med seg ein manglande tilgang på kjelder. Frå midten av 1920-talet skjedde det ei gradvis svekking av det internasjonale apparatet for kvinnearbeidet. I 1926 vart det *Internasjonale kvinnesekretariatet* (IKS) erstatta av ei kvinneavdeling som låg direkte under kontrollen til Eksekutivkomiteen, og den nye kvinneavdelinga til EKKI hadde ikkje noko av det sjølvstendet som hadde særprega IKS i Komintern-apparatet. Tilsvarande utvikling skjedde i det sovjetiske kommunistpartiet der kvinneavdelinga *Zjenotdel* vart lagt ned i 1930. Kontakten mellom Komintern og NKPs kvinnesekretariatet vart mindre og mindre i løpet av 1920-talet, og var til slutt heilt fråverande i 1930.

I 1930 hadde NKP gått frå å ha ein relativt god oppslutnad i norsk politikk til å verta eit minimalt parti, somme tider også skildra som ei sekt. Det sentrale kvinnearbeidet i NKP vart også svekt på slutten av 1920-talet; kvinnesekretariatet hadde ikkje lenger eige kontor, og frå 1927 var ikkje kvinnesekretæren lenger ei lønt stilling. I 1930 gjekk også *Gnisten*, kvinneavisa til NKP, inn.

Avklaringar

Omgrepa ”kvinnepolitikk” og ”kvinnearbeid” må innleiingsvis definerast. I *Statsvitenskapleg leksikon* er politikk definert som den ”virksomheten innen et sosialt system som innebærer at mål blir satt, prioriteringar ordnet, verdier fordelt og virkemidler valgt og anvendt.”⁴

Kvinnepolitikk kan altså definerast som dei avgjerdene, målsetnadene og prioriteringane som vert tekne som gjeld arbeidet blant kvinnene, og der ressursane og innsatsen til dette vert fordelt.

Grunnlaget for Kominterns og NKPs kvinnepolitikk vert skissert i neste kapittel. Utover det tek framstillinga i liten grad opp spørsmål knytt til marxist-leninistisk teori om kvinnefrigjering. I kjeldematerialet er ikkje politisk teori eit tema i den forstand at ulike teoriar og ideologiske synspunkt vart sette opp mot kvarandre og diskuterte i NKP. Derimot vart partiets arbeid blant kvinnene hyppig diskutert, og det er ut frå synet om å visa nærleik til kjeldene og dei nemningane NKP sjølv brukte at eg har vald å bruka omgrepet ”kvinnearbeid”. Med kvinnearbeid meiner eg det *organisatoriske* arbeidet som partiet dreiv blant kvinnene, med dei sakene som vart oppfatta som spesielle for kvinnene.

Når det gjeld grunnleggjande kunnskap om norsk og sovjetisk historie i perioden føreset eg dette som kjend for lesaren.⁵

⁴ Ø. Østerud, K. Goldman og M. N. Pedersen (red.), *Statsvitenskaplig leksikon*, 2001, s. 198-199.

⁵ For sovjetisk historie viser eg til Å. Egge, *Fra Aleksander II til Boris Jeltsin*, 1993. For norsk historie og historie om arbeidarrørsla, sjå B. Furre, *Norsk historie 1914-2000. Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstvil*, 1999, og P. Maurseth, *Gjennom kriser til makt (1920-1935)*, 1987.

Husmorlaga var *front-* eller *masseorganisasjonar* der medlemmene ikkje nødvendigvis var medlemmer i NKP. Hovudmålet med frontorganiseringa var at organisasjonen utetter skulle framstå som partipolitisk uavhengig og ha ei leiing der medlemmene av kommunistpartiet ikkje trong å vera i fleirtal. Men gjennom fraksjonsarbeidet skulle likevel kommunistane vera i stand til å kontrollera frontorganisasjonane.⁶ Husmorlaga kan reknast som ein del av den kommunistiske rørsla i Noreg, saman med andre organisasjonar som Sovjetunionens venner, pionerrørsla, Norges Røde Hjelp og arbeidaridrettslaga som alle hadde ulik grad av tilknytning til NKP og Komintern. Ei alternativ nemning på frontorganiseringar er å kalla dei for ”det ytre partiet”.⁷ Ved å bruka nemninga det ytre partiet på husmorlaga får ein fram at desse organisasjonane *ikkje* formelt var ein del av partiet, men at dei likevel var svært tett knytt til NKP, og fylgde i hovudsak dei politiske linjer til partiet. Fordi husmorlaga ikkje var ein del av partiet, kunne heller ikkje partiet setja i verk sanksjonar om husmorlaga ikkje fylgde opp vedtak i partiet.

Tidlegare forskning og litteratur

Det er ikkje vanskeleg å slå fast at det er lite litteratur på området; det gjeld både for arbeidet blant kvinnene i NKP og i Komintern. I NKPs offisielle historiebok, *Norges Kommunistiske Partis historie*, tek forfattaren Just Lippe for seg kvinnearbeidet i partiet på ei halv side av 339 sider. Lippe hevdar at husmorlaga ”i alle år spilte en aktiv og betydelig rolle”, der dei gjorde ein stor innsats ved å reisa ”en rekke spørsmål som naturlig lå kvinnene nært på hjertet.”⁸ Med tanke på posisjonen Lippe hadde i NKP som sentral politiskar frå midten av 1920-talet, må boka sjåast på som ei kjelde til korleis kvinnearbeidet vart oppfatta i partiet.

Det einaste utdjupande bidraget som tek for seg kvinnearbeidet i NKP, er kapittelet ”NKP og kvinnene” i boka *Det er ingen sak å få partiet lite. NKP 1923-1931* av Einhart Lorenz.⁹ Lorenz hadde tilgjenge til det materialet som var henta ut frå dei sovjetiske arkiva i 1983, og han har brukt eit stort utval publikasjonar frå Komintern og NKP. Kapittelet er detaljert og dekkjer mange av hovudpunkta i NKPs kvinnearbeid, og gjev kunnskap om interaksjonen mellom NKP og Komintern på det kvinnepolitiske området, i den grad det var mogleg ut frå kjeldegrunnlaget.

⁶ For frontorganisering, sjå t.d. O. M. Rønning, ”Kvinnekamp, imperialism og monopolkapital. Kvinnefronten og ml-bevegelsen 1972-1982”, i *Arbeiderhistorie. Årbok for Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek*, 2005, s. 200-223.

⁷ Omgrepet er henta frå J. Bolin, *Parti av ny typ? Skapandet av ett svensk kommunistiskt parti 1917-1933*, 2004, s. 389.

⁸ J. Lippe, *Norges Kommunistiske Partis historie*, bind 1, 1963, s. 243.

⁹ E. Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite. NKP 1923-1931*, s. 151-163.

I 1978 gav Harriet Clayhills ut boka *Kjerringer mot strømmen. Arbeiderhusmødrenes organisering og kamp i 20- og 30-åra*, som tek for seg arbeidet i husmorlaga, med særleg vekt på Bergen, Odda og Oslo. Målet til forfattaren var å bringa historia om organiseringa til arbeidarhusmødrene ”fram fra mørkeloftet”, og Clayhills har eit tydeleg politisk prosjekt ved å skriva denne historia når ho i innleiinga skriv at den feministiske og marxistiske kvinnerørsla i dag kan læra av frontorganiseringa.¹⁰ Hovudproblemet med boka er ikkje at den er politisk, men at ho ikkje tek omsyn til Kominterns avgjerder og parolar. Husmorlaga vert framstilt for autonomt, og vert ikkje sett i samanheng med dei politiske linjene i NKP og Komintern. Som ”tilstandsrapport” er boka likevel verdfull.

Det er skrive overraskande lite om kvinnepolitikken i Komintern og arbeidet i det internasjonale kvinnesekretariatet. I framstillinga har eg brukt fire tekstar som i ulikt tidsperspektiv tek for seg kvinnepolitikken i Komintern. Dei viktigaste bidraga er to artiklar av Bernhard H. Bayerlein, publisert i *The International Newsletter of Communist Studies Online* frå 2006 og 2007.¹¹ Ikkje berre er desse dei nyaste bidraga, men Bayerlein tek for seg heile perioden som er relevant for denne framstillinga – heilt fram til 1930.

Lisbeth Bendtsen har skrive hovudoppgåva (speciale) *Kominterns kvindepolitik 1919–1928*.¹² Den tredje teksten eg har hatt nytte av i denne samanhengen er utdrag frå *Socialism in one Country 1924–1926* av Edward Hallett Carr, som på ti sider gjev ei oversynleg framstilling av arbeidet i IKS.¹³ Carr var sær empirisk orientert i dei historiske studia sine, og skreiv 14-bindverket og klassikaren *History of Soviet Russia* (1950–1978). I mangel på sovjetisk arkivmateriale, tenderte Carr til å bruka offisielle sovjetiske dokument som kjelder.¹⁴ Sjølv om det er skilnader mellom Carr, Bayerlein og Bendtsen, har alle tre forfattarane til felles at dei byggjer framstillingane sine i hovudsak på Kominternpublikasjonar som avisene *Inprekorr* og *Die Kommunistische Fraueninternationale*. Framleis har historieskrivinga om kvinnepolitikken i Komintern til gode at historikarane trengjer inn i det interne, upubliserte materialet frå dei kvinnepolitiske organa i Komintern.

¹⁰ H. Clayhills, *Kjerringer mot strømmen. Arbeiderhusmødrenes organisering og kamp i 20- og 30-åra*, 1978, s. 7-11.

¹¹ B. H. Bayerlein, ”Zwischen Internationale und Gulag. Präliminarien zur Geschichte der internationalen kommunistischen Frauenbewegung. Teil 1”, i *The International Newsletter of Communist Studies Online* XII, nr. 19, 2006, s. 27-47, og B. H. Bayerlein, ”Zu Aufbau und Destruktion einer Fraueninternationale. Das Internationale Frauensekretariat der Komintern und die Frauenabteilung des Exekutivkomitees der Kommunistische Internationale”, i *The International Newsletter of Communist Studies Online* XIII, nr. 20, 2007, s. 102-104.

¹² L. Bendtsen, *Kominterns kvindepolitik 1919-1928*, 1979.

¹³ E. H. Carr, *Socialism in one Country 1924-1926*, volum 3, del 2, 1964, s. 976-986.

¹⁴ K. McDermott og J. Agnew, *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin* 1996, s. xxiii.

Som referanseverk om Komintern har eg brukt *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin* av Kevin McDermott og Jeremy Agnew frå 1996.

To retningar innanfor Komintern-forskinga

I hovudsak kan ein peika ut to retningar innanfor forskinga om tilhøvet mellom Komintern og medlemspartia. Den *tradisjonelle* retninga framstiller eit Komintern som kravde at seksjonane skulle fylgja instruksane frå Moskva. I denne forståinga er kommunistpartia underlagt avgjerdene frå Sovjetunionen og partia kunne i liten grad påverka Komintern. Partia vert sett på som instrument som utelukkande utførte dei oppgåvene som skulle gjerast i dei ulike landa. I denne forståinga vert bolsjeviseringa berre ei førebuing til staliniseringa av Komintern i 1930-åra, der Stalin og det sovjetiske partiapparatet fekk endå meir makt. I den tradisjonelle retninga var altså Komintern til for Sovjetunionens utanrikspolitikk. Den tradisjonelle retninga har vorte dominert av den kalde krigens historieskriving, men også av trotskistisk-inspirerte historikarar og kritikarar av stalinismen.

Den andre retninga problematiserer dette ”ovanfrå og ned”-synet, og har gjort seg gjeldande etter opninga av dei sovjetiske arkiva på 1990-talet. I denne retninga vert det peika på at det fanst eit visst handlingsrom for dei nasjonale kommunistpartia til sjølv å styra si eiga utviklinga, særleg på 1920-talet, men også etter det. McDermott og Agnew har skrivne ut frå denne forståinga, og ligg også til grunn for denne framstillinga. McDermott og Agnew nektar ikkje for at det fanst ein sovjetisk dominans i Komintern, men nyanserer synet i bolsjeviseringsprosessen ved å sjå på bolsjeviseringa nedanfrå – ”from below” – der dei syner korleis dei nasjonale avdelingane svarte på krava frå Moskva. Bolsjeviseringa nedanfrå gav seg uttrykk på ulike måtar, både i motstand mot politikken frå Komintern, men også i aktiv tilpassing til politikken. Dei politiske avgjerdene frå Komintern kunne verta modifiserte og tilpassa dei nasjonale og lokale forholda.¹⁵

Det må også átvarast mot å sjå på Komintern som ein einskapleg og monolittisk organisasjon. Byråkratiet og strukturane i Komintern gjekk også gjennom bolsjeviseringa, der avgjerdene som vart tekne på dei høgste nivå i organisasjonen, verdskongressane og i Eksekutivkomiteen, kunne møte motstand og modifiseringar i Komintern-apparatet, ikkje berre hos dei nasjonale medlemspartia.

¹⁵ K. McDermott og J. Agnew, 1996, s. 41 ff og K. McDermott, ”Bolshevisation ‘From Above’ or ‘From Below’? The Comintern and European Communism in the 1920s”, i Tauno Saarela og Kimmo Rentola (red.), *Communism. National & International*, 1998, s. 105.

Med opninga av dei tidlegare sovjetiske arkiva, har historikarane ikkje berre fått bryna seg på nytt kjeldemateriale, men også måtar å tenkja på og om Komintern. Dei siste åra har det difor kome andre viktige bidrag som byggjer vidare på denne dynamiske forståinga av forholdet mellom Komintern og dei nasjonale seksjonane som vart skissert ovanfor. Særleg har bruken av komparasjon av medlemspartia vorte brukt som ein metodisk tilnæringsmåte, for å få fram skilnader mellom partia og i dei lokale og nasjonale tilhøva.¹⁶

Metodisk tilnærming: organisasjonsmodell

Metode i historiefaget er det verktøyet ein historikar brukar for å analysera kjeldematerialet. I framstillinga brukar eg ein organisasjonsmodell for bolsjeviseringsprosessen til å analysera korleis og i kva grad interaksjonsprosessen mellom Komintern og NKP gjekk føre seg på det kvinnepolitiske området i partiet. Målet er å visa at NKP hadde handlingsrom til å utforma sin eigen kvinnepolitikk, og å visa kva for kontroll- og styringsmekanismar Komintern hadde andsynes den norske seksjonen.¹⁷ Ein modell er ei forenkla framstilling av eit fenomen, og må sjåast på som eit apparat som kan hjelpe oss å sjå korleis eit fenomen kan ha vore.¹⁸ Eg har skissert opp ein modell der maktforholdet i bolsjeviseringsprosessen vert analysert ved bruk av subjektive og objektive faktorar.

I prinsippet var NKP likestilt med dei andre seksjonane i Komintern. I praksis var den grunnleggjande føresetnaden for kontrollen over NKP var at NKP vart plassert lågare enn dei store seksjonane på rangstigen i Komintern. Denne rangordninga vart forsterka ved dei leninistiske prinsippa for kommunistisk organisering, særleg den demokratiske sentralismen og fraksjonsforbodet, men også av avstanden mellom Sovjetunionen og Noreg. Det var ei avhengigheit mellom dei to nivåa. Komintern var avhengige av at NKP støtta opp under det kommunistiske internasjonale prosjektet Komintern representerte. For NKP var tilhøyrsla til Den kommunistiske internasjonale sjølve livsgrunlaget for partiet, og markerte det reelle og formelle skiljet mellom NKP og DnA.

Sjølve limet i avhengigheita mellom Komintern og medlemspartia var den subjektive faktoren som kan kallast den *kommunistiske lojaliteten*. Dei nasjonale seksjonane i Komintern kjende ein lojalitet til Sovjetunionen. Landet var det einaste som hadde gjennomført ein

¹⁶ Mellom anna T. Saarela og K. Rentola (red.), *Communism. National & International*, 1998, M. Narinsky og J. Rojahn (red.), *Centre and Periphery: The History of the Comintern in the Light of New Document*, 1996, og T. Rees og A. Thorpe (red.), *International Communism and the Communist International 1919-45*, 1998.

¹⁷ Modellen er bygd vidare frå hovudfagsoppgåvene i historie (begge ved Universitetet i Oslo) av O. M. Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et "Labour Party" i Norge årene 1925-26*, 2000, og E. Hansen, *NKP og Komintern under den tidlige fasen av Kominterns "tredje periode" 1927-1930*, 2006.

¹⁸ K. Kjeldstadli, 2003, s. 132.

vellukka revolusjon og var førebiletet for kommunistpartia. For å bruka den danske historikaren Morten Thing sine ord: Sovjetunionen var det ”realiserte Utopia”.¹⁹ Denne kommunistiske lojaliteten kunne få ulike utslag. Isaac Deutscher har skildra det som ein skyldnad andsynes Sovjetunionen, og som ei kjensle av hjelpeløyse. Eric Hobsbawm har ei positiv skildring, der partia kjende ein entusiasme i å vera med i eit kommunistisk, verdsomspennande parti, og som ein lojalitet til internasjonalsmen.²⁰ Både den negative og den positive sida ved den kommunistiske lojaliteten var ei drivkraft i bolsjeviseringa.

Dei objektive faktorane i bolsjeviseringsprosessen er langt lettare å identifisera enn den subjektive. Den politiske kontrollen med NKP vart ført gjennom *parolar* og *resolusjonar* i Komintern som avgjorde politikken til NKP. Mellom kongressane og plenumsmøta i Komintern, var *telegram* og *brev* til NKP viktige kontrollmekanismer. *Opne brev* i partipressa var ein meir sjeldan kontrollmekanisme, for gjennom dei opne breva vart Kominterns kritikk og evalueringar av NKP gjort kjende til medlemmene i partiet. Når ei konkret sak skulle utgreiast, kunne Komintern setja ned *kommisjonar*, med deltaking frå det aktuelle kommunistpartiet og med representantar frå Komintern-apparatet. *Utsendingar frå Komintern* kunne verta beordra til Noreg for samråding med NKP. Gjennom personleg press spelte utsendingane ei viktig rolle i Kominterns kontroll over politikktutforminga i NKP. Personar i NKP vart sendt til Moskva, både på *kurs*, for å ta *utdanning* og på *delegasjonsreiser* som kunne vera i samband med plenumsmøta, men også i samband med delegasjonsreiser som vart skipa til av frontorganisasjonar. Komintern hadde også høve til å beordra ”vanskelege” medlemmer til Moskva, og Komintern kunne også påverka NKP til å *ekskludera* medlemmer. Den økonomiske støtta – ”Gullet frå Moskva” – var ein objektiv faktor i bolsjeviseringa, og med økonomisk støtte fylgde det også at Komintern kunne setja i verk *økonomiske sanksjonar*.

Kjelder og kjeldeproblematikk

Dei fleste kjeldene i framstillinga er henta frå Kominterns arkiv som finst i *Det russiske statsarkivet for sosial og politiske historie* i Moskva, forkorta RGASPI etter det russiske namnet.²¹ Arkivmaterialet til NKP forsvann under andre verdskrigen, men på grunn av den omfattande korrespondansen mellom NKP og Komintern har RGASPI kjelder frå denne perioden. Eg har konsentrert meg om tre arkivavdelingar: NKPs arkiv, materialet som

¹⁹ M. Thing, ”The Signs of Communism – Signs of Ambiguity: Language and Communism”, i Tauno Saarela og Kimmo Rentola (red.), *Communism. National & International*, 1998, s. 243.

²⁰ K. McDermott og J. Agnew, 1996, s. 59-60.

²¹ Rossijskij gosudarstvennyj arkhiv sotsialno-polititsjeskoj istorii.

omfattar norske saker i *Skandinavische Ländersekretariat* i perioden og det internasjonale kvinnesekretariatets korrespondanse med NKP. Skandinavische Ländersekretariat vart oppretta i 1926 for å halda kontinuerleg kontakt mellom EKKI og dei skandinaviske kommunistpartia. Kjeldene frå RGASPI som har vorte brukt i denne framstillinga har i hovudsak vore på tysk, som var arbeidsspråket for skandinaviske saker i Komintern, men ein del av kjeldene er også på norsk.

Ei skildring av arkivsystemet i RGASPI er naudsynt for å kunna lesa referansane i framstillinga. RGASPI brukar eit firedelt system med russiske namn. Fyrst er arkivmaterialet inndelt i samlingar (russisk: fond), så i arkivavdelingar (opis), mapper (delo) og sider (list). Arkivet til NKP har nøkkelkoden fond 495, opis 178. Når eg viser til kjelder frå RGASPI, vert fylgjande mønster brukt: F. 495, o. 178, d. 28, l. 17.

Materialet frå RGASPI er spreitt i tid, form og type. I hovudsak består materialet av korrespondanse frå NKP til Komintern og omvendt, men også referat frå møte i ulike styre i NKP, som kvinnesekretariatet, sentralstyret, agit.prop og pol.byrået. Desse kjeldene er for det meste interne vurderingar, oppsummeringar og diskusjonar om politiske strategiar i NKP. I tillegg finst ein god del brev som vart sende frå NKP-leiinga til partiavdelingane og kvinneutvala i partiet.

Sjølv om opninga av arkiva i Russland har gjeve historikarane nye høve til å utforska interaksjonen mellom Komintern og seksjonane, har nok ikkje arkivmaterialet gjeve dramatiske endringar i synet på dette tilhøvet, men har heller vore med på å korrigera og nyansera biletet. Slik historikaren Kevin McDermott seier det er RGASPI er ein av mange stader med kjelder som må supplerast med andre kjelder i forkinga om Komintern og seksjonane.²² Difor vert avismaterialet som er undersøkt nesten like viktige som kjeldene frå RGASPI. Eg har sett på tre aviser som vart utgjeve av NKP. *Norges Kommunistblad* var hovudorganet for partiet og kom ut i Oslo. I 1929 gjekk avisa inn på grunn av økonomiske problem, og vart erstatta av avisa *Arbeideren*. *Arbeidet* var avisa til NKP i Bergen, og er gjennomgått for heile perioden 1923–1930, på lik linje med *Norges Kommunistblad/Arbeideren*. *Gnisten*, kvinneavisa til NKP, er gjennomgått for den perioden avisa kom ut, frå 1925 til 1930. *Gnisten* var den viktigaste bindelekkjen mellom husmorlaga og kvinnesekretariatet, og stoffet i avisa er variert. Hovudorganet *Norges Kommunistblad/Arbeidet* var ein viktig arena for NKP-leiinga for å offentleggjera politiske vedtak, medan stoffet som omhandlar kvinnepolitiske saker i Bergen-avisa *Arbeidet* er meir

²² K. McDermott, "The history of the Comintern in the light of new documents", i T. Rees og A. Thorpe (red.), *International communism and the communist International 1919-43*, 1998, s. 31-41.

diskusjonsprega. Når det gjeld kjelder om husmorlaga, finst det ingen interne kjelder (møteprotokollar og liknande) frå nokre husmorlag. Truleg forsvann det materialet som eventuelt har funnest også under andre verdskrigen. Men både *Norges Kommunistblad* og *Arbeidet* hadde eigne kvinnespalter eller kvinnesider der husmorlaga kunne senda inn stoff – det kunne vera alt frå referat frå møte i husmorlaga til lesarinnlegg. Desse kvinnespaltene var ikkje regelmessig på trykk i avisene, og det er difor ein viss fare knytt til å bruka det innsendte materialet til partipressa som eit uttrykk for det interne arbeidet og dei interne meiningsbrytingane i husmorlaga.

Eg har også teke for meg NKPs teoretiske tidskrift *Proletaren*, og trykte kjelder som finst på Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek (Arbark) som til dømes landsmøteprotokollar.

I tillegg har eg teke for meg to Komintern-publikasjonar. Frå *Internationale Presse-Korrespondenz (Inprekorr)* har eg sett på det materialet som omhandlar norske saker, og som finst på Arbark i Oslo, og det som finst om norske tilhøve i *Inprekorr* på det Internasjonale instituttet for sosialhistorie i Amsterdam.²³ I *Inprekorr* vart utførelege referat frå dei internasjonale kvinnekonferansane i Komintern og andre internasjonale tilskipingar trykt. *Die kommunistische Fraueninternationale* var avisa til det internasjonale kvinnesekretariatet i perioden 1920–1925. Denne avisa finst ikkje i arkiv i Noreg, og vart bestilt frå Staats- und Universitätsbibliothek i Hamburg.

Det å studera ein interaksjon mellom to organisasjonar kan by på problem. Fordi mange av kjeldene ikkje fysisk finst i Noreg, har eg hatt avgrensa høve til å gå tilbake og sjekka opplysningar frå kjeldene. Det er materialet frå RGASPI, Amsterdam og Hamburg som eg har kopiert og skrive ned som dannar store delar av kjeldegrunnet. I handsaminga av kjelder som byggjer på korrespondanse, kan ein aldri vera sikker på om breva og rapportane faktisk nådde fram til mottakaren, og om korrespondansen vart sendt. Likevel kan slike kjelder ha interesse fordi dei fortel om oppfatningar om korleis stoda for kvinnearbeidet var i NKP. I studiet av kjeldematerialet som er grunnlaget for denne framstillinga har det nokre gongar også vore ein grad av uvisse i høve til datering av kjeldene, og manglande ”hol” i korrespondanserekkeja. Noko stort problem har dette likevel ikkje vore, fordi tidsfestinga har late seg sjekka opp mot andre kjelder.

Ein annan kjeldeproblematikk er knytt til det språklege. Fordi mange av kjeldene som finst i RGASPI fyrst vart omsette frå norsk og til tysk av NKP eller i Komintern-apparatet, og

²³ Eg har brukt artikkelen ”Norske forhold i Komintern-publikasjoner 1919-1930. En bibliografi”, av E. Lorenz, i *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 1981, s. 199-208 som eit hjelpemiddel for navigera i stoffet i *Inprekorr*.

eg omset kjeldene tilbake til norsk, kan ein seia at kjeldene har vore gjennom ei dobbel fortolking. Viktige sitat står difor på tysk i framstillinga for å ikkje skapa unødig forvirring hos lesaren, og einskilte namn, som Skandinavische Ländersekretariat, har vorte ståande for å visa originaliteten til kjeldene.

Disponering av oppgåva

Neste kapittel gjev ein presentasjon av dei viktigaste prinsippa for kvinnearbeidet i Komintern. Retningslinjene for arbeidet som vart vedteke av EKKI i november 1920 var det viktigaste styringsdokumentet for kvinnepolitikken i Komintern-partia gjennom heile perioden. Kapitlet kjem dimed også innom viktige marxistiske prinsipp for kvinneorganiseringa.

Kapittel 3 tek for seg framveksten av Kvindeforbundet, forholdet mellom Kvindeforbundet og DnA, og forholdet mellom Det internasjonale kvinnesekretariatet og Kvindeforbundet. Då Kvindeforbundet i februar 1923 la ned den landsomfemnande kvinneorganisasjonen sin, men ikkje dei lokale kvinneforeiningane, oppfylte dei berre halvvegs krava frå Komintern, og kapitlet ser på reaksjonane frå Komintern på dette.

Kapittel 4 tek for seg sjølvstendefasen (1923–1924) for det nye partiet NKP etter splittinga i november 1923, og fokuserer på korleis NKP løyste utfordringa med å inkorporera kvinneforeiningane i partiet ved å laga husmorlag og kvinnegrupper. Det var i sjølvstendefasen at ideen om husmorlaga oppstod. I kapitlet vert det også sett på korleis kvinnene i NKP arbeidde med einskapsfrontar, særleg mot den borgarlege organisasjonen *Kvindenes enhetsfront*.

Kapittel 5 omhandlar bolsjeviseringsfasen 1925–1927. Bolsjeviseringa som vart vedteke på NKPs landsmøte i 1925, innebar mellom anna at partistrukturen skulle endrast til ei oppbygging av celler, der bedriftscellene var grunneininga i partiet. Det var etter denne omlegginga at fleire husmorlaga var skipa, og i denne fasen fekk husmorlaga sin organisatoriske struktur. Kapitlet ser også på oppstarten av kvinneavisa *Gnisten* og kvinnespaltene i partipressa. På husmorlagskonferansen i NKP i 1927 vart den sovjetiske arbeidsmåten med delegatforsamlingssystem vedteke som den viktigaste metoden for å mobilisera dei kvinnelege industriarbeidarane til partiet, og kapitlet viser korleis NKP freista ta i bruk systemet.

Kapittel 6 tek for seg det eg har kalla ultravenstrefasen (1928–1930). Fokuset i kapitlet ligg på nedgangen i det sentrale kvinnearbeidet i NKP og i Komintern. Denne nedgangen vert analysert i høve til kor samanvove han var med overgangen til politikken i

Kominterns ”tredje periode” (1928–1933), der Komintern og medlemspartia slo inn på ein venstrekurs.

Som siste kapittel presenterer kapittel 7 ei oppsummering og samanfattande konklusjonar.

2. Grunnlaget for Kominterns kvinnepolitikk

Den kommunistiske internasjonale, også kjend som Den tredje internasjonale og Komintern, vart skipa i mars 1919 i Moskva. På skipingskongressen til Komintern vart det vedteke ei fråsegn om arbeidet mellom kvinnene. Fråsegna var kort, men slo fast at for å gjennomføra verdsrevolusjonen var det naudsynt at kvinner deltok i klassekampen slik at proletariatet kunne sigra. Skipingskongressen tok ikkje noko nærare opp spørsmålet om kvinneorganisering eller arbeidet mellom kvinnene.²⁴ Men så bar også skipingskongressen preg av kongressen var innkalla kort tid i førevegen, og formaliserte strukturar for Komintern kom fyrst i åra etterpå.²⁵

Tidlegare arbeidarinternasjonalar og kvinnepolitikk

Komintern hadde namnet sitt etter dei tidlegare arbeidarinternasjonalanane. Den fyrste internasjonale var skipa i 1864, med Karl Marx i ei leiande rolle. Etter strid mellom anarkistar og marxistar gjekk den fyrste internasjonalen i oppløysing i 1872. Den fyrste internasjonale hadde ikkje noko kvinneorganisering, og var heller ikkje særskild oppteken av kvinnespørsmål, med unnatak av spørsmålet om gifte kvinners rett til løna arbeid. Ein del av internasjonalen meinte at kvinner hadde rett til løna arbeid – retten til arbeid var ein ”heilag” rett som ikkje kunne nektast kvinnene. Gjennom arbeidet vart kvinna uavhengig og oppnådde vørndnad. Fleirtalet i Den fyrste internasjonale meinte derimot at løna arbeid utanfor heimen ikkje kunne verka frigjerande for kvinnene. Arbeidarkvinnene vart frie gjennom at den mannlege arbeidaren vart fri – kvinnenens emansipasjon var som husmødrer. Kvinner i arbeid øydela både for kvinnene sjølve og for arbeidarklassen som heilskap sidan kvinner med lange arbeidsdagar i industrien og låge løner gjorde at kvinnene ikkje fekk teke seg godt nok av familien og hushaldet. Kvinnene i industrien vart dårlegare lønna enn dei mannlege arbeidarane, noko som senka lønsnivået og var med på å forverra levekåra for heile arbeidarklassen. Men i staden for å arbeida i fagforeiningar saman med mennene for å betra arbeidsforholda, slik mindretalet i internasjonalen meinte, var fleirtalet for eit forbod mot gifte kvinner i lønsarbeid.²⁶

²⁴ ”Beschluss über die Notwendigkeit der Heranziehung von Arbeiterinnen zum Kampf für den Sozialismus”, i L. Bendtsen, *Kominterns kvindepolitikk 1919-1928*, 1979, s. 10.

²⁵ K. McDermott og J. Agnew, *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin*, 1996, s. 13-14.

²⁶ L. Bendtsen, 1979, s. 1-3 og D. Dahlerup, *Socialisme og kvindefrigjørelse i det 19. århundrede*, 1973, s. 175-180.

Den andre internasjonale var skipa i 1889 og var ein laus føderasjon av autonome sosialistiske parti. Det tyske sosialdemokratiske partiet, *Sozialdemokratische Partei Deutschlands* (SPD), var det største og mest velorganiserte partiet i internasjonalen. Både i SPD og i den andre internasjonale var Clara Zetkin (1857–1933) den fremste kvinneteoretikaren og -organisatoren. Zetkin kom til å spela ei av hovudrollene i den proletariske kvinnerørsla – også i Komintern – heilt fram til ho døydde i 1933. Zetkin kombinerte og utfylte dei tidlegare marxistiske tankane om kvinnefrigjering. Marx og Engels hadde slege fast at kvinnene fyrst kunne verta frie i det sosialistiske samfunnet, og August Bebel hadde understreka at frigjeringa for kvinnene var ein føresetnad for etableringa av det sosialistiske samfunnet. Dei største bidraga til Zetkin var distanseringa frå dei borgarlege kvinnerørslene og tankane om korleis kvinnene skulle organiserast i dei sosialistiske partia.

På skipingskongressen til andre internasjonale i Paris heldt Clara Zetkin talen ”Für die Befreiung der Frau”. Her slo ho fast dei grunnprinsippa som skulle koma til å prega kvinnepolitikken i SPD, og i andre og tredje internasjonale. Framfor alt var talen ei oppmoding til mennene i arbeidarklassen om å innsjå at dei hadde felles interesser med det store fleirtalet av kvinnene. Zetkin bygde vidare på Marx og Engels’ idear om at kvinna var økonomisk avhengig av mannen og av kapitalen. Gjennom arbeidet ville kvinna verta økonomisk uavhengig frå mannen, og gjennom opphevinga av privateigedomen ville kvinna verta fri frå kapitalens undertrykking. Trua på frigjering gjennom arbeid, deltaking i det offentlege livet og politisk aktivitet var essensiell for Zetkin.

Dei borgarlege kvinnerørslene hadde ei manglande evne til å føra kvinner fram til full frigjering, meinte Zetkin. Det var ikkje nok at kvinner fekk dei same juridiske rettane som mennene slik dei borgarlege kvinnerørslene hevda. Klasseskilnadene som fanst mellom kvinnene var like avgjerande for klassekampen som klasseskilnadene mellom mennene. Arbeidarkvinnerenes kamp var ikkje kamp mot mennene, men ein kamp saman med den mannlege arbeidarklassen mot kapitalistane. I talen slo Zetkin fast behovet for å ha særskilde organiseringar som skulle arbeida politisk mellom kvinnene innanfor den sosialistiske rørsla. Kvinnene stod tilbake for mennene, dei hadde ikkje eit godt nok utvikla klassemedvit, men gjennom politisk skulering skulle kvinnene vinna klassekjensle og kampvilje. Utan skulering ville kvinnene verka som ei konservativ og hindrande kraft i klassekampen.²⁷

²⁷ R. Stites, *The Women’s Liberation Movement in Russia. Feminism, Nihilism and Bolshevism 1860-1930*, 1991, s. 236, og D. Dahlerup, 1973, s. 269ff.

Den internasjonale sosialistiske kvinnerørsla

I 1907 vart den fyrste internasjonale konferansen for kvinner innan Den andre internasjonale halden i Stuttgart.²⁸ Fleire viktige spørsmål var oppe til diskusjon på konferansen: Røysterett for kvinner, kvinners rett til løna arbeid og prinsippet om partia skulle ha særskilde organ for å arbeida mellom kvinnene. Seinare vart det halde konferansar i 1910 og 1914. Frå 1907 fungerte Zetkin som sekretær i det internasjonale kvinnesekretariatet innan Den andre internasjonale.²⁹

I 1891 vart Zetkin redaktør for avisa *Die Gleichheit*, kvinneavisa i SPD. Avisen utvikla seg til å verta organet for heile den internasjonale sosialistiske kvinnerørsla. Organet vart kritisert for å vera vanskeleg tilgjengeleg; det var meint for skulering – ikkje agitasjon – og hadde ei konsekvent antikrigslinje og vart difor også organet for venstresida i SPD. I 1917 vart Zetkin tvungen til å gå av som redaktør, og tidskriftet fekk eit lettare tilgjengeleg innhald.³⁰ Avisen var bygd på ei korrespondentordning med kvinnelege korrespondantar i fabrikkane.³¹ Krigsmotstand var det viktigaste arbeidet for kvinnerørsla i Den andre internasjonale, i fylgje Lisbeth Bendtsen. Dette kom til uttrykk i at det var kvinnene som arrangerte den fyrste antikrigskonferansen etter utbrotet av krigen, i Bern i 1915.³²

Dei ideologiske stridsspørsmåla, utbrotet av fyrste verdskrig, i tillegg til den lause samlinga av autonome nasjonale parti med få moglegheiter til felles handlingar, tappa den andre internasjonale for krefter. Ved krigsutbrotet støtta dei sosialdemokratiske partia i dei krigførande landa opp under politikken til regjeringane i landa, noko som også splitta kvinnerørsla. Krigsmotstandarane i SPD samla seg i miljøet kring *Die Gleichheit* og den internasjonale sosialistiske kvinnerørsla. Då splittinga i SPD kom, gjekk ein del av kvinner inn i *Unabhängige Sozialdemokratische Partei Deutschlands*, og seinare inn i *Kommunistische Partei Deutschlands* (KPD), der desse kvinnene utgjorde eit erfarent miljø som skulle koma til å leggja føringane på kvinnepolitikken i Komintern.³³

²⁸ L. Bendtsen, 1979, s. 7. På grunn av den leiande rolla Clara Zetkin spelte, både i SPD og i Den andre internasjonale, og også på grunn av styrken SPD hadde i internasjonale, er det ein generell tendens til at litteraturen (m.a. L. Bendtsen, 1979) har blanda saman kvinnepolitikken og -arbeidet i SPD og Den andre internasjonale.

²⁹ R. Stites, 1991, s. 237-238.

³⁰ E. Andersen m.fl. (red.), *Arbejderkvinder i alle lande... Et Clara Zetkin-udvalg*, 1974, s. 18-19.

³¹ R. Stites, 1991, s. 238.

³² L. Bendtsen, 1979, s. 7-8.

³³ L. Bendtsen, 1979, s. 8.

Den kommunistiske kvinnerørsla: Politisk og organisatorisk oppbygnad

Den fyrste kvinnekonferansen i Komintern vart halden 30. juli–2. august 1920 i Moskva. 25 delegatar frå 19 land møtte, mellom anna Sigrid Syvertsen og Augusta Aasen frå den norske seksjonen DnA.³⁴ Eit av dei viktigaste spørsmåla på konferansen var utforminga av retningslinjene for den kommunistiske kvinnerørsla, som kom til å verta det politiske grundokumentet for Kominterns kvinnepolitikk.³⁵ Kvinnekonferansen vart skipa til under den andre verdskongressen i Komintern. Meininga var at retningslinjene skulle verta vedtekne på verdskongressen. Men fordi Clara Zetkin ikkje var til stades på kvinnekonferansen, og det var ho som skulle redigera retningslinjene, vart dei fyrst vedtekne av Eksekutivkomiteen (EKKI) i Komintern 8. november 1920.³⁶ Tidlegare på året hadde den 64-årige Clara Zetkin vorten peikt ut av EKKI til internasjonal sekretær for den kommunistiske kvinnerørsla.³⁷

Den andre verdskongressen vedtok 21 opptakskrav for medlemskap i Komintern, som i Noreg vart kjend under namnet *Moskva-tesane*. Moskva-tesane har vorte sett på som byrjinga på bolsjeviseringa av Komintern, der seksjonane skulle læra av røynslene den russiske seksjonen hadde gjort seg i revolusjonen.³⁸ Tesane stilte mellom anna krav om reindyrking av den leninistiske partimodellen, bruk av demokratisk sentralisme, at partia skulle ha ”kommunistisk” i partinamnet, individuelt medlemskap og ikkje minst at partia skulle fylgja avgjerdene til Eksekutivkomiteen. For kvinnerørsla var nok retningslinjene og dei følgjande vedtaka frå den tredje verdskongressen i 1921 (”Metoder og former for arbeidet mellom kvinnene”³⁹) viktigare enn Moskva-tesane, sidan desse dokumenta utdjupa korleis kvinnearbeidet i seksjonane skulle organiserast. Men den sentraliserande prosessen der kommunistpartia skulle reindyrkast etter den leninistiske partimodellen som fylgde i kjølvatnet av Moskva-tesane, fekk også følgjer for kvinnearbeidet.⁴⁰

Det politiske innhaldet i retningslinjene

Retningslinjene bygde vidare på analysen til Friedrich Engels i *Familiens, privateiendommens og statens opprinnelse* (1884). Retten til privateigedom var den djupaste rota til menneses rettar, og den stillinga mennene hadde over kvinnene. Med framveksten av den private

³⁴ S. Syvertsen og T. Thorleifsen, *Kvinner i strid. Historien om Arbeiderpartiets kvinnebevegelse*, 1960, s. 109-111. Augusta Aasen døydde i ei flyulukke under konferansen i Moskva, berre 42 år gamal.

³⁵ ”Retningslinier for den kommunistiske kvindebevegelse”, i E. Andersen m.fl. (red.), 1974, s. 137-165.

³⁶ E. H. Carr, *Socialism in one Country 1924-1926*, 1964, s. 976-977.

³⁷ L. Bendtsen, 1979, s. 10.

³⁸ K. McDermott og J. Agnew, 1996, s. 43.

³⁹ ”Methods and Forms of Work among Communist Party Women: Theses”

<http://www.marxists.org/history/international/comintern/3rd-congress/women-theses.htm> (9. april 2008)

⁴⁰ K. McDermott og J. Agnew, 1996, s. 17ff.

eigedomsretten vart kvinner og born eigedomane til mennene. På grunnlag av eit menneske sitt herredømme over eit anna vart klassemotsetnadene danna. Kvinna vart utan rettar i familien og i det offentlege, og ho vart forvist til å arbeida med hushald og familie. To forhold måtte, i fylgje retningslinjene, oppfyllest for at kvinna skulle oppnå den same stillinga som mennene i samfunnet. For det fyrste måtte privateigedomsretten til produksjonsmidla opphevast. Samfunnet skulle eiga produksjonsmidla. For det andre måtte kvinna arbeida i samfunnsmessig vareproduksjon, utan utbytting og undertrykking.⁴¹

I *Kvinna og sosialismen* (1878) av August Bebel fann Komintern grunnlaget for å skilja krava til dei borgarlege feministane frå si eiga oppfatting av kvinnefrigjeringa. Sjølv om Bebel ikkje tok totalt avstand frå dei feministiske krava som røysterett og utdanning, meinte han at krava ikkje kunna føra fram til full frigjering av kvinnene. Clara Zetkin gjorde skiljet mellom den feministiske kvinnesaksrørsla ("Frauenbewegung") og rørsla til arbeidarkvinnene ("Arbeiterinnenbewegung") klårare. Krav som røysterett og rett til utdanning kunne vera vel og bra for kvinnene i arbeidarklassen, men dei var berre *midlar* som gjorde arbeidarkvinnene betre rusta til å gå inn i klassekampen saman med mennene. For borgarlege kvinnerettsforkjemparar var slike reformer eit *mål* i seg sjølv. Fordi kvinna var ein slave under mannen og under kapitalismen, kom ikkje røysterett og andre krav til å endra på forholdet. Det var kapitalismen som var grunnlaget for underordninga av kvinnene. Fyrst når kapitalismen forsvann og vart erstatta med ei ny samfunnsordning, kunne kvinnene verta likestilte med mennene. Den totale avvisinga av krava til dei borgarlege feministane var taktisk fundert frå Zetkin si side, dels for å skilja seg frå dei borgarlege kvinneforeiningane i samtidas Tyskland, dels fordi ho meinte at avvisinga ville få mennene i arbeidarklassen til sjå på arbeidarklassekvinnene som sine allierte.

Organisatorisk oppbygnad av medlemspartia

I retningslinjene vedgjekk Komintern at Den andre internasjonale hadde gjort eit verdfullt og framsynt arbeid ved å propagandera for like rettar for kvinner. Det var ein kontinuitet i arbeidet: Komintern bygde vidare på kvinnearbeidet i andre internasjonale, men Komintern ville bringa arbeidet mellom kvinnene opp til eit høgare trinn i historia. Kvinnearbeidet hadde vore for sjølvstendig i dei ulike medlemspartia. Den andre internasjonale hadde ikkje hatt eit organ med oppgåve å koordinera og kontrollera arbeidet i dei ulike landa. Kvinnene hadde delteke på kongressane i Den andre internasjonale, men hadde ikkje hatt dei same formelle

⁴¹ "Retningslinier for den kommunistiske kvindebevægelse", 1974, s. 137-138.

rettar som mennene, og i leiinga for internasjonalen, *Internasjonalt byrå*, hadde den sosialistiske kvinneinternasjonalen ikkje hatt møte- og røysterett.

Hovudprinsippa for kvinneorganiseringa i Komintern var at kvinnene som var med i eit kommunistisk parti ikkje skulle stå samanslutta i egne foreiningar, men vera opptekne som medlemmer med same rettar og plikter som mennene. Kvinnene skulle aktiviserast i arbeidet i alle partiorgan. Struktura for kvinneorganiseringa i partia var at det – frå toppen av partiet og heilt ned til lokale partiavdelingar – skulle finnast *kvinneutval* som hadde til oppgåve å agitera, skulera og samla støtte til partiet mellom kvinnene. Menn kunne også vera medlemmer i desse utvala. Lokal- og distriktsutvala skulle bestå av fem til sju medlemmer, og skulle ha representantar i dei lokale partistyra og i distriktsstyra.

Partia skulle ha eit landsutval og eit kvinnesekretariat. Oppgåvene til kvinnesekretariatet var fyrst og fremst å agitera mellom arbeidarkvinnene slik at dei fekk eit høgare nivå av klassemedvit, og at kvinnene forplikta seg til å driva revolusjonært arbeid. Sekretariatet hadde også ansvar for å gje ut eit tidsskrift for arbeidarkvinnene, halda kontakt med kvinneutvala, med partileiinga og med det internasjonale kvinnesekretariatet.

Arbeidsoppgåvene for medlemspartia

I retningslinjene vart medlemspartia i Komintern delt inn i tre kategoriar: for det fyrste der kor proletariatet hadde erobra statsmakta (Russland), for det andre dei landa der proletariatet kjempa for å erobra statsmakta (som Noreg) og for det tredje dei landa som var på eit før-kapitalistisk utviklingsstadium. For Noreg og landa i same kategori, var den viktigaste oppgåva å syta for at kvinnene vart tekne opp som fullverdige medlemmer, med like rettar og plikter som dei mannlege medlemmene, i fagforeiningane, i dei kooperative organisasjonane og i alle partiorgan. Dei breie massane av proletariatet og småbøndene måtte vinnast for deltaking i revolusjonære kampar og aksjonar, og slik kunne klassemedvitet deira verta styrkt. Andre oppgåver til partia var å arbeida for likestilling mellom kjønna, andsynes lovverket og på alle område i det private og offentlege livet. Kvinner skulle ha lik løn for likt arbeid, og dei skulle ha same moglegheiter for utdanning og løna arbeid som mennene. Dei faglege rettane for kvinner, som til dømes vern under graviditet, måtte forsvarast av partia, og partia skulle arbeida for at det vart oppretta institusjonar i byane og på bygda som kunne avlasta den yrkesaktive kvinna. Slik kunne oppseding av barn verta eit samfunnsansvar og ikkje berre eit privat ansvar. Men retningslinjene understreka også at partia skulle gå inn ”for anderkendelsen og værdsættelsen af moderens opgave som en samfunsmæssig præstation.”

Sjølv om partia skulle arbeida for røysterett for kvinner var det viktig at partia nderstreka at det borgarlege demokratiet hadde ein avgrensa verdi for proletariatet. Proletariatet skulle overvinna parlamentarismen og det borgarlege demokratiet gjennom sovjetar (arbeidarrådsorgan) og arbeidarklassens diktatur.

Partia skulle opplysa kvinnene om den tilbakeståande karakteren husarbeidet hadde. Husarbeidet var kapitalismens utnytting av hushaldet, for når kapitalistane rekna med at arbeidet i heimen vart gjort gratis, var det eitt av dei midla som vart brukt for å halda nede løna til mennene. Husarbeidet førte til at kvinna vart både andeleg og politisk tilbakeståande sidan det hindra henne i å taka del i samfunnslivet. Partia måtte difor skulera kvinnene politisk når dei vart partimedlemmer, ut frå ei vurdering av kvinnaas ”(...) åndelige og moralske egenart, hendes historisk givne tilbakeståenhet og den særstilling, hun ofte indtager på grund av husarbeidet.”⁴²

Det internasjonale kvinnesekretariatet i Komintern

Det fyrste kvinnesekretariatet vart vald av Eksekutivkomiteen (EKKI) i november 1920, med Clara Zetkin som genralsekretær.⁴³ I fylgje retningslinjene skulle det internasjonale kvinnesekretariatet ha tre til fem kvinnelege medlemmer. Medlemmene vart føreslegne på dei internasjonale kvinnekonferansane, men valde av verdskongressane i Komintern eller EKKI. IKS skulle stå i nært samband med EKKI. Avgjerdene som IKS tok måtte vera i samsvar med politikken til EKKI, og avgjerdene var bundne til at EKKI gav sitt samtykke.⁴⁴ Ein representant frå IKS skulle ta del i alle møte og aktivitetar i EKKI med rådgjevande røysterett, og med avgjerande røysterett i dei sakene som galdt kvinnerørsla. Den fyrste tida var det Aleksandra Kollontaj som representerte IKS i EKKI, men etter deltakinga hennar i *Arbeidaropposisjonen* vart Kollontaj erstatta av Sofia Smidovitsj i mai 1922.⁴⁵

⁴² ”Retningslinier for den kommunistiske kvindebevægelse”, 1974, s. 158.

⁴³ Det er motstridande opplysingar om kven som sat i det fyrste kvinnesekretariatet i Komintern. Bayerlein meiner at Clara Zetkin, Aleksandra Kollontaj, engelske Dora Montefiore og nederlandske Henriette Roland-Holst sat i det fyrste sekretariatet. Men Bayerlein har funne andre opplysingar i andre kjelder som seier det var åtte medlemmer i kvinnesekretariatet: seks russiske representantar (Nadezjda Krupskaja, Aleksandra Kollontaj, Zlata Lilina, Konkordija Samojlova, Ludmila Stal, Similova), i tillegg til Roland-Holst og sveitsiske Rosa Bloch. I tillegg var Clara Zetkin generalsekretær. B. H. Bayerlein, ”Zwischen Internationale und Gulag. Präliminarien zur Geschichte der internationalen kommunistischen Frauenbewegung (1919-1945). Teil 1”, i *The International Newsletter of Communist Studies Online*, 2006, s. 31. Bendsen hevdar derimot at tre kvinner frå Russland (Zlata Lilina, Varsenika Kasparova og Aleksandra Kollontaj), Clara Zetkin og Hertha Sturm frå Tyskland, i tillegg til Louise Colliard frå Frankrike sat i det fyrste kvinnesekretariatet. L. Bendsen, 1979, s. 23.

⁴⁴ ”Retningslinier for den kommunistiske kvindebevægelse”, 1974, s. 163.

⁴⁵ B. H. Bayerlein, 2006, s. 33. Under borgarkrigen leia Sofia Smidovitsj Zjenotdel-avdelinga i Moskva, og var leiar i Zjenotdel frå 1922-1924. B. E. Clements, *Bolshevik women*, 1997, s. 267-268.

Oppgåvene til det internasjonale kvinnesekretariatet var konkretiserte i retningslinjene. IKS skulle halda kontakt med landskvinneutvala frå dei ulike partia og etablera kontakt mellom utvala. Sekretariatet skulle samla kommunistisk kvinne- og partilitteratur frå dei forskjellige landa, som mellom anna kvinnesidene i den kommunistiske pressa, tidsskrift og flygeblad, og syta for at dei vart utveksla landa seg imellom. IKS gav ut eit internasjonalt informasjonsorgan, *Die Kommunistische Fraueninternationale*, ei månadleg avis i perioden 1921–1925. Sekretariatet hadde også ansvaret for å kalla inn til internasjonale konferansar for kommunistiske kvinner. I tillegg til dei internasjonale konferansane, var målet å byggja opp eit nettverk av internasjonale korrespondentar i dei ulike medlemspartia som skulle rapportera til IKS om viktige hendingar og vedtak, minst kvar tredje månad.

Arbeidsdelinga i det internasjonale kvinnesekretariatet var geografisk inndelt, og organet hadde to hovudkontor fram til 1924, eitt i Moskva og eitt i Berlin, då heile sekretariatet vart flytta til Moskva. På den andre internasjonale kvinnekongressen i juni 1921 vart arbeidsfordelinga vidare spesialisert i seks geografiske område med kvar sin sekretær.⁴⁶ Drivkreftene i Berlin-avdelinga med ansvar for Europa var Clara Zetkin og Hertha Sturm.⁴⁷ I Moskva dominerte russiske kvinner med røynsle frå arbeid i Zjenotdel, kvinneavdelinga i det russiske partiet.

Delegatforsamlingssystemet

Eit av stridsspørsmåla i den proletariske kvinnerørsla var spørsmålet om *delegatforsamlingssystemet*, eit system som det russiske partiet hadde vedteke i november 1918 som eit unikt system for propaganda mellom kvinner som ikkje var partimedlemmer. Spørsmålet om bruken av dette systemet, og om det var eigna til bruk i dei vesteuropeiske landa, vart eit tilbakevendande spørsmål på dei internasjonale kvinnekongressane heilt fram til den siste kongressen i 1926.

⁴⁶ Aleksandra Kollontaj og Zlata Lilina vart ansvarlege for arbeidet i Sovjetunionen, Nord-Europa og i dei engelsktalende landa, Varsenika Kasparova for arbeidet i landa i aust (dei ikkje-russiske delane av Sovjetunionen og dei asiatiske landa), Clara Zetkin og Hertha Sturm var ansvarlege for arbeidet i Mellom-Europa og Tyskland, og Lucie Colliard var ansvarleg for arbeidet i Vest-Europa. I tillegg hadde ein sekretær ansvar for å samarbeida med den Røde Faglige Internasjonale og arbeidet mellom kvinnene i fagforeiningane. E. H. Carr, 1964, s. 978.

⁴⁷ Hertha Sturm (1886-1945?) var eit dekknamn for Edith Schumann. Sturm vart medlem i KPD i 1919, og arbeidde frå året etter i KPDs kvinnesekretariat der ho var redaktør for kvinneavisa *Kommunistin*. I 1921 vart ho medlem av IKS, og leidde Berlin-kontoret fram til ho reiste til Moskva i oktober 1924, der ho arbeidde saman med Zetkin i IKS. I oktober 1928 vart ho stempla som høgrevvikar, reiste tilbake til Tyskland, men arbeidde aldri meir i KPD sjølv om ho framleis var medlem. I 1933 vart ho fengsla og sat i varetekt i eitt år. Ho kom i kontakt med den venstresosialistiske gruppa "Neu Beginnen" og arbeidde under dekknamna Gerda Stein og Ellen Croner i gruppa før ho igjen vart fengsla, sat fem år i fengsel og overlevde eit sjølvmoordsforsøk. Lagnaden hennar etter dette er ukjend, men det spekulerast i at ho døydd i eit luftåtak under andre verdskrigen. H. Weber og A. Herbst, *Deutsche Kommunisten. Biographisches Handbuch 1918 bis 1945*, 2004, s. 771-772.

Allereie på den fyrste kvinnekonferansen vart systemet tilrådd av dei russiske utsendingane, med Inessa Armand i spissen, som ein måte for kommunistpartia å påverka massane av kvinnelege arbeidarar og bønder.⁴⁸ Systemet spelte utan tvil ei viktig rolle i oppbygginga av Sovjetunionen: I 1926–27 deltok 620.000 kvinner på delegatkonferansane som Zjenotdel arrangerte.⁴⁹ Delegatforsamlingssystemet innebar at industriarbeidarkvinnene eller bondekvinnene på kvar fabrikk eller i kvar landsby valde delegatar til å representera seg. Desse delegatane jobba i ein lengre eller kortare periode med ulike saker, til dømes med kampen mot analfabetisme eller med å sikra rettane til fabrikkarbeidarar. Ein del arbeidde i fagforeiningane og i statsapparatet. Delegatane møtte i delegatforsamlingar, som var eit sentrum for politisk føredrags- og skuleringsverksemd. Delegatane var forplikta til å avleggja rapport til kvinnene som hadde vald dei, og såleis fungerte delegatane som eit bindeledd mellom partiet og dei uorganiserte kvinnene, samstundes som systemet utdanna kvinnelege kadrar til partiet.⁵⁰

IKS – eit sjølvstendig organ i Komintern-byråkratiet?

1926 markerte slutten for det internasjonale kvinnesekretariatet. Det året vart IKS lagt ned og erstatta av ei kvinneavdeling under EKKI. Året før hadde også avisa *Die Kommunistische Fraueninternationale* gått inn. 13. oktober 1935 vart kvinneavdelinga i EKKI lagt ned, og fram til Komintern vart lagt ned i 1943 hadde ikkje organisasjonen noko særskild organ for arbeidet blant kvinnene.

Litteraturen har lagt vekt på det sjølvstendet IKS hadde, og at dette sjølvstendet brått tok slutt i 1926, men litteraturen har i liten grad utdjupa kva sjølvstendet bestod i. Det har difor vore naudsynt å studera andre liknande organ innanfor Komintern for å få eit bilete av sjølvstendet til IKS.

Bernhard H. Bayerlein har samanlikna IKS med den kommunistiske ungdomsinternasjonalen og med Røde Faglige Internasjonale (RFI). Han klassifiserer dei tre organisasjonane som *internasjonale masseorganisasjonar*, med ei internasjonal sentralleing, og med mål om å arbeida blant partilause for å skaffa sympatisørar for den kommunistiske prosjektet og for Sovjetunionen. Dei viktigaste av desse masseorganisasjonane var i fylgje Bayerlein den kommunistiske ungdomsinternasjonalen og RFI. Kvinnesekretariatet vart ikkje rekna som ei avdeling i apparatet til EKKI, men som eit organ med eit eige apparat og ei eiga

⁴⁸ E. H. Carr, 1964, s. 976.

⁴⁹ B. E. Clements, 1997, s. 270.

⁵⁰ L. Bendtsen, 1979, s. 48.

leiing.⁵¹ Kvinneavdelinga som overtok etter IKS i 1926 klassifiserer Bayerlein som ei avdeling under EKKI på lik linje med organisasjonsavdelinga, agit.prop-avdelinga og presse- og omsetjingsavdelinga. Desse avdelingane var ein del av sentralapparatet, eller hjelpeapparatet til EKKI.⁵² Kvinneavdelinga var den minste avdelinga i apparatet til EKKI, med seks tilsette i 1926 og sju i 1932.⁵³

Det relative sjølvstendet IKS hadde, må ikkje berre forklarast ut frå stillinga organet hadde i Komintern-strukturen, men også ut frå at IKS hadde ein viss fridom til å gjera politiske prioriteringar som kunne stå i strid med meiningane til EKKI. Den gjentakande diskusjonen i levetida til IKS om delegatforsamlingsystemet, spørsmåla om kva for sosiale grupper av kvinner som skulle prioriterast, og spørsmålet om å tillata kvinneorganisasjonar som stod på sida av kommunistpartia, var alle spørsmål som utfordra den sovjetrussiske påverknaden i Komintern.

Nedlegginga av det internasjonale kvinnesekretariatet må sjåast i samheng med utviklinga i Komintern frå midten av 1920-talet, ei utvikling som innebar ein stadig sterkare *politisk og organisatorisk* sovjetrussisk kontroll over Komintern.

I perioden etter 1924 og fram til nedlegginga i 1943, vart det berre halde to verdskongressar i Komintern (i 1928 og 1935), mot fem verdskongressar dei seks fyrste leveåra til Komintern. Det var også sjeldnare mellom kvar gong dei utvida EKKI-plenumsmøta vart haldne. Den sovjetrussiske representantane fekk stadig meir makt i EKKI, og avgjerdsmakta låg ikkje lenger hos verdskongressane. Det er difor symptomatisk for utviklinga i Komintern at det var presidiet i EKKI som tok avgjerda med å leggja ned det internasjonale kvinnesekretariatet i april 1926. Også i talet på tilsette i Komintern, auka den sovjetrussiske påverknaden. I kvinneavdelinga i EKKI var tre av seks tilsette russiske i 1926.⁵⁴ Den *de facto* leiaren i kvinneavdelinga var frå 1928 Varvara Mojrova, og frå 1932 til 1935, då avdelinga vart lagt ned for godt, Klavdija Kirsanova.⁵⁵

Presidiet i EKKI frykta for å ikkje få gjennom politikken sin, og det var frykta for å verta politisk overmanna som gjorde at dei sette i gong oppløysinga av kvinnesekretariatet,

⁵¹ "Von Beginn an war das Internationale Frauensekretariat nicht als eine Abteilung des Apparats der Exekutive der Komintern (EKKI), sondern als eigene "Zentraleitung" mit eigenem Apparat und entsprechen, auch öffentlich wirkenden Gremien konzipiert." B. H. Bayerlein, 2006, s. 30.

⁵² B. H. Bayerlein, "Das neue Babylon – Strukturen und Netzwerke der Kommunistische Internationale und ihre Klassifizierung", i *Jahrbuch für Historische Kommunismusforschung*, 2004, s. 181-270.

⁵³ P. Huber, "Structure of Moscow apparatus of the Comintern and decision-making" i T. Rees og A. Thorpe (red.), *International communism and the Communist International*, 1998, s. 41-47.

⁵⁴ Oversynet for 1932 viser diverre ikkje nasjonaliteten til dei tilsette. P. Huber, i T. Rees og A. Thorpe (red.), 1998, s. 47.

⁵⁵ B. H. Bayerlein, 2006, s. 37 og 46.

skriv Bayerlein.⁵⁶ Flyttinga av IKS til Moskva i 1924 hadde ikkje retta opp usemjene i kvinnepolitikken, og det hadde vorte på tide å vinna kontrollen over dette gjenstridige organet i Komintern.⁵⁷

⁵⁶ B. H. Bayerlein, 2006, s. 37.

⁵⁷ E. H. Carr, 1964, s. 986.

3. Kvinneorganisering i Arbeidarpartiet

I februar 1923 vart *Arbeiderpartiets Kvindeforbund* (Kvindeforbundet) lagt ned. Etter eit vedtak på den tredje verdskongressen i Komintern i 1921 skulle all organisering av kvinnene i kommunistpartia liggja under partiets kontroll, og det skulle ikkje lenger finnast egne organisasjonar for kvinner. Prosessen med nedlegginga av Kvindeforbundet var tett samanvoven med den maktkampen som føregjekk i Arbeidarpartiet i perioden: Kampen om Moskva-tesane. Striden som rasa fram til november 1923 førte til at partiet vart splitta i to omgangar, fyrst då den ikkje-revolusjonære fløya braut ut og skipa *Norges Socialdemokratiske Arbeiderparti* (NSA) i 1921, og til sist i november 1923 då ei gruppe braut ut og skipa Norges Kommunistiske Parti.

Kvindeforbundet vedtok i februar 1923 å leggja ned den landsomfemnande organisasjonen sin, men ikkje å leggja ned dei lokale kvinneforeiningane. På den måten oppfylte Kvindeforbundet berre halvvegs krava frå verdskongressen i 1921. I dette kapittelet vert bakgrunnen og motiva for nedlegginga av kvinneorganisasjonen drøfta, saman med reaksjonane frå Komintern på dette. Fyrst vert likevel framveksten av Kvindeforbundet, forholdet mellom Kvindeforbundet og DnA, og forholdet mellom det internasjonale kvinnesekretariatet og Kvindeforbundet gått gjennom.

Oppstarten av Kvindeforbundet

27. mars 1895 vart *Den socialdemokratiske Kvindeforening* skipa i Kristiania. Frå før fanst det egne fagforeiningar for kvinner.⁵⁸ Kvinneforeininga hadde som oppgåve å støtta DnA, særleg økonomisk ved å selja handarbeidsprodukt. To dagar etter skipinga av kvinneforeininga kunne ein lesa i partiavisa *Social-demokraten* at ”En kvindeforening til utførelse av håndarbeider i partiøiemed stiftedes innen Det norske Arbeiderparti onsdag aften.”⁵⁹

Motiveringa for kvinneorganiseringa skifta etter kort tid. I 1901 gjekk kvinneforeininga saman med fem kvinnelege fagforeiningar for å skipa *Arbeiderpartiets Kvindeforbund*, også kalla *Kvindeforbundet*.⁶⁰ Med skipinga av Kvindeforbundet tok

⁵⁸ Slike fagforeiningar var t.d. *Kvindelige Fyrstikkarbeideres Forening* og *Syerskernes Fællesforening*. K. Flatøy, ”Utviklingslinjer innen Arbeiderpartiets Kvindeforbund 1901-1914”, i I. Blom og G. Hagemann (red.), *Kvinner selv... Sju bidrag til norsk kvinnehistorie*, 1977, s. 71.

⁵⁹ *Socialdemokraten*, 29. mars 1895, sitert i S. Syvertsen og T. Thorleifsen, *Kvinner i strid. Historien om Arbeiderpartiets kvinnebevegelse*, 1960, s. 35.

⁶⁰ Dei fem fagforeiningane var *Kvindelige Fyrstikkarbeideres Forening*, *Nydalens kvindelige Arbeiderforening*, *Maskinstrikkerkenes forbund*, *Syerskenes forening* og *Vask- og rengjøringskvindernes forening*. S. Syvertsen, *Arbeiderpartiets kvinnebevegelse i Norge*, 1934, s. 21.

kvinneforeiningane steget frå å vera (økonomiske) støtteforeiningar for dei mannlege partifellane til å verta politiske foreiningar som skulle ”virke for kvindernes sociale og politiske frigjørelse samt ved et virksomt og planmæssigt samarbeide at verne om og fremme kvindernes faglige og økonomiske interesser i alle maater.”⁶¹

I hovudsak kan ein skissera opp fire argument for å organisera arbeidarkvinnene. Etter at kvinner fekk røysterett vart det politisk naudsynt at kvinnene vart organiserte: ”Dermed er de ført direkte ind i politiken og givet en inflydelse, som er av høieste betydning.”⁶² Partiet trong å få kontroll over dei store massane med kvinner som hadde fått røysterett. Det andre argumentet var frykta for at dei borgarlege kvinneforeiningane, som *Kvinnesaksforeningen* og *Kvinnestemmeretsforeningen*, kom til å ”ta over” arbeidarkvinnene viss ein ikkje organiserte arbeidarkvinnene for seg sjølve. Til grunn for dette synet låg ei førestelling om at arbeidarkvinnene ikkje var godt nok skulerte i politiske spørsmål. Arbeidarkvinnene var lette å påverka, og kunne vinnast over til dei borgarlege kvinneforeiningane. Medvitsgjering og politisk skulering vart dimed viktig. Augusta Aasen – leiande i Kvindeforbundet – meinte ein måtte vekkja klassekjensla hos kvinnene, og ”lære dem til at føle sig ét med arbeiderklassen.”⁶³

Den tredje gruppa av argument var knytt til dei mannlege medlemmenes framferd i partiet. Både Martha Tynæs og Augusta Aasen meinte at det ideelle hadde vore at kvinnene var organiserte saman med mennene, men at tida ikkje var inne for det. Mennene makta ikkje å dra kvinnene med i det generelle partilivet, og dimed måtte kvinnene organisera noko eige.

Eit fjerde argument handla om at kvinnene hadde særskilde interesser i kraft av kjønnet sitt. Dette gjenspegla seg i saker som kvinneforeiningane arbeidde med, til dømes arbeid med barnelaga, å få oppheva prylestraffa i skulen, kampen for gratis skulemateriell og velgjerdarbeid.

Kvindeforbundet og DnA

I 1909 vart Kvindeforbundet ein landsomfemnande organisasjon. DnA-leiinga var skeptisk til eit landsomfemnande forbund, men stilte seg positive til lokal organisering av kvinner.

Behovet kvinnene hadde for kontakt og samarbeid kunne ikkje vera større enn at dei kunne ”nu og da avholde landskonferanser”, meinte DnA-leiinga.⁶⁴ Motstanden frå DnA-leiinga kan

⁶¹ ”Love for Det norske Arbeiderpartis kvindeforbund” frå 1904, sitert i A. Larsen, *Fra Kvindeforbund til kvinnesekretariat. Studie av organisasjonsforhold og omlegging av Arbeiderpartiets kvinneorganisasjon før 1923*, 1978, s. 11.

⁶² A. Larsen, 1978, s. 20.

⁶³ A. Larsen, 1978, s. 30.

⁶⁴ A. Larsen, 1978, s. 22-23 og s. 32.

likevel ikkje ha vore altfor stor, for dei neste ti åra gjekk Kvindeforbundet gjennom ein organisasjonsbyggjande fase og stadig fleire kvinneforeiningar var skipa. Forbundet fylgde organisasjonsmønsteret til DnA med landsmøte som høgste organ, landsstyre, og eit sentralstyre som tok seg av det daglege arbeidet. Kvindeforbundet hadde også ein representant – som oftast leiaren i forbundet – i sentralstyret i Arbeidarpartiet. Forbundet gav ut ei eiga kvinneavis, *Kvinden*, som i 1921 fekk namnet *Arbeiderkvinden*.

DnA var eit stort kommunistparti i Europa målt i medlemstal. Partiet praktiserte ei ordning med kollektivt medlemskap, der fagforeiningane var kollektivt tilslutta DnA. Ordninga med kollektivt medlemskap gjaldt også for kvinneforeiningane. I 1920 rapporterte DnA at 16 prosent av medlemmene var kvinner, om lag 16 000. Men av desse 16 000 medlemmene var berre fire tusen tilknytt Kvindeforbundet gjennom eigne kvinneforeiningar. Resten var medlemmer i fagforeiningar, i ungdomslaga eller direkte med i lokale partiavdelingar.⁶⁵

Kvindeforbundet og innmeldinga i Komintern

På landsmøtet i 1919 vedtok DnA tilslutning til Komintern. Dei kvinnelege utsendingane frå foreiningane i Kristiania røysta mot innmeldinga i Komintern, sidan dei meinte at dei ikkje hadde fått mandat med seg for å støtta innmeldinga. Fram mot det ekstraordinære landsmøtet i Kvindeforbundet våren 1920, diskuterte kvinneforeiningane kring i landet Komintern-medlemskapen og korleis kvinnene skulle stilla seg til innmeldinga. På landsmøtet delte Kvindeforbundet seg i to og fråsegna som stod i samsvar med det DnA hadde vedteke, fekk 84 røyster, 37 røysta imot. Martha Tynæs, som hadde høyrd til mindretalet, gjekk av som leiar, og Hanna Adolfsen tok over leiarvervet. Med seg i styret fekk ho Sigrid Syvertsen som sekretær, og Thina Thorleifsen, Helga Karlsen, Klara Bakken og representantar frå Odda, Drammen, Hamar, Stavanger og Trondheim.⁶⁶

Særleg Syvertsen og Thorleifsen skulle koma til å verta leiande personar i DnAs kvinnerørsle i fleire tiår framover, som formann og sekretær. I 1960 skreiv dei også historia om kvinnerørsla til DnA, *Kvinner i strid*.

Då styret i Kvindeforbundet sendte ut Moskva-tesane til kvinneforeiningane etter verdskongressen i 1920, kom utmeldingane. Mange kvinneforeiningar var splitta i synet på tesane, og særleg i Østfold meldte kvinneforeiningane seg ut og inn i det nyskipa *Det*

⁶⁵ P. Maurseth, *Gjennom kriser til makt (1920-1935)*, 1987, s. 50-51. 5. september 1922 rapporterte Kvindeforbundet til Komintern at det var 15.677 kvinnelege medlemmer i partiet. F. 507, o. 3, d. 122, l. 103.

⁶⁶ S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 105-109.

socialdemokratiske kvinneforbund, som tilhørte NSA.⁶⁷ I alt gjekk 22 kvinneforeiningar ut av Kvindeforbundet og fem vart oppløyste. Ved utgangen av 1922 hadde Kvindeforbundet 92 foreiningar med om lag 3000 medlemmer.⁶⁸

Sigrid Syvertsen har lagt vekt på at kvinnene i DnA ikkje var like begeistra for Komintern som dei mannlege medlemmene: ”Var stillingen klar i partiet, så var det langt fra at den var innen kvinneorganisasjonen. Mange mente at ”den nye retning” var så uprøvet, derfor stillet de sig tvilende. Det var særlig betegnelsen ”revolusjonær masseaksjon i forskjellige former” som skremte kvinnene”.⁶⁹

Kvindeforbundet og det internasjonale kvinnesekretariatet

I perioden frå 1920–23 auka det internasjonale arbeidet i Kvindeforbundet. Pengar til barneheimen ”Kyrre Grepp” i Russland, innsamling til Russlandshjelpa og samarbeid med den svenske venstresosialistiske kvinneorganisasjonen var nokre av arbeidsområda.⁷⁰

Kvinnene i DnA deltok på internasjonale konferansar i Komintern, og på skandinaviske konferansar. I 1920 var Augusta Aasen og Sigrid Syvertsen utsendingar til kvinnekonferansen i Moskva, året etter møtte Jeanette Olsen.⁷¹

Kjeldematerialet frå RGASPI omfattar korrespondansen mellom DnA og IKS frå 1922–1923, men ikkje for dei to fyrste åra. Det er likevel grunn til å tru at det må ha vore korrespondanse i denne perioden også. Ordninga var basert på brevveksling mellom IKS og den valde internasjonale korrespondenten i Kvindeforbundet. Prinsippet om internasjonale korrespondentar var understreka på den tredje verdskongressen i Komintern, og oppgåva til

⁶⁷ S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 113.

⁶⁸ I 1920 var det rapportert om 105 foreiningar med omlag fire tusen medlemmer. S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 118. Dei same opplysningane rapporterer Rachel Grepp til IKS, 12. mai 1922. F. 507, o. 3, d. 122, l. 3. Etter splittinga med NSA kom det også til nokre foreiningar til, og andre vart reorganiserte.

⁶⁹ S. Syvertsen, 1934, s. 48-49.

⁷⁰ S. Syvertsen, 1934, s. 53.

⁷¹ Jeanette Martine Olsen (1873-1959) var opprinneleg syar, men arbeidde som journalist og politkar. Ho arbeidde særleg med kvinnespørsmål, men var også ei føregangskvinne for organiseringa av fiskarar i Nord-Noreg gjennom arbeidet sitt som forretningsførar og sekretær i Nord-Norsk Fiskerforbund i perioden 1915-17. I 1907-12 var Olsen leiari for Skiens Arbeiderpartis kvinneforeining, og 1911-13 medlem i Kvindeforbundets landsstyre. I 1919 skapte ho ei sterk arbeidarkvinnerørsla i Narvik. Ho sat i DnAs landsstyre 1918-23. Under fraksjonskampane i DnA skreiv ho eit skarpt ope brev mot Tranmæl, og vart suspendert i eit halvt år av Tranmæl-fløya i september 1923. Etter utmeldinga si av NKP i 1928 (sjå kap. 6), heldt ho fram samarbeidet med kommunistane i den revolusjonære fagopposisjonen, i Mot Dag-krinsen i *Clarté* og i *Kvinneliga for fred og frihet*. I 1936 vart ho med i NKP att, denne gongen berre for tre månader. Ho vart ekskludert på grunn av forsvaret for Trotskij. Seinare vart ho redaktør for det trotskistiske tidsskriftet *Oktober*. Kjelde: *Norsk biografisk leksikon*, 2003, band 7, s. 143-144.

korrespondenten var å utveksla så mykje som mogleg med informasjon med IKS.⁷² Rachel Grepp var internasjonal korrespondent i perioden 1920–1923.

I fylgje *Kvinner i strid* var korrespondansen med IKS svært omfattande. Grepp måtte møte på nesten alle styremøta i Kvindeforbundet for å gjera greie for alle brev som var komne frå Komintern, skriv Syvertsen og Thorleifsen. Komintern var ikkje alltid var nøgde med den politikken Kvindeforbundet førte gjennom avisa *Kvinden*:

”Det manglet ikke på kritikk. En artikkel om skolebespisningen f. eks. ble sterkt kritisert som ”forherligelse av borgerlige tiltak.” (...) En gang var det for mange matoppskrifter osv. Det var selvsagt ikke så lett å svare på denne kritikken. Det var en rekke saker våre kvinner hadde arbeidet med og som vi var stolte av hadde ført til et godt resultat. De ble imidlertid betegnet som borgerlige tiltak av Det internasjonale kvinnesekretariatet. Og Rachel Grepp måtte stå til rette. Vi var sikkert ikke revolusjonære nok.”⁷³

Sitatet må sjåast i samanheng med at det er skriva i 1960, lenge etter konflikten med Komintern var avslutta.

Proessen for å leggja ned Kvindeforbundet

17. mars 1922 oppnemnte sentralstyret i DnA eit utval som skulle sjå på kvinneorganiseringa.⁷⁴ Forslaget vart sendt ut til kvinneforeiningane for diskusjon, og det vart også godkjend av både sentralstyret i DnA og styret i Kvindeforbundet. Forslaget skulle så leggjast fram på landsmøtet i Kvindeforbundet og landsmøtet i DnA som skulle haldast i februar 1923.⁷⁵ Forslaget innebar at Kvindeforbundet skulle leggjast ned seinast 1. januar 1923, men dei lokale kvinneforeiningane skulle oppretthaldast. Dei skulle stå tilslutta bypartiet eller heradspartiet. Det kunne også skipast kvinneforeiningar der det ikkje fanst slike. I styra i by-, herad- og fylkespartia burde det vera minst ei kvinne.

I by- og heradspartia skulle det setjast ned utval med både mannlege og kvinnelege medlemmer, som skulle arbeida for ”tilslutning av kvinner til partiet”. Desse utvala skulle rapportera til kvinnesekretariatet, og stod under by-, herad- og fylkespartia sin kontroll. Ei spesifikk oppgåve for utvala var å syta for at det vart halde regelmessige møte for alle

⁷² ”Resolution on Strengthening International Contact and on the Tasks of the Comintern’s International Secretariat on work among Women”, vedteke 8. juli 1921.
<http://www.marxists.org/history/international/comintern/3rd-congress/women-resolution.htm>
(10. januar 2008)

⁷³ S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 112-113.

⁷⁴ Medlemmene var Thina Thorleifsen (leiar), Sigrid Syvertsen (sekretær), Hanna Adolfsen, Helga Karlsen og Rachel Grepp, i tillegg til tre mannlege medlemmer: Kristian Aune, Kristian Kristensen og Ingvald Rastad. A. Larsen, 1978, s. 65 og S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 116.

⁷⁵ A. Larsen, 1978, s. 88.

kvinnene i byen eller heradet som var med i ei kvinneforeining, eit ungdomslag eller ei anna partiforeining.⁷⁶

Det skulle også innførast kvinnespalter i alle partiavisene. Sentralt skulle sentralstyret velja eit utval på sju medlemmer, fire kvinnelege og tre mannlege⁷⁷ som til saman utgjorde kvinnesekretariatet, og som i samarbeid med sentralstyret i DnA mellom anna skulle hjelpa kvinneforeininga i studiarbeidet og gje ut *Arbeiderkvinden*. Ein av dei kvinnelege medlemmene skulle vera medlem i sentralstyret.⁷⁸

Det trettande og siste landsmøtet i Kvindeforbundet vart halde 23. februar 1923, denne gongen før landsmøtet i DnA, og ikkje etter som praksisen hadde vore. To kvinneforeiningar, Rjukan og Drammen, kom med framlegg om å oppretthalda Kvindeforbundet som organisasjon. Representantane frå Rjukan grunn gav ikkje framlegget sitt på landsmøtet, medan representantane frå Drammen meinte at omlegginga var tilfredstillande dersom kvinnene fekk fleire representantar i sentralstyret til DnA.⁷⁹

Med mindre endringar i forslaget til vedtak, vart Kvindeforbundet samrøystes lagt ned som sjølvstendig organisasjon. Formelt sett vart organisasjonen lagt ned 15. april 1923, og det nye kvinnesekretariatet i DnA tok over arbeidet.

Strid om tilsetjing av kvinnesekretær

På landsmøtet hadde Jeanette Olsen vorte vald til kvinnesekretær med 40 mot 27 røyster. Ho var den einaste av medlemmene i det nye kvinnesekretariatet som ikkje hadde vorte samrøystes vald av landsmøtet. På eit sentralstyremøte i april vedtok DnA derimot å tilsetja Thina Thorleifsen som kvinnesekretær, i staden for Jeanette Olsen. Sentralstyret ville ikkje tilsetja ein kvinnesekretær som hadde høyrd til mindretallet på landsmøtet, altså dei som hadde røysta mot Kristiania-forslaget til Tranmæl-fraksjonen. Difor vart økonomiske forhold brukt som ei orsaking for å tilsetja Thorleifsen i staden for Olsen. Vedtaket førte til stor ”forbitrelse” i partiet og ei rekkje protestar vart sendt til sentralstyret.⁸⁰ ”Det ble stor avisfeide mellom sentralstyrets flertall og mindretallets talsmenn om ansettelsen av Thina Thorleifsen.” Mindretallet meinte at Jeanette Olsen var vald av kvinnene sjølve både på landsmøtet i Kvindeforbundet og på DnAs landsmøte, og dimed måtte tilsetjast som kvinnesekretær.

⁷⁶ A. Larsen, 1978, s. 72-73 og S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 119-120.

⁷⁷ På landsmøtet vart dette framlegget endra til at i Kvinnesekretariatet skulle vera to menn og fem kvinner. A. Larsen, 1978, s. 99.

⁷⁸ A. Larsen, 1978, s. 72.

⁷⁹ A. Larsen, 1978, s. 98.

⁸⁰ ”Utdrag av beretning fra Emil Stang om forholdene i Det norske Arbeiderparti etter landsmøtet i februar”, i Å. Egge og V. Roginskji (red.), *Komintern og Norge, DnA-perioden 1919-1923. En dokumentasjon*, 2006, s. 394-395.

Fleirtalet i sentralstyret hevda at kvinnene måtte kunne godkjenna Thorleifsen som sekretær når dei hadde vald henne samrøystes som leiar.⁸¹

Reaksjonar frå Komintern på nedlegginga av Kvindeforbundet

Det internasjonale kvinnesekretariatet var ikkje nøgd med vedtaka frå landsmøtet i februar. DnA hadde no lagt ned Kvindeforbundet, men ikkje kvinneforeiningane. Dimed var ikkje intensjonen med vedtaket oppfylt: Å leggja all aktivitet for kvinner inn under partiet.

Fyrste respons frå IKS på februarlandsmøtet som finst i kjeldematerialet, er datert 1. juni 1923. IKS meinte det var svært politisk uheldig at kvinneforeiningane framleis skulle oppretthaldast:

”Wir halten es für eine *politisch sehr unglückliche Formelierung*, in § 1 festzulegen, dass die bestehenden Frauenvereine aufrecht erhalten bleiben, wenn in § 2 die Forderung der Einsetzung von Frauenagitationskomiteés in allen Ortsgruppen der Partei aufgestellt wird.“⁸²

Forholdet mellom dei beståande kvinneforeiningane og dei nye kvinneagitasjonskomiteane var for IKS ”vollständig unklar”. Kvinneagitasjonskomité var dei utvala som landsmøtet hadde vedteke skulle setjast ned, og som skulle arbeida for tilslutning av kvinner til partiet. Desse utvala eller komiteane og kvinneforeiningane kom til å stå ved sidan av kvarandre i partistrukturen, og kom til å ha dei same oppgåvene i partiet. IKS spådde at det kom til å oppstå konfliktar mellom desse to så like organisasjonseiningane. Det var kvinneutvala som var mest i samsvar med dei internasjonale retningslinjene, sidan dei låg direkte under partiet. Difor burde ikkje paragraf ein i dei nye lovene slå fast at kvinneforeiningane skulle oppretthaldast, men i fylgje IKS at kvinneforeiningane skulle oppløysast, og funksjonane overtakast av dei nye kvinneagitasjonskomiteane.⁸³

At DnA hadde fått halda på kvinneforeiningane, var ein konsesjon Komintern hadde gjeve partiet på grunn av dei særskilde forholda i Noreg med DnAs sterke posisjon i norsk arbeidarrørsle. Dette hadde vore heilt klårt frå IKS si side, og IKS hadde drøfta desse spørsmåla med Kvindeforbundets internasjonale korrespondent, Rachel Grepp, både på den internasjonale konferansen for korrespondentar i 1922, og på verdskongressen i Moskva same år.

At det kom som ei overrasking for Komintern at DnA ville halda på kvinneforeiningane er likevel noko spesielt. Allereie juni 1922 hadde Rachel Grepp skrive til

⁸¹ S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 122.

⁸² F. 507, o. 3, d. 123, l. 15-17. Brev til DnA, 1. juni 1923. Mi utheving.

⁸³ F. 507, o. 3, d. 123, l. 15-17. Brev til DnA, 1. juni 1923.

IKS at Kvindeforbundet ikkje kom til å oppløysa kvinneforeiningane. Grepp hadde understreka at leiinga i Kvindeforbundet var fullstendig innforstått med at dei før eller seinare måtte gjennomføra oppløysinga av foreiningane. Slik kvinneforeiningane var no, fungerte dei som eit forum der kvinnene fekk drøfta meiningane sine. I større forsamlingar med både mannlege og kvinnelege medlemmer til stades, kom ikkje kvinnene til å deltaka i diskusjonen, meinte Grepp. Å oppløysa kvinneforeiningane no ville dimed ikkje tena partiet.⁸⁴

Eit anna argument for Kvindeforbundet mot å oppløysa kvinneforeiningane var at dei ville venta til medlemskapsordninga var avklart. I perioden etter februarlandsmøtet og fram til landsmøtet i november la DnA mykje arbeid i å førebu overgangen til individuelt medlemskap. Dette arbeidet vart skrinlagd då NKP braut ut. Også Kvindeforbundet arbeidde vidare med omstruktureringa til individuelt medlemskap, og Grepp understreka i fleire brev til IKS at dei heldt fram med omstruktureringsprosessen, men at dei gjekk varsamt fram slik at dei ikkje mista medlemmer. Så fort partiet fekk på plass den individuelle medlemskapsordninga, ville også kvinnearbeidet koma i samsvar med retningslinjene frå den fjerde verds-kongressen. ”Aber wie die Stellung jetzt ist muss die Umorganisation der Arbeit unter den Frauen Hand in Hand mit der Umorganisation der Partei gehen.”⁸⁵ Til Komintern framheva Grepp interessa kvinnene hadde for omorganiseringa, og at kvinnene arbeidde ivrig med prosessen. Grepp hadde inntrykk av at det var i dei små byane og på bygdene at kvinnene støtta omorganiseringa.⁸⁶ Sommaren 1923 viste ho også til at i krinsen Uranienborg i Kristiania hadde to kvinneforeiningar vorte lagde under den kommunistiske krinsforeininga, der arbeidde menn og kvinner saman.⁸⁷

Rachel Grepp gav også uttrykk for at Kvindeforbundet såg på omlegginga som ein praktisk tiltak for å få meir liv og aktivitet i arbeidet mellom kvinnene. Motstanden mot å leggja ned kvinneforeiningane var ikkje ideologisk fundert, meinte Grepp.⁸⁸

For Komintern var det viktig å halda på DnA som medlemsparti. Komintern gav fleire konsesjonar til DnA, og brukte store ressursar for å halda på DnA, mellom anna ved å senda personar med betydeleg status i Komintern for å forhandla med DnA, slik som då Bukharin vart sendt til Noreg i samband med DnAs landsmøte i februar 1923. At Komintern planla å senda også Clara Zetkin for å deltaka på februarlandsmøtet, men at visumsøknaden hennar

⁸⁴ F. 507, o. 3, d. 122, l. 16. Brev til IKS, 21. juni 1922.

⁸⁵ F. 507, o. 3, d. 123, l. 27-29. Brev til IKS, 30. juni 1923.

⁸⁶ F. 507, o. 3, d. 123, l. 9. Brev frå Grepp til Sturm (”persönlich”), 23. april 1923.

⁸⁷ F. 507, o. 3, d. 123, l. 25. Brev til IKS, 4. juni 1923.

⁸⁸ F. 507, o. 3, d. 122, l. 16. Brev til IKS datert 21. juni 1922.

vart stoppa i det norske konsulatet, er kjend.⁸⁹ Faktumet at det var planlagt at Zetkin skulle reisa til Noreg, viser ikkje berre hennar status i Komintern, men også kor viktig det var for Komintern at omorganiseringa mellom kvinnene gjekk føre seg etter intensjonane til Komintern. Rachel Grepp skreiv i juni 1923 at landsmøtet beklaga at Zetkin vart forhindra til å koma, men meinte likevel at resultatet hadde vorte det same, sidan forslaget til omorganisering hadde vorte sendt ut på høyring.⁹⁰

Kvifor nedlegging av Kvindeforbundet?

Kvifor ville leiinga i Kvindeforbundet leggja ned sin eigen organisasjon – ein organisasjon som var godt etablert i den norske arbeidarrørsla, som hadde eksistert i 21 år, og tilsynelatande fungerte godt? I hovudfagsoppgåva si stiller Alise Larsen desse spørsmåla. Larsen meiner at leiinga i Kvindeforbundet tvang gjennom nedlegginga (”Vi kan bare ane at det bak enstemmigheten lå press”⁹¹) fordi leiinga i Kvindeforbundet besøkte kvinneforeiningane og agiterte for forslaget. Om det var press eller ikkje, trengst eit omfemnande kjeldemateriale for å slå fast, og skal ikkje drøftast vidare her.

Sjølv går Larsen langt i å hevda at nedlegginga av Kvindeforbundet var eit ledd i fraksjonskampen i partiet, og at det var viktig for partileiinga å etterkomma krava frå Komintern for å tilfredstilla ”de mest ivrige tese-tilhengerne innen partiet”.⁹² Men Larsen underbyggjer ikkje denne påstanden ved å nemna namn på dei ivrige tesetilhengjarane eller konkrete hendingar og utsegn. På grunn av karakteren til kjeldene, med korrespondanse til Komintern i ei svært spent tid, er det liten grunn til å tru at Kvindeforbundet ville ha framheva eventuelle ideologiske usemjer med Komintern. Det kan vera grunnen til at Rachel Grepp framheva at Kvindeforbundet såg på omlegginga som eit praktisk tiltak og forsikra Komintern at det ikkje låg ideologisk usemje bak at Kvindeforbundet berre oppfylte halve intensjonen med Kominterns vedtak. Noko liknande kan seiast om litteraturen om Kvindeforbundet. Det er liten grunn til at Syvertsen og Thorleifsen skulle ha hatt noko behov for å framheva fraksjonskampane. I ettertid skulle det visa seg at det var DnA som kom best ut av fraksjonsstriden, mellom anna fordi dei heldt på den gamle medlemsordninga med kollektivt medlemskap som sikra både inntekter og oppslutnad til partiet. Kvindeforbundet sleit økonomisk, og den stadig dårlege økonomien gjorde arbeidet mellom kvinnene vanskeleg. Ein fekk ikkje drive god nok agitasjon, og Kvindeforbundet hadde få midlar til å hjelpa med

⁸⁹ Å. Egge, *Komintern og krisen i Det norske Arbeiderparti*, 1995, s. 78.

⁹⁰ F. 507, o. 3, d. 123, l. 27. Brev til IKS, 30. juni 1923.

⁹¹ A. Larsen, 1978, s. 98.

⁹² A. Larsen, 1978, s. 100.

nyskipingar av kvinneforeiningar. I kjeldematerialet finst det ikkje noko rekneskap. Inntektene var baserte på medlemspengar som ikkje kunne ha vore store sidan dei aller fleste medlemmene var husmødrer, og årlege løyvingar frå DnA på 1000 kr og 2000 kr frå Landsorganisasjonen.⁹³ Det er også mogleg at DnA fekk øyremerkte midlar til kvinnearbeidet frå Komintern.⁹⁴

Kvindeforbundet fungerte dårleg i forhold til å trekkja med seg kvinnene. Det var ein majoritet av dei kvinnelege medlemmene i DnA som *ikkje* var med i særorganisasjonen for kvinnene. Ein motivasjon for nedlegginga kan difor ha vore å nå ut til massane, og i ettertid vart omlegginga skildra som ei omlegging som skapte aktivitet i kvinnearbeidet. Med tanke på dei økonomiske problema og vanskane med å inkludera alle dei kvinnelege medlemmene, kunne Syvertsen og Thorleifsen i 1960 skriva at ”Kvindeforbundets ledelse i de siste åra så det som en lettelse at arbeidet med kvinneorganisasjonen ble knyttet sterkere til partiet. En hadde alltid økonomiske vansker å kjempe med.”⁹⁵

Den *kommunistiske lojaliteten* – viljen til å etterkomma krav frå Komintern – skal ikkje undervurderast. For sjølv om litteraturen peikar på at medlemmene i Kvindeforbundet var meir skeptiske til Komintern og den kommunistiske retninga enn dei mannlege medlemmene, fanst det Moskva-tilhengjarar også mellom kvinnene. Trass alt rekna DnA seg som eit kommunistisk parti på dette tidspunktet.

* * *

Striden i DnA var ikkje over i februar, men vart heller intensivert fram mot det ekstraordinære landsmøtet i november 1923. Det utvida eksekutivmøtet i juni i Moskva gjorde sitt til å forsterka motsetnadene mellom Tranmæl og Scheflo-fløyene. Forsøka på å skapa eit sentrum som forsoning mellom dei to fløyene kom for seint, og allereie tidleg på novemberlandsmøtet var det klart korleis landsmøtedeltakarane kom til å røysta. Komintern hadde stilt eit ultimatum: DnA måtte retta seg etter Kominterns avgjerder, eller stilla seg utanfor

⁹³ Kvindeforbundet fekk frå 1909 årlege løyvingar frå Landsorganisasjonen på 1000 kr, som seinare auka til 2000 kr. Frå 1917 gav sentralstyret i DnA 500 kr i året til kvinneorganisasjonen, og seinare vart støtta auka til 1000 kr. S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 124 og f. 507, o. 3, d. 122, l. 103.

⁹⁴ I eit personleg brev frå Grepp til Sturm orsakar Grepp misforståinga med pengeoversendinga. (”Ich bedauere sehr die Missverständniss mit der Geldversendung. Hoffentlich ist es nun alles in Ordnung.”) F. 507, o. 3, d. 123, l. 9. Brev frå Grepp til Sturm (”persönlich”), 23. april 1923. At Komintern gav betydeleg økonomisk støtte til medlemspartia er ingen løyndom (sjå t.d. M. Thing (red.), *Guldet fra Moskva*, 2001), men det finst ingen sikre opplysningar om at det vart overført pengar øyremerkta til kvinnearbeidet, eller frå IKS til det norske kvinnesekretariatet.

⁹⁵ S. Syvertsen og T. Thorleifsen, 1960, s. 123-124.

internasjonalens rekkjer. Forslaget om å nekta Kominterns ultimatum vart vedteke med 169 mot 103 røyster, og utsendinga frå Komintern hadde berre ein ting å gjera: ekskludera fleirtalet i DnA.

4. november 1923 vart Norges Kommunistiske Parti, avdeling av Den kommunistiske internasjonale, skipa i Kristiania Østre Arbeidersamfund.

4. Sjølvstendefasen 1923–1924

I sjølvstendefasen arbeidde NKP med å få oversyn over den nyvunne medlemsmassen, og med å få kvinnearbeidet inkorporert i partiarbeidet. Ideen om husmorlaga oppstod i sjølvstendefasen, som eit lågterskel-tilbod for dei kvinnene som hadde fylgt NKP i splittinga, men som var skeptiske til å leggja ned kvinneforeiningane sine. I husmorlaga hadde NKP sjølv høvet til å definera kva som var politikk og kva som var politisk arbeid. Sjølvstendet NKP hadde i kvinnepolitikken og -arbeidet fekk uttrykk i kampen mot den borgarlege *Kvindenes enhetsfront* ved Stortingsvalet hausten 1924.

Omstruktureringa av kvinneforeiningane til kvinnegrupper

På skipingsmøtet i NKP vart det sett ned eit kvinnesekretariat. Jeanette Olsen vart vald både som kvinnesekretær og formann i kvinnesekretariatet, og ho sat også i sentralstyret. Andre medlemmer av kvinnesekretariatet var Dagmar Eilerth, Kathrine Bugge, Lilly Olsen, Emma Eberhardsen, A. K. Hansen og Christian Hilt.⁹⁶ Varafolka var Tove Mohr, Dagny Sjølander og Gerda Nissen.⁹⁷ Seinare konstituerte sekretariatet seg slik at Kathrine Bugge vart viseformann, Dagmar Eilerth visesekretær og Gerda Nissen internasjonal korrespondent.⁹⁸

Utfordringane for kvinnesekretariatet i NKP under omstruktureringa var delte. NKP måtte koma seg bort frå den gamle organisasjonsforma med sjølvstendige kvinneforeiningar og over til kvinnegrupper. Samstundes måtte NKP unngå at kvinnegruppene endra seg så mykje at medlemmene ikkje ville vera med og gjekk tilbake til DnA der dei kunne vera organiserte i kvinneforeiningane som tidlegare. NKP måtte unngå at kvinnegruppene berre fekk husmødrer i medlemsmassen. Kvinnegruppene måtte også trekkja til seg kvinnelege industriarbeidarar. Jeanette Olsen utdjupa det slik: ”En av grunnene til at vi maa komme bort fra kvinneforeiningene er at de isolerte husmødrene fra industriarbeiderskene,

⁹⁶ I kjelda står det Kristian Hilt, men han heitte Christian. I innstillinga frå skipingsmøtet var Kristian Kristensen den mannlege representanten i kvinnesekretariatet, men innstillinga vart oversend til sentralstyret for endeleg val. (*Norges Kommunistblad*, 6. november 1923). Kristensen vart då erstatta av Hilt som sat i kvinnesekretariatet fram til mars 1924, då Kristian Aune vart vald inn. Grunngevinga for byttet var at Christian Hilt hadde for mykje anna partiarbeid å gjera. (F. 495, o. 178, d. 24, l. 82. Referat frå sentralstyremøte 13. mars 1924.) Seinare på året dukkar ei liknande problemstilling opp: Dei mannlege medlemmene i kvinnesekretariatet møtte ikkje på møta. 12. september 1924 vart Henry W. Kristiansen og Hans Moen vald som medlemmer av kvinnesekretariatet fordi dei to mannlege medlemmene som sat der ikkje hadde møtt, ”trods stadige indkaldelser” frå sekretariatet. F. 495, o. 178, d. 30, l. 126. Sentralstyremøte 12. september 1924.

⁹⁷ F. 495, o. 178, d. 24, l. 17. Skipingsprotokollen til NKP.

⁹⁸ ”Kvindesekretariatet konstituerer sig”, i *Arbeidet*, 8. november 1923.

*kvinneforeningene utviklet sig til husmorforeninger, industriarbeiderskene blev staaende utenfor.*⁹⁹

Motstand mot å oppløysa kvinneforeiningane

Kvinneforeiningane skulle verta grupper under partiavdelingane. Det skulle også setjast ned *kvinneutval* ved partiavdelingane som skulle vera leiinga i desse kvinnegruppene. På den måten vart kvinneutvalet i partiavdelinga i Bergen leiing for dei fem kvinnegruppene som vart oppretta i dei fem bydelane.¹⁰⁰

Det var både motstand og problem knytt til omstruktureringa av kvinneorganiseringa i NKP. I mange av kvinneforeiningane var det generell motstand mot oppløysinga – særleg ”i denne vanskelige tid” med splittinga mellom partia.¹⁰¹ Mange av kvinneforeiningane var over tjue år gamle, og nokre utsegner frå kvinner med lang røynsle frå kvinneforeiningane fortel om korleis konfliktane om Moskva-tesane også råka kvinneforeiningane: ”Det var sårt for mig å forlate den gamle forening som jeg hadde stiftet (...)”, ”Kampen mot Tranmæl var derimot hård og sørgelig (...)” og ”Avstemningen over disse [Moskvatesane] blev utsatt flere ganger, da vi visste det vilde splitte foreningen som vi alle var glad i (...)”.¹⁰²

Kvinnesekretæren, Jeanette Olsen, var bekymra for at kvinnene ikkje kom til å verta inkluderte i partiarbeidet, slik intensjonen frå Komintern var. Kvinnene var engstelege for nye arbeidsmetodar; dei var korkje vande med å gå på møte i partiet eller å taka del i det generelle partiarbeidet.¹⁰³ Kvinnene frykta også at partimøta ikkje kom til å ta opp spesielle kvinnesaker om kvinneforeiningane vart direkte underlagde partiet.¹⁰⁴ Vedtaka frå februarlandsmøtet i DnA hadde skapt forvirring i kvinneforeiningane fordi vedtaka sa at ein kunne vurdere i kvart einskild tilfelle om det var føremålsteneleg å gå over til grupper, og berre ved nyskipingar av kvinneforeiningane måtte det lagast grupper.¹⁰⁵ Kontakten mellom kvinnesekretariatet og dei lokale foreiningane var også dårleg, og sekretariatet fekk ikkje fylgt opp arbeidet med

⁹⁹ ”Den kommunistiske kvinnekongressen”, i *Norges Kommunistblad*, 21. mai 1924. Mi utheving.

¹⁰⁰ Kalfaret, Årstad, Sandviken, Nordnes og Nygård. Laksevåg var ein eigen kommune fram til 1972. Her hadde også NKP ei partiavdeling med ei kvinnegruppe og eit eige husmorlag.

¹⁰¹ Jeanette Olsens utsegn på kvinnekongressen i NKP. ”Den kommunistiske kvinnekongressen”, i *Norges Kommunistblad*, 21. mai 1924. Også trykt i *Arbeidet*.

¹⁰² ”Brev fra en av de eldste”, i *Gnisten*, nr. 7, 1925, s. 5-7.

¹⁰³ ”Omorganiseringen av arbeidet blandt kvinnene”, av Jeanette Olsen, i *Arbeidet*, 14. januar 1924. Sjå også H. Clayhills, *Kjerringer mot strømmen. Arbeiderhusmødrenes organisering og kamp i 20- og 30-åra*, 1978, s. 22-23.

¹⁰⁴ H. Clayhills, 1978, s. 21. Referansen er frå ein leiarteig i *Arbeidet*, 10. januar 1924.

¹⁰⁵ ”Den kommunistiske kvinnekongressen. Kvinneutvalgenes arbeide”, i *Norges Kommunistblad*, 21. mai 1924 og E. Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite. NKP 1923-1931*, 1983, s. 152.

omstruktureringa. Mange kvinneforeningar venta difor med omstruktureringa til kvinnekonferansen i NKP i mai 1924 for å få nærmare instruksjonar.¹⁰⁶

Kampen om kontrollen i kvinneforeiningane

Dei fleste kvinneforeiningane fylgde DnA ved splittinga, i likskap med resten av partilaga. Det er uvisse tal på kor mange kvinneforeningar som fylgde NKP. Syvertsen og Thorleifsen hevdar at berre 13 av 160 foreiningar gjekk inn i NKP.¹⁰⁷ Opplysningar frå *Arbeidernes Leksikon* viser at om lag 40 kvinneforeningar slutta seg til NKP, eit tal som er henta frå opplysningar i partipressa. I *Inprekorr* i 1926 hevda Jeanette Olsen at om lag 60 kvinneforeningar slutta seg til NKP, men dette vert vurdert som ønsketenking av Einhart Lorenz.¹⁰⁸ Endå meir ønsketenking vert Jeanette Olsens påstand om at det var hundre kvinneforeningar som fylgde partiet ved splittinga, slik ho hevda i ein rapport til Komintern i 1926.¹⁰⁹

Heilt eksakte opplysningar om dette forholdet vil det vera umogleg å koma fram til. Det var dårleg kontakt mellom partiavdelingane og kvinnesekretariatet i den fyrste tida, og kjeldematerialet om dette forholdet er sparsamt. Mange kvinneforeningar markerte standpunktet sitt etter splittinga med å setja inn notisar i partiorgana, men ei eventuell oppteljing i dei ulike partiavisene til NKP kan heller ikkje utelukka at ikkje alle sendte inn standpunktet til pressa.

Splittinga mellom NKP og DnA var ikkje smertefri. Mange stader oppstod det strid om partivalet – også i kvinneforeiningane. I *Abildsø kvinneforening* hindra NKP-tilhengjarane det dei omtalte som eit kuppforsøk frå DnA-medlemmene Tina Thorleifsen og Rachel Grepp. Thorleifsen og Grepp hadde kalla inn til møte i foreininga på ein dags varsel. Møtet skulle vera klokka tolv dagen etter, på eit tidspunkt kor ingen andre medlemmer enn Thorleifsen og Grepp kunne møta.¹¹⁰

Nokre stader gjekk usemjene om partivalet så langt som til rettssalen. I 1928 vann Kristiania kommunistiske kvinneforening over Arbeiderpartiets kvinneforening i høgsterett, etter fem års usemje. Ved røystinga etter partisplittinga hadde foreininga delt seg nøyaktig i to – med 16 medlemmer på kvar side, og dobbeltrøysta til leiaren hadde til slutt gjort utslaget, og foreininga meldte seg inn i NKP. DnA-tilhengjarane gjekk dimed til sak mot

¹⁰⁶ F. 495, o. 178, d. 37. Ikkje notert sidetal. Protokoll frå kvinnekonferansen, 17.-21. mai 1924.

¹⁰⁷ S. Syvertsen og T. Thorleifsen, *Kvinner i strid. Historien om Arbeiderpartiets kvinnebevegelse*, 1960, s. 216.

¹⁰⁸ E. Lorenz, 1983, s. 153.

¹⁰⁹ F. 507, o. 3, d. 124, l. 47. Brev til IKS, 18. februar 1926.

¹¹⁰ ”Tina Torleifsen på krigsstien”, i *Arbeidet*, 20. november 1923.

kvinneforeininga, men saka handla meir om å få kontroll over dei økonomiske verdiane til foreininga enn om ideologisk kamp.¹¹¹ Mange kvinneforeiningar sat på meir eller mindre store verdiar, og hadde i DnA rolla som økonomisk reserve for partiavdelingane.

Kvinneforeiningane var ein stad der partiet kunne be om ekstra løyvingar til avisproduksjon og valkamp. Slik skildra signaturen St. Just korleis kvinneforeiningane var den økonomiske ryggraden for partipressa: ”Naar alt var mørkt og alle dører var stengt, da stod likevel kvinneforeiningen der. Aa herregud, hvor mange ganger den ikke måtte hjelpe avisen!”¹¹² Kvinneforeiningane lodda ut handarbeid på basarar og juletreffar, og skipa til festar der inngangspengane vart gjeve til partipressa, opprettinga av ferieheimar for barn i arbeidarklassen eller til hjelp for arbeidarar som streika. Rolla kvinneforeiningane i DnA hadde hatt med å vera økonomiske bidragsytarar til partiarbeidet fekk eit framhald i husmorlaga i NKP.

Store geografiske skilnader i omstruktureringsarbeidet

Det var store regionale skilnader på kvar omstruktureringa kom i gang, og det var ikkje før ved omlegginga av partistrukturen til celler etter landsmøtet i 1925 at omlegginga til husmorlag tok til for fullt. Bergen var den sterkaste avdelinga i NKP og byrja allereie i januar 1924 med å laga kvinneutval og kvinnegrupper. To av dei kvinnelege medlemmene i kvar bydel fekk i oppdrag å laga ei gruppe som skulle samarbeida med kvinneutvalet som låg under den lokale partiavdelinga i Bergen.¹¹³

Dei fyrste husmorlaga vart skipa på kvinnedagen i 1924 i Bergen, og 10. mars i Odda, i samband med Jeanette Olsens fem veker lange agitasjonsturné på Vestlandet.¹¹⁴ Under agitasjonsturneen var Olsen tilstades på eit kvinnemøte i Bergen med 600 tilhøyrarar. 120 av dei framførte meldte seg inn i dei nyskipa husmorlaga. I Bergen var det no fem kvinnegrupper og fem husmorlag, ei kvinnegruppe og eit husmorlag i kvar bydel.

Det var viktig for NKP å framheva at omstruktureringa til kvinnegrupper og husmorlag fekk nytt liv i arbeidet mellom kvinnene, og på kvinnekonferansen i mai fortalde

¹¹¹ ”Kristiania kommunistiske kvinneforening vandt saken mot Arbeiderpartiets kvinneforening”, i *Norges Kommunistblad*, 7. juni 1928.

¹¹² E. Lorenz, 1983, s. 153 og ”Et lite minne fra ”den første tiden”” av St. Just, i *Gnisten*, julenummeret 1928, s. 14.

¹¹³ ”Kvinnens innsats”, i *Norges Kommunistblad*, 14. januar 1924.

¹¹⁴ H. Clayhills, 1978, s. 21. Opplysningane her stammar frå *Arbeidet*.

representantane frå Bergen at tidlegare hadde det berre vore 20 medlemmer på møta i kvinneforeininga. No var det til saman 300–500 medlemmer i dei fem husmorlaga.¹¹⁵

Initiativet til å danna husmorlag i Bergen og i Odda skal opphavelig ha kome frå DnA, i fylgje Jeanette Olsen på den internasjonale kvinnekongressen i 1926. DnA ynskte å svekkja NKP ved å få fotfeste i dei miljøa der NKP stod sterkt. For å unngå at kvinnene meldte seg inn i DnA overtok NKP ideen om husmorlaga frå Arbeidarpartiet. Det har ikkje vore mogleg å stadfesta Olsens påstand med andre kjelder.¹¹⁶

I Kristiania var det to kvinneforeiningar som hadde fylgd med NKP i splittinga; Vaaleringen, Oslo og Kampen (V.O.K.) og Kristiania kommunistiske kvinneforeining. Desse gjekk i løpet av 1925 og 1926 gradvis over til å verta husmorlag. Ei utsegn frå Mira Hansen i *Inprekorr* i mai 1926 om når dei fyrste husmorlaga i Oslo vart skipa, har skapt mykje forvirring hos Harriet Clayhills. Hansen uttalte at det hadde vorte skipa to husmorlag i Oslo to månader tidlegare, og Clayhills tolkar Hansens utsegn slik at det var fyrst i 1926 at det vart skipa husmorlag i Oslo.¹¹⁷ Men allereie i mars 1925 trykte partipressa ei lysing for møte i Centrum husmorlag.¹¹⁸ Seinare på året finst lysingar og referat frå møte både i Grünerløkkens husmorlag, Havebyen husmorlag (Ullevål hageby) og Østre husmorlag i *Norges Kommunistblad*.¹¹⁹ I nabokommunane til Kristiania eksisterte det fleire kvinnegrupper, som på Grorud, Høybråten, Lørenskog og i Bryn/Østensjø-området, som også etterkvart gjekk over til å kalla seg husmorlag. Kvinneforeiningane som hadde fylgd NKP vart lenge omtalt som ”kommunistiske kvinneforeiningar”. Ved å bruka denne nemninga, markerte kvinnene at dei ikkje hadde oppløyst kvinneforeiningane, og med nemninga ”kommunistisk” skilde dei seg frå DnA.

¹¹⁵ F. 495, o. 178, d. 37. Ikkje notert sidetal. Protokoll frå kvinnekongressen, 17.-21. mai 1924. I 1925 uttalte Arvid G. Hansen til Komintern at det var mellom 500-600 medlemmer i husmorlaga i Bergen. *Inprekorr*, nr. 101, 29. juni 1925, s. 1380. Gjennom munnlege kjelder har Clayhills samla opplysingar om husmorlaga ”i den fyrste tida”. Sandviken husmorlag skal ha hatt 140 medlemmer, Kalfaret husmorlag 50 medlemmer, Nordnes husmorlag 75 medlemmer, Nygård husmorlag 90 medlemmer og Årstad husmorlag 100 medlemmer. H. Clayhills, 1978, s. 28.

¹¹⁶ E. Lorenz, 1983, s. 162 og *Inprekorr*, nr. 28, 11. mars 1927, s. 591.

¹¹⁷ H. Clayhills, 1978, s. 46-50 og *Inprekorr*, nr. 67, 4. mai 1926, s. 1020.

¹¹⁸ Lysing for møte i Centrum husmorlag i *Norges Kommunistblad*, 12. mars 1925.

¹¹⁹ ”Humorlag stiftet i Østre krets”, i *Norges Kommunistblad*, 3. desember 1925, ”Husmødre protesterer mot prisforhøielser på mel” (fråsegn frå møte i Grünerløkkens husmorlag), i *Norges Kommunistblad*, 10. desember 1925 og ”Havebyernes husmorlag”, i *Norges Kommunistblad*, 11. desember 1925.

Husmorlaga og husmorideologisering

Husmorlaga vart ei løysing på utfordringane og motstanden i omstruktureringsprosessen. Vedtaket om å endra kvinneforeiningane til husmorlag skjedde truleg på eit sentralstyremøte i NKP januar 1924.¹²⁰ Der kvinneforeiningane var mot å oppløysa seg og underordna seg partiet, kunne kvinneforeiningane gjerast om til husmorlag. Men det kunne også opprettast husmorlag på stader der partiet hadde gjennomført omstruktureringa og hadde kvinnegrupper under partiavdelingane.

Kvinneforeiningane måtte uansett likviderast, men dette måtte skje på ein måte som ikkje skada partiet, skreiv Jeanette Olsen i eit brev til partiavdelingane i februar 1924. Middelvegen var å gjera foreiningane om til husmorlag der medlemskap i partiet ikkje var forpliktande og der dei organiserte husmødrene skulle danna den kommunistiske arbeidsgruppa. På den måten kunne kvinnene halda fram med mykje av det same arbeidet som før.¹²¹ Husmorlaga skulle vera opne for alle husmødrer i arbeidarklassen:

”Disse husmorlag kræver ikke av sine medlemmer at de skal sverge til et bestemt parti. Vi vil gjerne at lagene skal omfatte alle arbeiderklassens husmødre og oplyse dem om hvorfor forholdene er saa daarlige for arbeiderklassen som de er, og hvad der kan gjøres for at bedre dem. *Husmorlagene er husmødrenes egen organisasjon.*”¹²²

Det kan sjå ut som eit paradoks at NKP valde å organisera husmødrer når det var industriarbeidarane som var den delen av arbeidarklassen med mest revolusjonært potensial. Det var nettopp gjennom lønsarbeidet at kvinna kunne oppnå frigjering. Det var fleire årsaker til at NKP valde ei organisering for husmødrene. Det eine var kontinuiteten frå kvinneforeiningane i DnA. Kvinnene i NKP var vande med å organisera seg som husmødrer i egne foreiningar. I kvinneforeiningane i DnA utgjorde husmødrene hovudmedlemsmassen, og medlemmene var vande med å diskutera spørsmål knytte til denne sosiale gruppa av kvinner.

Det andre forholdet var samansetjinga av den kvinnelege medlemsmassen i partiet. Det finst ingen sikre tal for den sosiale samansetjinga i den fyrste tida, men i 1927 gjorde org.byrådet i NKP ei undersøking av medlemsmassen som viste at 87,8 prosent av dei kvinnelege medlemmene var husmødrer, medan berre 8,8 prosent av kvinnene vart plasserte i kategorien ”arbeidersker i industri, transport m.v.”¹²³

¹²⁰ F. 507, o. 3, d. 124, l. 48. Brev til IKS, 18. februar 1926.

¹²¹ F. 495, o. 178, d. 37. Ikkje notert sidetal. Brevet er datert 5. februar 1924.

¹²² ”600 arbeiderkvinder samlet til fest”, i *Arbeidet*, 4. april 1924.

¹²³ ”Registeringens resultater”, i *Norges Kommunistblad*, 26. juli 1927.

Det tredje forholdet som gjorde det naturleg å velja ei husmororganisering var samtida. Mellomkrigstida var ei tid for husmororganisering og ideologisering av husmorrolla. Historikaren Kari Melby har kalla perioden 1900–1950 for ”Husmorens epoke”; ein epoke der både styresmaktene og det politiske livet i Noreg la opp til eit komplementært kjønnsmonster, der eineforsørgarmodellen vart styrkt og der det var forventat at kvinner engasjerte seg i saker som handla om kvinner som mødrer og husmødrer. Ekteskapskontrakten vart hovudkjelda til livsopphald for stadig fleire kvinner. Føresetnaden for kvinners deltaking i det offentlege var lagt med røysteretten, og husmødrene slutta seg saman på grunnlag av kjønn og yrkesinteresser på same måte som bondekvinnene, lærarinnene, sjukepleiarane og telegrafistane hadde gjort.

Den fyrste organiseringa av husmødrer i Noreg kom på slutten av 1800-talet med skipinga av *Hjemmenes Vels Landforbund* (HVL, seinare *Norges Husmorforbund*). Organisasjonen bar frå starten av preg av at det var ein interesseorganisasjon for dei kvinnene i overklassen som hadde råd til hushjelp, der dei forsvarte interessene sine som arbeidsgjevarar for tenestejentene. Trass i organiseringa ut frå klasseinteresser som arbeidsgjevarar, prøvde HVL å dempa klasseprofilen og appellera til dei breie gruppene av husmødrer.¹²⁴

HVL var ein av hovudkonkurrentane til husmorlaga i NKP, og NKP tok i bruk nemninga ”husmorlag”, og ikkje ”husmorforeiningar” for å skilja seg frå den borgarlege kvinneorganisasjonen.¹²⁵ Likevel finst det fellestrekk mellom korleis NKP og Hjemmenes Vel tenkte på husmødrer som ei sosial gruppe av kvinner og det å organisera husmødrer.

Kvinna fekk *ei ny økonomisk rolle* ved overgangen frå sjølvbergingssamfunnet til forbrukarsamfunnet, ved at kvinna ikkje lenger skulle bearbeida det som vart produsert i hushaldet, men forvalta familieøkonomien gjennom å kjøpa forbruksvarer. Husmødrene fekk ei viktigare rolle som forbrukarar, og det å organisera seg var ein måte å ta vare på dei økonomiske interessene til husmødrene.¹²⁶ Men når Hjemmenes Vel samarbeidde med næringslivet for å få forbrukarane til å kjøpa norske produkt, var oppgåvene for husmorlaga i NKP å føra kontroll med matvareprisane, setja ned priskontrollkomitear og å arbeida for

¹²⁴ K. Melby, ”Husmorens epoke 1900-1950”, i I. Blom og S. Sogner (red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, 1999, s. 250-251.

¹²⁵ *Beretning fra 1924-1948 for Norges Husmorlagsforbund*, 1948. Norges Husmorlagsforbund var skipa i 1937 og var ei samling av dei proletariske husmorlaga. I 1954 gjekk Norges Husmorlagsforbund saman med Norges Demokratiske Kvinneforbund og skipa Norsk Kvinneforbund. For ei nærmare innføring i skipinga og utviklinga i Norsk Kvinneforbund, sjå K. Lundby, *Norsk Kvinneforbund 1948-1960*, 1978.

¹²⁶ K. Melby, *Kvinnelighetens strategier*, 1995, s. 67-71.

tilslutnad og forbetring av kooperasjonen, slik det står i programmet til husmorlaga.¹²⁷ *Innhaldet i husmorrolla* endra også karakter med ny kunnskap og vitskapleggjering av husstellet. Husmødrene i NKP hadde ikkje råd til elektriske komfyrar slik som overklassekvinnene, men husmorlaga spreidde brosjyrer om vitaminar og argumenterte for at kunnskap om rett næringssamansetjing i maten var eit klassespørsmål.¹²⁸

Forsvaret av husmoras posisjon hang tett saman med forsvaret av familien. Arbeidarhusmødrene skulle forsvare interessene til arbeidarheimane, og i husmorlagas program stod det at husmorlaga skulle ”Gripe inn i alle situasjoner hvor arbeiderklassens og arbeiderhjemmenes interesser står på spill”.¹²⁹ I motsetning til det ville overklassen forsvare familien frå åtak frå revolusjonen til arbeidarklassen og ”usedelege” spørsmål som prostitusjon, sjukdomar og uektefødde born.

Både husmorlaga i NKP og dei borgarlege husmorforeiningane proklamerte at dei var ”upolitiske”, at dei ikkje var tilknytt noko politisk parti eller skulle arbeida for ei religiøs overtyding.¹³⁰ Husmorlaga til NKP hadde derimot ei anna tolking av kva som var politikk og kva som var politisk arbeid. Det var viktig å senka terskelen for kva kvinnene oppfatta som politikk. ”At brødet er blitt så dyrt er ikke en følge av misvekst og uår, men det er en følge av politikk,” skreiv Olga Andersen.¹³¹ Politisk arbeid var å arbeida for å betra vilkåra for arbeidarfamiliane, og dimed også for arbeidarklassen. ”Hvis det er politikk å arbeide for å bedre sine kår, og det er netop politikk, så er husmorlagene politiske”, skreiv Johanna Bugge Olsen frå Bergen.¹³² Sjølv det å servera kaffi på møta i husmorlaga eller skriva i avisa om prisutvikling var å gjera politisk arbeid.¹³³

Det var altså ikkje noko spesielt at NKP organiserte husmødrer som gruppe i mellomkrigstida. Det spesielle med husmorlaga til NKP var den tydelege kombinasjonen av kjønn og klasse og politiseringa av arbeidarhusmora. Arbeidarhusmødrene var dei fremste forsvararane av arbeidarfamilien, og var difor ein del av arbeidarklassen. Husmorlaga skulle vera ”fagforeininga til arbeidarhusmødrene”, og skulle stå saman med mennene i arbeidarklassen mot borgarskapet og kapitalismen.

¹²⁷ Husmorlagas program vart vedteke 22. januar 1926 av kvinnesekretariatet i NKP. F. 495, o. 178, d. 71, l. 48. Protokoll frå møte i kvinnesekretariatet. Programmet finst også i *Gnisten*, nr. 4, 1926 og i H. Clayhills, 1978, s. 50.

¹²⁸ ”Litt om vitaminer”, av Jeanette Olsen i *Gnisten*, nr. 9, 1927, s. 15.

¹²⁹ H. Clayhills, 1978, s. 50.

¹³⁰ K. Melby, 1995, s. 78.

¹³¹ ”Politikk”, av Olga Andersen i *Gnisten* nr. 2, 1925.

¹³² ”Hvad er et husmorlag?”, av Johanna Bugge Olsen i *Gnisten*, nr. 4, 1925, s. 6-7.

¹³³ ”Våkn op arbeider- og bondekvinne!”, av K. S. (ukjend signatur) i *Gnisten*, nr. 1, 1925, s. 7.

Den fyrste kvinnekonferansen i NKP

17.– 21. mai 1924 skipa NKP til den fyrste kvinnekonferansen i partiet, i Folkets hus i Kristiania. Konferansen kom til etter oppmoding frå det internasjonale kvinnesekretariatet. Forslaget til program var lagt fram for sentralstyret, og sentralstyret hadde også vedteke at ein skulle oppmoda dei kvinnelege partimedlemmene i Kristiania om å yta gratis losji og opphald til deltakarane, slik at utgiftene til konferansen vart så små som mogeleg. Konferansen samla 68 deltakarar frå store delar av landet, men med hovudtyngda frå det sentrale Austlandet.¹³⁴

På saklista for konferansen stod ”Oprettesle av kvindeavis, arbeidet blandt industriens kvinder, arbeidet blandt husmødrene, barnelagsbevægelsen og opprettelse av mødrehygienekontorer.”¹³⁵ Det fyrste punktet på programmet var eit instruksjonskurs der kvinnene fekk opplæring i det kommunistiske partiets rolle og oppgåver, partiets organisatoriske oppbygnad, oppgåvene til arbeidarkvinnene under klassekampen og arbeidet i kvinneutvala.¹³⁶

Kominterns planar for husmorlaga og arbeidet mellom industriarbeidarane

Rett før konferansen mottok kvinnesekretariatet to brev frå Hertha Sturm i det internasjonale kvinnesekretariatet.¹³⁷ IKS hadde ikkje råd til å senda nokon representant på kvinnekonferansen i NKP, og hadde heller ikkje motteke nok materiale om konferansen. Materialet Komintern hadde motteke hadde ikkje vore omsett til tysk, og IKS understreka at dei ikkje kunne innfri Jeanette Olsens ynskje om at korrespondansen mellom kvinnesekretariata skulle vera på norsk eller svensk. Den luksusen hadde ikkje IKS råd til, og korrespondansen måtte skje på tysk, fransk eller engelsk.¹³⁸ På grunn av dette hadde ikkje det internasjonale kvinnesekretariatet kunna delteke i førebuinga av tilskipinga slik dei ynskte.

IKS kom likevel med retningslinjer for kvinnekonferansen, og Sturm utdjupa to viktige spørsmål som konferansen hadde planlagt å ta opp: Organiseringa av kvinnelege arbeidarar i industrien og i fagforeiningane, og det å nå massane av arbeidarhusmødrer gjennom dei planlagde kvinnegruppene, husmorlaga.

¹³⁴ Det var 28 representantar frå Kristiania, 2 frå Bergen, 2 frå Trondheim, 20 frå Akershus, 2 frå Østfold, 1 frå Laksevåg, 1 frå Sør-Trøndelag, 1 frå Nord-Trøndelag, 2 frå Vest-Oppland, 2 frå Buskerud, 3 frå Hedmark, 1 frå Telemark og 6 frå Vestfold. ”Det kommunistiske partis første kvinnekonferanse”, i *Norges Kommunistblad*, 19. mai 1924.

¹³⁵ F. 495, o. 178, d. 30, l. 2. Sentralstyremøte 24. april 1924.

¹³⁶ ”Norges kommunistiske partis 1st kvinnekonferanse aapnes i Kristiania”, i *Norges Kommunistblad*, 13. mai 1924.

¹³⁷ Brevet med innspela frå IKS til NKP vart trykt i redigert form i *Norges Kommunistblad*, 20. mai 1924 og i *Arbeidet*, 21. mai 1924.

¹³⁸ F. 507, o. 3, d. 123, l. 139. Brev til NKP, 14. mai 1924.

IKS byrja med å kritisera det tidlegare arbeidet i DnA. Arbeidarpartiet hadde ikkje klart å etablere nokon kontakt mellom dei kvinnelege arbeidarane i bedriftene, fagforeiningane og partiet. Men, understreka IKS, dette var ei mangelvare i alle seksjonane av Komintern, med unntak av den russiske seksjonen. Sjølve *organisasjonsforma* i DnA gjorde at mangelvara – kontakten med industriarbeidarane – vart spesielt tydeleg. Sjølvstendet til Kvindeforbundet hadde ikkje berre ført til at kvinnene vart isolerte og framandgjorte frå det generelle partiarbeidet, men hadde også hindra at partiet kom i kontakt med dei breie massane av det kvinnelege proletariatet. Det fanst enno restar av denne organisasjonsforma i NKP, meinte IKS. Oppgåvene for kvinnekonferansen og kvinnesekretariatet var difor å likvidere dei sjølvstendige kvinneforeiningane. På alle stader, også på stader der det ikkje fanst kvinnelege kommunistar, måtte NKP no setja i gong arbeidet med å mobilisera kvinner med i partiet.

I spørsmålet om planane om husmorlag, gav IKS konkrete instruksjonar om arbeidet. IKS understreka at dei såg på planen for å nå ut til massane av partilause kvinner gjennom oppbygginga av husmorlagsgrupper som ein god plan. Men for å hindra at dei nye gruppene vart eit nytt opplag av dei gamle kvinneforeiningane til DnA, måtte NKP kontrollere gruppene. Fraksjonar måtte lagast i husmorlaga. Berre dei mest skikka kameratane skulle arbeida i husmorlaga, medan dei andre kvinnelege NKP-medlemmene skulle arbeida i det generelle partiarbeidet. Kvinnene som vart valde av partiet til å arbeida i husmorlaga måtte syta for at kommunistane hadde den politiske kontrollen i laga. Slik kunne NKP unngå at laga vart reformistiske. Dei utvalde kameratane måtte organisera seg som kommunistiske celler i husmorlaga, og stå i samband med partileiinga og arbeida under deira føring og kontroll.

Målet var at husmorlaga alltid skulle verta større. Slik kunne NKP trekkja til seg kvinner som ikkje var medlemmer i partiet, og slik kunne den kommunistiske kjernen i laga også verta større. Parallellen vart dregen til delegatforsamlingane i Sovjet-Russland og sympatisørsirklane som fanst i det bulgarske og det italienske kommunistpartiet, som var døme på metodar andre seksjonar i Komintern brukte for å knyta til seg partilause kvinner frå arbeidarklassen. Oppgåvene til husmorlaga måtte ikkje avgrensa seg til oppklarande føredrag, diskusjonar og kurs, men husmorlaga måtte fylgja opp den konkrete og dagsaktuelle kampsituasjonen, og setja han i samband med kampane til heile proletariatet.

IKS understreka at det viktigaste arbeidet – politisk sett – var å nå ut til dei kvinnelege industriarbeidarane, ikkje husmødrene. Difor var det naudsynt at NKP gjekk i gang med å byggja opp strukturen med bedriftsceller, og gav kvinnesekretariatet kritikk for at det såg ut som at den planlagde kvinnekonferansen ikkje kom til å handsama dette spørsmålet grundig nok. Utan bedriftscellene var det umogleg å gjennomføra ei organisering av dei kvinnelege

arbeidarane. Arbeidet blant dei kvinnelege industriarbeidarane måtte setjast inn i ein internasjonal samanheng, slik at arbeidarane såg at det var samanhengar mellom kampane til det norske og det internasjonale proletariatet.¹³⁹

På kvinnekongressen i NKP vart spørsmåla om arbeidet blant husmødrene og dei kvinnelege industriarbeidarane sett opp på programmet, men referatet frå kongressen fortel ikkje om kva som vart drøfta i ordskifta. Kvinnesekretariatet fekk i oppgåve av kongressen å laga eit framlegg til retningslinjer for NKPs arbeid blant husmødrene og industriarbeidarane, og for arbeidet i kvinneutvala og kvinnegruppene. Forslaga skulle sendast til den internasjonale kvinnekongressen for vidare handsaming.¹⁴⁰ Det er usikkert om desse retningslinjene i det heile vart forfatta av NKP. Om retningslinjene vart laga, vart dei truleg ikkje sendte til Komintern. Då den andre kvinnekongressen i NKP i juni året etter viste ei stor interesse for arbeidet i husmorlaga og vedtok retningslinjer for husmorlaga, vart IKS overraska og NKP fekk eit åtvarande brev frå IKS i retur.¹⁴¹

Reproduktive rettar: Mødrehygienekontor og barnedrap

På kvinnekongressen heldt dottera til Katti Anker Møller, lækjaren Tove Mohr, føredrag om det nyskipa mødrehygienekontoret i Kristiania. Kontoret var eit resultat av eit langvarig samarbeid mellom Møller og arbeidarkvinnene, som delte forståinga av at kunnskap måtte til for at arbeidarkvinnene sjølve skulle kunne avgrensa barnetalet. Møller henta inspirasjon frå den engelske lækjaren Marie Carmichael Stopes, og samarbeidde med kvinneforeiningar i DnA for å gje ut brosjyren ”Et brev til de strævsomme Mødre. Om hvorledes man skal faa sunde barn og undgaa svækkede svangerskap”. Inntektene frå salet av brosjyren gjekk til opprettinga av mødrehygienekontoret.¹⁴²

I innleiinga Tove Mohr heldt på kvinnekongressen la ho vekt på å forklara tankane bak skipinga av mødrehygienekontoret. Arbeidarkvinnene trong opplysning for å få kunnskap om sin eigen kropp og for å vita korleis dei kunne avgrensa barnetalet. Mødrehygienekontoret selde preventive midlar til gifte kvinner, og bidrog til å skaffa spedbarnsutstyr.¹⁴³

Mødrehygienekontor vart seinare diskutert på fleire møte i kvinneforeiningane til NKP i

¹³⁹ F. 495. o. 178, d. 30, l. 19-26. Brev frå IKS 14. mai 1924.

¹⁴⁰ ”Kvinnekongressen avsluttet igaaraftens. Mange viktige beslutninger fattet”, i *Norges Kommunistblad*, 22. mai 1924.

¹⁴¹ E. Lorenz, 1983, s. 269, fotnote 82.

¹⁴² Etter splittinga frå DnA fekk NKP inn to representantar i styret for aksjeselskapet for mødrehygienekontoret (Jeanette Olsen og Audhild Olsen). I tillegg hadde DnA to representantar og NSA ein. Fram til 1926 vart mødrehygienekontoret drive som eit aksjeselskap mellom dei tre arbeidartaria før DnA tok over drifta. Frå 1930 vart det drive med tilskot frå kommunen. A.-L. Goller, *Katti Anker Møller og opprettelsen av Mødrehygienekontoret*, 1974, s. 14.

¹⁴³ ”Kvindekongressens avslutning”, i *Arbeidet*, 23. mai 1924.

Kristiania og omegn, og også her var det Tove Mohr som heldt føredraga.¹⁴⁴ I Bergen arbeidde kvinneutvala med planane om eit mødrehygienekontor hausten 1924, det vart sett ned eit utval som skulle utarbeida retningslinjer for opprettinga av kontoret, skaffa oppstartsmidlar og finna eit eigna lokale for kontoret.¹⁴⁵ Det vart ikkje noko av planane, og mødrehygienekontoret i Bergen vart ikkje opna før i 1936.¹⁴⁶

Ei fråsegn frå kvinnekonferansen i NKP skulle koma til å skapa mykje rabalder både innerter i partiet, i partipressa og i den borgarlege pressa; særleg i *Aftenposten*. Fråsegna sa at straffa for mord skulle opphevast viss mora tok livet av barnet eit døgn etter fødselen, uavhengig om mora var gift eller ugift. Katti Anker Møller forsvarte fråsegna i pressa, og grunn gav forsvaret med at straffa i større grad råka dei unge ugifte kvinnene frå arbeidarklassen enn overklassen. Møller hevda at "(...) straffebestemmelsen er i sannhet en klassestraff."¹⁴⁷

Fråsegna gjekk ikkje upåakta hen i partiet. På landsstyremøtet ei veke etter kvinnekonferansen, kom Albin Eines med skarp kritikk av fråsegna, og fekk støtte frå Emil Stang, Elias Volan og Olav Scheflo. Emil Stang uttalte at det var ei ulukke at fråsegna vart sett i samanheng med avgrensing av barnetalet. Jeanette Olsen måtte stå til ansvar for fråsegna, og forklarte at punktet om barnedrap ikkje hadde vore ei hovudsak på kvinnekonferansen. Fråsegna vart vedteke fordi Tove Mohr hadde vorte vald inn i straffelovskommisjonen og ynskte støtte frå partiet i denne saka. Men Jeanette Olsen måtte bøya av for kritikken og innrømme at fråsegna hadde vore uheldig.¹⁴⁸ Med denne represalien i bakhovudet var det ikkje så rart at Katti Anker Møller vart den einaste som offentleg forsvarte fråsegna frå kvinnekonferansen. Ingen medlemmer i NKP tok til ordet for oppheving av straff for barnedrap.

Elias Volan gjekk så langt at han kritiserte kvinnesekretariatet for disiplinærbrot fordi programmet for kvinnekonferansen ikkje hadde vorte lagt fram for sentralstyret, og han meinte at kvinnekonferansen hadde vedteke saker som landstyret skulle vedtaka. Olav Scheflo meinte at kvinnekonferansen hadde hatt ein viss *kvinnesakstendens*, noko Jeanette Olsen protesterte på og understreka at konferansen hovudsakleg hadde teke opp spørsmål om partiets arbeid blant kvinnene.¹⁴⁹ Kva Scheflo meinte med *kvinnesakstendens* fortel kjeldene

¹⁴⁴ Mellom anna i Kristianias kommunistiske partis kvinneutvalg, referat frå møte i *Norges Kommunistblad*, 15. januar 1924. Referat frå møte i Lørenskog, i *Norges Kommunistblad*, 29. mars 1924.

¹⁴⁵ "Kvinnearbeidet i Bergen", i *Norges Kommunistblad*, 5. september 1924.

¹⁴⁶ H. Clayhills, 1978, s. 152-153.

¹⁴⁷ "Avskaffelse av straf for barnedrap", i *Norges Kommunistblad*, 30. mai 1924 og *Arbeidet*, 5. juni 1924.

¹⁴⁸ F. 495, o. 178, d. 29, l. 7 og 10. Referat frå landsstyremøte 25.-26. mai 1924.

¹⁴⁹ F. 495, o. 178, d. 29, l. 26 og 44. Referat frå landsstyremøte 25.-26. mai 1924.

ikkje noko vidare om, men truleg meinte han at kvinnekonferansen hadde handsama kvinnespørsmål for autonomt i høve til partiet. Kvinnespørsmål skulle vera ein del av partispørsmåla og partidiskusjonen, det motsette vart oppfatta som borgarleg feminisme.

Same haust trekte Scheflo fram fråsegna om barnedrap som ei forklaring på kvifor NKP hadde oppnådd eit så dårleg resultat ved stortingsvalet. At fråsegna hadde vekt avsky i borgarlege krinsar var ingen overraska over, men også arbeidarar hadde kjent avsky for synspunktet: ”Men er *det* nogen bevis for at uttalelsen er revolusjonær? Nei, ogsaa arbeidere, ogsaa de revolusjonære arbeidere maatte studse over en slik resolusjon.”¹⁵⁰

Byrjande bolsjevisering av kvinnearbeidet i Komintern

Sommaren 1924 deltok Jeanette Olsen på den tredje internasjonale kvinnekonferansen i Moskva.¹⁵¹ Kvinnekonferansen markerte byrjinga på bolsjeviseringa av kvinnepolitikken og arbeidsmetodane blant kvinnene i Kominterns seksjonar. Konferansen, 11.–19. juli 1924, vart halden rett etter den femte verds-kongressen som vedtok bolsjeviseringstesane, og det var fyrste gong at kvinnekonferansen vart halden *etter* verds-kongressen, og ikkje *under* verds-kongressen. Verds-kongressen hadde vedteke tesar for kvinnearbeidet, på same måte som kongressen hadde vedteke tesar for andre delar av Kominterns arbeid.¹⁵² Dei viktigaste politiske vedtaka var dimed gjorde, og oppgåva til kvinnekonferansen var å finna måtar å implementera vedtaka i det vidare arbeidet blant kvinnene. Bernhard H. Bayerlein meiner at eit anna teikn på bolsjeviseringa var at verds-kongressen ikkje vedtok ei særskild politisk fråsegn om kvinnearbeidet.¹⁵³ Kvinnearbeidet skulle vera så integrert i det generelle partiarbeidet at ei særskild fråsegn var unødvendig.

Verds-kongressen markerte også byrjinga på svekkinga av det sjølvstendet IKS hadde som organ i Komintern, mellom anna ved at lovene til IKS vart endra på kongressen. Tidlegare hadde medlemmene i det internasjonale kvinnesekretariatet vorte utpeikte på dei internasjonale kvinnekonferansane, men no var det EKKI som skulle velja sekretariatsmedlemmene. EKKI tok også avgjerda om å flytta IKS frå Berlin til Moskva.¹⁵⁴ Flyttinga vart forklart med ynsket om å integrera kvinnearbeidet i det generelle arbeidet i Komintern, og slik skulle flyttinga av IKS vera eit førebilete for dei nasjonale seksjonane på

¹⁵⁰ E. Lorenz, 1983, s. 154, fotnote 24.

¹⁵¹ F. 495, o. 178, d. 30, l. 2. Referat frå sentralstyremøte 24. april 1924.

¹⁵² ”Thesen über die Arbeit der Kommunistischen Parteien unter den werktätigen Frauen”, i *Inprekorr*, nr. 125, 25. september 1924, s. 1659-1661.

¹⁵³ B. H. Bayerlein, ”Zwischen Internationale und Gulag. Präliminarien zur Geschichte der internationalen kommunistischen Frauenbewegung (1919-1945). Teil 1”, i *The International Newsletter of Communist Studies Online*, 2006, s. 35.

¹⁵⁴ E. H. Carr, *Socialism in one Country 1924-1926*, 1964, s. 981.

korleis kvinnearbeidet skulle integrerast i partia. IKS skulle i sterkare grad rådføra seg med EKKI og medlemmene frå Komintern-organ som Røde Faglige Internasjonale, kooperativavdelinga, det internasjonale bonderådet og ungdomsinternasjonen.¹⁵⁵

To spørsmål – som begge var direkte fylgjer av den nye bolsjeviseringspolitikken – skapte diskusjon på kvinnekongressen: Spørsmålet om i kor stor grad kvinneavdelingane skulle arbeida for andre sosiale grupper av kvinner enn industriarbeidarar, og korleis delegatforsamlingssystemet kunne innførast i dei vesteuropeiske landa. I begge diskusjonane stod dei russiske utsendingane, med god støtte av utsendingane frå EKKI, mot den delen av kvinnesekretariatet som hadde hatt base i Berlin; Clara Zetkin og Hertha Sturm. Diskusjonane på kvinnekongressen må sjåast i lys av styrkeforholdet mellom den sovjetrussiske seksjonen og dei andre seksjonane i Komintern. Komintern var enno ikkje ein gjennombolsjevisert organisasjon.

Debatt om målgruppe for kvinnearbeidet

Det var klart for alle utsendingane på kvinnekongressen at grunneininga for partia skulle vera bedriftscellene, at partia måtte byggja opp cellestrukturar, og at hovudmålgruppa for kvinnearbeidet var dei kvinnelege industriarbeidarane. Understrekinga av bedriftene som utgangspunktet for organiseringa førte til at kvinnekongressen vedtok at dei arbeidslause kvinnene skulle organiserast der kor dei tidlegare hadde arbeidd, og husmødrene skulle organiserast gjennom cellene der mennene deira var organiserte.¹⁵⁶ Sjølv om semja om å arbeida blant industriarbeidarane var klår, viste meiningsbrytinga på kvinnekongressen usemje om i kva grad arbeidet mellom andre grupper av kvinner, som husmødrene, dei arbeidslause kvinnene og bondekvinnene, skulle prioriterast.

Dei russiske utsendingane understreka at det var industriarbeidarane og bedriftene utgjorde den revolusjonære basisen, og det var berre i Sovjet-Russland at partiet hadde vunne dei arbeidande delane av det kvinnelege proletariatet. Det hadde dei klart fordi dei hadde prioritert dei kvinnelege industriarbeidarane. I dei kapitalistiske landa hadde dette arbeidet vorte forsømt fordi hovudvekta av arbeidet hadde vore lagt på å vinna husmødrene. Partia kunne nå dei proletariske husmødrene gjennom bedriftene, og eit systematisk, sjølvstendig arbeid blant husmødrene ville føra til ei splitting av kreftene til partia, meinte dei russiske utsendingane.¹⁵⁷ Representantane frå EKKI med John Pepper i spissen støtta dei russiske

¹⁵⁵ »Kommunistisk arbeide blandt de arbejdende kvinder i vestens kapitalistiske land og K. K. S.s virksomhet», i *Arbeidet*, 27. september 1924 og *Inprekorr*, nr. 110, 21. august 1924, s. 1418.

¹⁵⁶ L. Bendtsen, *Kominterns kvindepolitik 1919-1928*, 1979, s. 57-58.

¹⁵⁷ *Inprekorr*, nr. 106, 14. august 1924, s. 1369. Innlegg av utsendinga Pohl frå Russland.

utsendingane, og understreka at ”Es soll eine Arbeiterinnenbewegung und nicht eine Hausfrauenbewegung sein.”¹⁵⁸

Sjølv om Clara Zetkin karakteriserte bedriftene som kraftsentrumet for å forsvara interessene til dei breie kvinnemassane, meinte ho at partia ikkje berre skulle arbeida for industriarbeidarane.¹⁵⁹ Sjølv i dei landa som var mest utvikla økonomisk sett, var det berre eit fåtal med kvinner som var tilsette i industrien. Ein trong også dei breie massane med arbeidarkvinner:

”Breiteste proletarische Frauenmassen stehen also außerhalb der Betriebe. Ohne sie zu erfassen, kann das Proletariat keine siegreichen Kämpfe führen. Bei allen Kämpfen bedarf man nicht die Elitetruppen, sondern auch der großen Gewalthaufen. Das sind in unserem Falle die Arbeiterfrauen.”¹⁶⁰

Hertha Sturm var også tilhengjar av eit sterkare arbeid blant industriarbeidarane, men ho understreka at dersom dei andre seksjonane hadde hatt det apparatet den russiske seksjonen hadde, ville dei også kunne ført kampanjar for dei store kvinnemassane i bedriftene.¹⁶¹

Diskusjon om delegatforsamlingssystemet

I mars-nummeret av *Die Kommunistische Fraueninternationale* hadde diskusjonen om delegatforsamlingssystemet byrja mellom Hertha Sturm og Aino Kuusinen.¹⁶² Diskusjonen vart førd vidare på kvinnekonferansen i 1924 og toppa seg i 1926 då delegatforsamlingssystemet vart sett opp mot sjølvstendige kvinneorganiseringar.

Aino Kuusinen var overbevist om at delegatforsamlingssystemet var den beste metoden for å koma i kontakt med dei proletariske massane med kvinner, også i dei kapitalistiske landa.¹⁶³ Sturm skilde mellom bruken av delegatforsamlingssystemet i kapitalistiske land og i Sovjet-Russland. I Russland var systemet nærmast å rekna som ein del av statssystemet, meinte ho. I dei kapitalistiske landa skulle delegatforsamlingssystemet derimot brukast til å mobilisera motstand mot den eksisterande staten, og kom ikkje til å verta støtta av fagforeiningane og statsorgana, slik som i Sovjet-Russland. Føresetnaden for å ta i bruk systemet i Vest-Europa var at particellene var i stand til å styra systemet. Men dei aller

¹⁵⁸ *Inprekorr*, nr. 106, 14. august 1924, s. 1370.

¹⁵⁹ ”Der Betreib als Kraftzentrum für die Verteidigung der Lebensinteressen der breitesten Frauenmassen”, i L. Bendtsen, 1979, s. 57.

¹⁶⁰ *Inprekorr*, nr. 106, 14. august 1924, s. 1371.

¹⁶¹ *Inprekorr*, nr. 106, 14. august 1924, s. 1371.

¹⁶² Aino Kuusinen, kona til Komintern-funksjonæren Otto W. Kuusinen, arbeidde i IKS og i pressavdelinga i Komintern. Ho fekk seinare fleire oppdrag for Komintern, mellom anna som spion i Japan. Sjå sjølvbiografien hennar, *Vi skola nästen alla dö: Kominternfunktionär och lägerfånge – Otto W. Kuusinens hustru om sitt liv i Sovjet 1918-1965*, 1974.

¹⁶³ ”Die Frauen-Delegiertenbewegung in Sowjetrussland”, i *Die kommunistische Fraueninternationale*, hefte 3, mars 1924, s. 1101 i innbindinga.

fleste partia mangla feste i bedriftene, og særleg festet til dei kvinnelege arbeidarane. Å ta i bruk systemet i dei kapitalistiske landa på dette tidspunktet ville føra til at systemet kom til å ”svæve frit i luften” meinte Sturm.¹⁶⁴ Kuusinen argumenterte for at delegatforsamlingssystemet ville føra til ei mobilisering av dei breie kvinnemassane, men Sturm meinte at systemet ikkje ville vera ein betre metode enn dei metodane dei vesteuropeiske seksjonane allereie brukte. ”Da müssen wir ganz nüchtern feststellen: Wir sehen diese Möglichkeiten zur Zeit nicht.”¹⁶⁵

Atterhalda til Sturm vart tekne med i fråsegna om arbeidet vidare. Ein skulle ikkje direkte og mekanisk overføra delegatforsamlingssystemet i den sovjetrussiske forma til dei kapitalistiske landa, men oppretta ”arbeidarkvinneutval” som skulle representera eit band mellom partia og dei uorganiserte massane av kvinner, slik delegatforsamlingssystemet gjorde i Russland. Dette var eit tilpassa delegatforsamlingssystem, slik at det ikkje vart opphøgd til ”das einzige Mittel zur Bolschewisierung der Arbeiterinnen” som Clara Zetkin uttrykte det.¹⁶⁶

Meiningsbrytinga om målgruppe for kvinnearbeidet og bruken av delegatforsamlingssystemet må sjåast som eit uttrykk for at bolsjeviseringsprosessen av Komintern-apparatet og dei nasjonale seksjonane var i gang. Men slik som det vart skissert i innleiingskapitlet, må bolsjeviseringsprosessen nyanserast. Bolsjeviseringa møtte ikkje berre motstand ”nedanfrå” – på nasjonalt plan i seksjonane – men også innetter i det internasjonale kvinnesekretariatet og på kvinnekongressen. Delegatforsamlingssystemet vart ikkje direkte overført frå dei russiske røymslone, men tilpassa forholda i dei vesteuropeiske seksjonane. Bolsjeviseringa av kvinnearbeidet møtte ikkje berre motstand, men også aktiv tilpassing til bolsjeviseringspolitikken, slik semja om industriarbeidarane som hovudmålgruppe var eit uttrykk for.

Einskapsfrontarbeid

Strategien i Komintern og NKP var å laga einskapsfrontar med arbeidarane. Målet med einskapsfrontar var å styrkja arbeidarklassen mot åtak frå borgarskapet gjennom at arbeidarklassen samla seg om saker for å betra eigne kår utan at ein gjekk til organisatorisk samling med dei andre arbeidarpartia. NKP gjorde fleire forsøk på å laga slike frontar, der det mest omfattande forsøket i sjøvtendefasen kom til valet i 1924, då NKP freista få med DnA

¹⁶⁴ L. Bendtsen, 1979, s. 60.

¹⁶⁵ ”Parteilose Delegiertinnenversammlung in West-Europa”, i *Die kommunistische Fraueninternationale*, hefte 3, mars 1924, s. 1096 i innbindinga.

¹⁶⁶ L. Bendtsen, 1979, s. 60-61.

og NSA i eit valsamarbeid, men utan hell. Kvinnene i NKP var som partimedlemmer med på forsøka på einskapsfrontar, men to forsøk var unike for kvinnene i partiet.

Einskapsfront mot gulltollpålegget

I desember 1923 freista NKP å laga ein einskapsfront mot det såkalla ”gulltollpålegget”: Eit forslag frå regjeringa om at all toll skulle reknast etter ei fullverdig gullkrone. Tollen ville auka med heile 79 prosent og verta lagd på forbruksvarer som – etter NKPs syn – kom til å råka arbeidarklassen hardast.¹⁶⁷

Kvinnesekretariatet sende førespurnad til kvinnesekretariatet i DnA, NSAs kvinneforbund og Norges kooperative kvindeforbund i von om å laga ein einskapsfront som skulle organisera protestmøte og demonstrasjonar over heile landet for å hindra eit endeleg vedtak om tollpålegget.¹⁶⁸ NKP la vekt på arbeidarhusmødrenes rolle som forbrukarar: Det var arbeidarhusmødrene som kom til å verta hardast råka av tollpålegget, sidan dei hadde ansvaret for å skaffa matvarer til heimane. Arbeidarhusmødrene sleit nok som det var med å få endane til å møtast, og kvinnesekretariatet karakteriserte tollpålegget som ”fattigmannsskatt”. Sentralstyret i NKP hadde understreka at føresetnaden for å lukkast med einskapsfrontaksjonen var at ”(...) alle politiske spørsmål der staa strid om maa banlyses.”¹⁶⁹ Både Norges kooperative kvindeforbund og Norges socialdemokratiske kvinneforbund svarte ja på førespurnaden frå NKP. Norges kooperative kvindeforbund ville samarbeida under føresetnad om at ”all politik holdes utenfor”, og NSA understreka at alle tre arbeidarpertia måtte vera med på aksjonen.¹⁷⁰

Dei tre arbeidarpertia samordna motstanden sin på Stortinget, men den felles motstanden som sentralstyret i NKP prøvde å få i gang ved å laga eit fellesutval mot tollpålegget vart avslått av sentralstyret i DnA.¹⁷¹ Heller ikkje for kvinnene lukkast det å laga ein einskapsfront på dette spørsmålet. Kvinnesekretariatet i DnA svarte ikkje på førespurnaden frå NKP, og Jeanette Olsen fyrte laus:

”Ved sin stilltiende avvisning av vaart partis forslag har det norske arbeiderpartis kvinnesekretariat bevist at de ikke tror paa den masseaksjon de taler og skriver om. Ved aa tie ihjel vaart forslag om enhetsfront har de ogsaa lagt klart i dagen sin manglende respekt for sitt eget partis kvinnelige medlemmer.”¹⁷²

¹⁶⁷ P. Maurseth, *Gjennom kriser til makt (1920-1935)*, 1987, s. 409-410.

¹⁶⁸ ”Husmødrene og tollpaalegget”, i *Norges Kommunistblad*, 19. desember 1923.

¹⁶⁹ ”Vort parti indbyr til enhetsfront i kampen mot toldplyndringen”, i *Arbeidet*, 19. desember 1923.

¹⁷⁰ ”Husmødrenes enhetsfront mot tollplyndringen”, i *Norges Kommunistblad*, 7. januar 1924 og ”Kvinnenes enhetsfront mot tollplyndringen”, i *Norges Kommunistblad*, 5. januar 1924.

¹⁷¹ Forslaget frå NKP var at dei tre arbeidarpertia, Landsorganisasjonen, Norsk Syndikalistisk Federation og Statsfunksjonærenes dyrtidsutvalg skulle laga eit fellesutval. P. Maurseth, 1987, s. 410.

¹⁷² ”Kvinnenes enhetsfront mot tollplyndringen”, i *Norges Kommunistblad*, 5. januar 1924.

Kampen mot *Kvindenes enhetsfront*

Kvindenes enhetsfront var skipa sommaren 1924 i Kristiania, og var ei samanslutning av kjende, borgarlege kvinnesakskvinner som hadde til mål å samla kvinner om ei liste med ti krav til stortingsvalet hausten 1924. Sjølv om fronten var skipa med føremål å fungera i valkampen, fekk fronten eit visst framhald utover i 1925, då han også kom til Bergen. Krava til fronten var mellom anna elektrisitet i heimane, betring av folkehelsa ved skulelækjarar, utbygging av bustader og undervising i husstell på skulen.¹⁷³ ”Ingen programmer noensinne var så detaljerte og fyldige på det sosialpolitiske området som dette kvinnepolitiske dokumentet” skriv historikaren Anne-Lise Seip.¹⁷⁴

Sjølv om saker som å få senka matvareprisane og kampen for gratis skulemateriell var viktige saker for kvinneforeiningane og husmorlag i valkampen, var det kampen mot *Kvindenes enhetsfront* som fekk mest merksemd. Agitasjonen mot *Kvindenes enhetsfront* var viktig for NKP på tre måtar. For det fyrste fekk NKP høve til å markera seg mot dei borgarlege kvinnene. Krava i programmet til *Kvindenes enhetsfront* kunne nok letta kvardagen til arbeidarkvinnene om dei vart gjennomførte, men dei aller færraste arbeidarkvinnene hadde råd til elektrisitet i heimane. Grunntanken om at alle kvinner hadde fellesinteresser som kvinner, var eit spel for galleriet. Samlinga av alle kvinner i ein front kunne verka forlokkande på dei arbeidarkvinnene som ikkje var klassemedvitne nok, og NKP måtte opplysa dei umedvitne arbeidarkvinnene. At konene og døtrene til arbeidsgjevarane skulle stå saman med dei utbytta arbeidarkvinnene vart samanlikna med at ”Ulven og lammet skal gresse fredelig side om side i denne ”enhetsfronts” lysegrønne og lokkende gressgang.”¹⁷⁵

Med denne saka forsvarte NKP eit av dei viktigaste prinsippa i retningslinjene for kvinnearbeidet i Komintern. Sjølv om NKP orienterte IKS om kampen som hadde vorte ført mot einskapsfronten ved stortingsvalet hausten 1924, og seinare på våren 1925,¹⁷⁶ fekk ikkje *Kvindenes enhetsfront* merksemd frå Komintern før i 1926. Grunnen til den manglande merksemda kan vera mangelfull kommunikasjon mellom NKP og IKS. Men det er også påfallande at då Komintern fatta interesse for *Kvindenes enhetsfront*, var den norske organisasjonen sett i ein samanheng med andre liknande kampar i Vest-Europa. Slik fekk

¹⁷³ I. Blom og S. Sogner (red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, 1999, s. 252.

¹⁷⁴ A.-L. Seip, *Veiene til velferdsstaten. Norsk sosialpolitikk 1920-75*, 1994, s. 127.

¹⁷⁵ ”Kvinnenes enhetsfront”, i *Arbeidet*, 12. juni 1924 og i *Norges Kommunistblad*, 14. juni 1924.

¹⁷⁶ Slik som til dømes Arvid G. Hansen gjorde på organisasjonskonferansen i Komintern i april 1925. *Inprekorr*, nr. 101, 29. juni 1925, s. 1380.

Komintern illustrert at dei borgarlege kvinnene, også i Noreg, mobiliserte mot arbeidarklassen.¹⁷⁷

Sist, men viktigast, var saka eit godt høve for kvinnesekretariatet til å markera andsynes partiet at den verkelege einskapsfronten var fronten der menn og kvinner frå arbeidarklassen stod saman i kampen mot borgarskapet. Arbeidarkvinnene hadde ikkje noko fellesskap med dei borgarlege kvinnene, for arbeidarklassens kvinner hadde eit fellesskap med arbeidarklassens menn, meinte NKP.

Derimot var det ikkje alltid like enkelt for dei kvinnelege medlemmene å oppleva det fellesskapet og kameratskapen kvinnene i teorien skulle ha med dei mannlege medlemmene. Til ein viss grad var NKP familiebasert, i den forstand at heile familiar var medlemmer i partiet, fagorganisasjonen, pionerrørsla og/eller husmorlaga. Motstanden mannlege partimedlemmer hadde mot å sleppa ektefellene sine til i partiarbeidet vart sjeldan uttrykt skriftleg, men i kvinneavisa *Gnisten* kunne kvinnene gje uttrykk for frustrasjonen. Eit særleg problem var at kvinnene ikkje fekk fri om kveldane for å gå på husmorlagsmøte. At mennene trudde kvinnene ikkje interesserte seg for politikk, eller at kvinnene ikkje skulle ha interesse for anna enn ”onger, filler og matstell” var ei gjengs oppfatning hos dei mannlege medlemmene, meinte til dømes Tina Rustad i *Gnisten*. Forklaringa la Rustad i dei historiske føresetnadene, for med privateigedomen hadde kvinner vorte sett på som mindreverdige vesen, som nyttige husdyr. Det burde vera ei æressak for dei mannlege medlemmene i NKP å få konene og døtrene interesserte i kommunismen. Alt for mange partikameratar heldt kvinnene sine borte frå organisasjonen.¹⁷⁸

Det var ikkje berre fordi arbeidarhusmødrene sjølve skulle få meir kunnskap og verta klassemedvitne at mennene måtte la kvinnene ta del i partiarbeidet: Det ville koma heile arbeidarfamilien til gode. Viss arbeidarkvinna fekk meir kunnskap og vart klassemedviten ville kvinna støtta mannen og oppmuntra han i det faglege arbeidet, og ikkje berre ”se surt paa at han gaar paa møtene”, meinte ein annan skribent til *Gnisten*.¹⁷⁹ Kvinna måtte læra å forstå at det politiske arbeidet mannen gjorde gjennom fagforeiningsarbeid var det nyttigaste og mest ”fruktbringende” politiske arbeidet, nettopp fordi det gav økonomisk utcome til familiens livsopphald. Difor vart oppmodinga om å sleppa kvinna til i politisk arbeid ikkje

¹⁷⁷ ”Thesen und Beschlüsse der IV. Internationalen Beratung über die Arbeit unter den Frauen”, i *Inprekorr*, nr. 115, 17. september 1926, s. 1940.

¹⁷⁸ ”Duger ikke kvinnene i politikken” av Tina Rustad, i *Gnisten*, nr. 1, 1926, s. 7.

¹⁷⁹ Lesarbrev til *Gnisten* av A., nr. 6, 1926, s. 2-3.

berre retta mot mannen, men mot heile familien: ”Enhver av familiens medlemmer maa gjøre sitt til at arbeiderhusmoren kan faa en aften fri til aa gaa paa sin organisasjons møte.”¹⁸⁰

Oppsummering

Eit år etter splittinga strevde NKP framleis med å distansera seg frå Arbeidarpartiet. Arven frå DnA var tydeleg i kvinnearbeidet. Dei kvinneforeiningane som hadde vore med i Kvindeforbundet og som fylgde NKP med splittinga, skulle leggjast inn under partiet, men det var berre i Odda og i Bergen at partiet hadde gjennomført omstruktureringa. NKP var langt frå å vera eit parti der kvinnearbeidet var inkorporert i, og like viktig som, det generelle partiarbeidet.

Ideen om dei proletariske husmorlaga oppstod i sjølvstendefasen. Valet av husmødrer som den sosiale gruppa av kvinner NKP satsa på, var i strid med Kominterns prioriteringar om at det viktigaste politisk sett var å organisera dei kvinnelege industriarbeidarane. NKPs val av organisering av husmødrene i husmorlaga var eit naturleg val ut frå samtidas husmorideologisering. Ved å velja husmødrer som prioritert gruppe sikra NKP medlemmer til partiet, og skaffa partiet ein brei påverknadssfære. Husmorlaga fann sin plass i mangfaldet av organisasjonar for kvinner på 1920-talet, og husmorlaga utfordra dei andre organiseringane som appellerte til husmødrer, som Kvindenes enhetsfront og Hjemmenes Vel ved å innføra klasse som skilsmærke. Arbeidarkvinnene i husmorlaga skulle stå saman med mennene i arbeidarklassens front, og hadde ingen felles interesser med kvinner frå andre lag og klassar.

NKPs sjølvstendefase var også ein sjølvstendefase for kvinnepolitikken i Komintern. Bolsjeviseringa av Komintern og seksjonane hadde byrja, men det var framleis rom for tilpassingar og utfordring av den sovjet-russiske påverknaden. Den byrjande bolsjeviseringa av kvinnearbeidet i Komintern, med eit sterkare fokus på kvinnelege industriarbeidarar framfor husmødrene og kampen om å få innført delegatforsamlingssystemet i alle seksjonane av Komintern, kom til å by på nye utfordringar for kvinnearbeidet i NKP.

¹⁸⁰ ”Hjemmet” av D-i., i *Gnisten*, nr. 3, 1927, s. 2-3.

5. Bolsjeviseringsfasen 1925–1927

NKPs landsmøte i mai 1925 ynskte bolsjeviseringspolitikken velkommen. Partiet skulle studera og læra av røynslene til det russiske partiet, og overføra dei russiske røynslene til arbeidet i Noreg. I bolsjeviseringsfasen gjorde NKP nye forsøk på å forma kvinnepolitikken og -arbeidet etter dei russiske røynslene, og fokuset på dei kvinnelege industriarbeidarane og tiltaka for å nå dei vart forsterka. Høgdepunktet i bolsjeviseringa av kvinnearbeidet vart nådd våren 1927, då sjølve symbolet på det sovjetrussiske kvinnearbeidet, delegatforsamlingssystemet, vart freista utprøvd i Noreg.

Hovudlinjer i bolsjeviseringspolitikken

Sovjetunionen var det einaste landet der kommunistpartiet hadde gjennomført ein vellukka revolusjon og klart å halda på makta. Det mislukka revolusjonsforsøket i Tyskland i 1923 sette ein stoppar for trua på at verdsrevolusjonen ville koma med det fyrste. Sovjetunionen stod att som eit isolert land, men med lanseringa av tesen om ”sosialisme i eitt land” hausten 1924 styrkte landet seg ideologisk som førebilete for Komintern og dei nasjonale seksjonane. Oppgåvene til seksjonane vart i bolsjeviseringsfasen endra frå primært å arbeida for revolusjonen i eige land til å forsvara Sovjetunionen. Bolsjeviseringspolitikken sprang også ut av dei interne fraksjonskampane i det sovjetiske partiet etter at Lenin døydde i 1924. Oppgjeret med Trotskij førte til ein styrkt posisjon for Stalin, og denne maktkampen spreidde seg til Komintern, der bolsjevisering og kampen mot trotskisme gjekk hand i hand. Grigorij Zinovjevs posisjon som leiar i Komintern vart svekt. Under Nikolaj Bukharin vende Komintern seg til høgre i perioden 1925–1926, noko som innebar eit utvida fokus på einskapsfrontar nedanfrå og arbeidet i fagforeiningane. Arbeidet i masseorganisasjonane fekk også eit nytt innhald i bolsjeviseringa: Kommunistiske fraksjonar skulle opprettast innanfor fagforeiningane og i andre masseorganisasjonar, slik som dei norske husmorlaga. Oppgåva var å avsløra politikken til dei reformistiske sosialdemokratane.

Frå 1926 vart masseorganisasjonar og såkalla *hjelpeorganisasjonar* sedde på som eit supplement til einskapsfronttaktikken. Innanfor kvinnearbeidet førte dette til ein større aksept for at partia kunne arbeida blant husmødrer og andre sosiale grupper av kvinner, og innanfor meir sjølvstendige kvinneorganiseringar. Men hovudmålgruppa var framleis dei kvinnelege industriarbeidarane, og arbeidsmetoden for å nå dei var delegatforsamlingssystemet.

Bolsjevisering vart vedteke som eit organisatorisk direktiv på den femte verds-kongressen i Komintern juni–juli 1924, og seinare tilpassa under EKKIs femte plenum

mars–april 1925. Bolsjeviseringa var både ein organisatorisk og ideologisk prosess. Kommunistpartia skulle formast etter den leninistiske partimodellen, med demokratisk sentralisme og fraksjonsforbod. Oppbygginga av cellestrukturar, der dei kommunistiske cellene i bedriftene vart grunneiningane i partia, skulle føra til ei endring av klassesamansetjinga i partia og auka partias påverknad på arbeidsplassane. Cellestrukturen skilde kommunistane frå sosialdemokratane – i alle fall i sjølvforståinga til kommunistane. Slik kommunistane såg det, arbeidde dei innanfor bedriftene for å organisera den daglege kampen til arbeidarane, medan sosialdemokratane arbeidde utanfrå.¹⁸¹

Organisasjonskonferansen om kvinnearbeidet

Under det femte utvida EKKI-plenumet i 1925, der bolsjeviseringstesane vart modifiserte, skipa org.byrået i Komintern og IKS til ein organisasjonskonferanse om arbeidet blant kvinnene. Konferansen vart halden 5.–6. april, og frå NKP deltok ekteparet Mira og Arvid G. Hansen, i tillegg til ein A. W. Kristiansen.¹⁸² I motsetnad til kvinnekonferansane i Komintern i 1924 og 1926 vart ikkje stridsspørsmål som delegatforsamlingssystemet, målgruppe for arbeidet og sjølvstendige kvinneorganiseringar drøfta på organisasjonskonferansen. Det viktigaste resultatet av konferansen var ei fråsegn som styrkte bolsjeviseringsparola som det utvida EKKI-plenumet hadde vedteke. Den organisatoriske strukturen for kvinnearbeidet i seksjonane skulle bolsjeviserast på basis av dei russiske røynslene. Ein struktur med *valde organisatorar* med ansvar for kvinnearbeidet skulle innførast på kvart nivå i partia. Sidan kvinnearbeidet skulle vera eit arbeid for heile partiet, kunne organisatorane også vera menn. Prinsippet om at det skulle vera ein ansvarleg for kvinnearbeidet på kvart nivå i partiet, var slege fast på den femte verdskongressen året før, men vart no konkretisert.¹⁸³ Partileiinga skulle oppnemna av partileiinga, og dei skulle ikkje verta valde av dei kvinnelege medlemmene på konferansar. Dette systemet skulle også gjelda i bedriftscellene, der kvinneorganisatoren stod under kontrollen til celleleiinga. Kvinnefraksjonar skulle skipast i fagforeiningane, og vera underlagde partifraksjonane i fagforeiningane.¹⁸⁴ Med denne

¹⁸¹ E. Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite. NKP 1923-1931*, 1983, s. 141 og K. McDermott og J. Agnew. *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin*, 1996, s. 41ff.

¹⁸² *Inprekorr*, nr. 101, 29. juni 1925, s. 1381. A. W. Kristiansen kan ha vore Henry W. Kristiansen.

Mira Hansen (f. Rapgaus) var fødd i Russland. Ho var aktiv i husmorlagsrørsla i Aker og vart mykje brukt til m.a. føredrag om Sovjetunionen i husmorlaga, truleg på grunn av hennar russiskspråklege bakgrunnen. Ho var gift med Arvid G. Hansen til 1928, og seinare med Henry W. Kristiansen.

¹⁸³ ”Thesen über die Arbeit der Kommunistischen Parteien unter den werktätigen Frauen”, i *Inprekorr*, nr. 125, 25. september 1924, s. 1659-1661.

¹⁸⁴ ”Resolution der Orgberatung über die Arbeit unter den Frauen”, i *Inprekorr*, nr. 101, 29. juni 1925, s. 1382 og E. H. Carr, *Socialism in one Country 1924-1926*, 1964, s. 983-984.

sentraliserande strukturen vart ansvaret for gjennomføringa av kvinnepolitikken lagt på organisatorane partileiinga hadde peikt ut, ikkje primært på kvinnene sjølve.

På organisasjonskonferansen peikte Clara Zetkin på to feilaktige tendensar i det internasjonale kvinnearbeidet. For det fyrste fanst det enno sjølvstendige organiseringar for kvinnene som stod på sida av partia, og for det andre hadde fleire parti framleis ikkje innsett at det trongst særskilde organ for å arbeida mellom kvinnene. Arbeidet mellom dei kvinnelege industriarbeidarane var svakt i dei fleste seksjonane, men det hang saman med at dei fleste partia nettopp var komne i gang med oppbygginga av bedriftscellene.¹⁸⁵

Arvid G. Hansen førte ordet på vegne av NKP. Han heldt eit kort innlegg om stoda i Noreg, der han sa seg samd i kritikken til Zetkin om at det fanst restar av den sosialdemokratiske organisasjonsforma. Kvinneforeiningane var ikkje innlemma i NKP. Partiet hadde enno ikkje nokon kontakt med massane sidan bedriftscellestrukturen ikkje var bygd opp. Men når NKP fekk innført cellestrukturen og innlemma kvinnearbeidet i det generelle partiarbeidet, meinte han at dei partilause kvinneorganisasjonane som fanst i Noreg – husmorlaga – kom til å forsvinna.¹⁸⁶

Dette standpunktet, at husmorlaga var ei overgangsform mellom den gamle organisasjonsstrukturen og den nye med oppbygning i celler, var truleg Arvid G. Hansen åleine om i NKP, og argumentet opptre berre denne eine gongen i kjeldene.

Landsmøtet i NKP i 1925

Frå 30. mai til 2. juni 1925 heldt NKP sitt andre landsmøte. Landsmøtet var prega av fraksjonskampane i partiet, med Olav Scheflo og Arvid G. Hansen på kvar sine fløyer, og av frustrasjon etter stortingsvalet i 1924. Valet hadde vist at NKP ikkje hadde makta å gjenerobra arbeidarklassen for Komintern etter splittinga. NKP var no det minste av dei tre arbeidarpertia. Partiet hadde fått 6,1 prosent av røystene ved valet og hadde eit mislukka forsøk med eit valsamarbeid med DnA og NSA bak seg.¹⁸⁷ Trass i frustrasjonen, samla landsmøtet seg om bolsjeviseringspolitikken.

¹⁸⁵ *Inprekorr*, nr. 101, 1925, s. 1372.

¹⁸⁶ "Mit dem Aufbau der Betriebszellen und mit dem Übergang zur Eingliederung der Arbeit unter den Frauen in die allgemeine Parteiarbeit werden diese Frauengruppen langsam bei uns verschwinden." *Inprekorr*, nr. 101, 29. juni 1925, s. 1380.

¹⁸⁷ Det var fleire årsaker til spenningane mellom Scheflo på "høgrefløya" og Hansen på "venstrefløya". Hansen hadde vorte sekretær i den *Skandinaviske Partiføderasjon*, ei samling av kommunistpartia i Sverige, Noreg, Danmark og Finland, og vart av mange oppfatta som representant for Komintern i Noreg. Han hadde også god kontakt med Zinovjev. Scheflo var derimot medlem av EKKI, medan Hansen berre var kandidat. Spenningane stamma også frå usemja kring jernstreiken vinteren 1923 og våren 1924 og kritikken mot Zeth Höglund i SKP. E. Lorenz, 1983, s. 45-57.

Skipingsmøtet til NKP hadde i liten grad teke opp organisatoriske spørsmål, og det var fyrst etter at Komintern hadde utarbeidd standardstatuttar for seksjonane at NKP fekk fastlagt organisasjonsstrukturen. Grunneininga i partiet var bedriftscellene. I cellene skulle medlemmene diskutera indre partispørsmål og tilhøve på arbeidsplassen. Medlemmer som ikkje arbeidde på bedrifter, som husmødrene, skulle organiserast i *bustadceller*, etter mønster frå *gateceller* i tettbygde strok i Europa. Der det ikkje var grunnlag for bedriftsceller, som på bygdene, vart medlemmene organiserte i *kommunistlag* inndelt etter skulekrinsane.¹⁸⁸

Etter at cellene var organiserte skulle dei kvinneforeiningane som framleis eksisterte oppløysast og inkorporerast i cellene. Tanken var at når kvinnene vart aktivt med i arbeidet i cellene, kom kvinneforeiningane til å verta overflødige. Deretter kunne det skipast husmorlag, og når husmorlaget var på plass, kunne kvinneforeininga oppløyast.

Omstruktureringa til celler viste seg å ikkje vera så lett å gjennomføra for grunnorganisasjonen som landsmøtet hadde tenkt. For dei kvinnelege medlemmene førte omlegginga til at det vart skipa fleire husmorlag. Frå å ha hatt seks husmorlag totalt i 1924 (i Bergen og Odda), hadde NKP om lag tjue husmorlag med rundt tusen medlemmer i 1926.¹⁸⁹ Nokre stader vart oppbygginga til celler så til dei grader forsert at det førte til medlemstap og oppløysingstendensar, noko som råka kvinneforeiningane visse stader. Ein del partiavdelingar oppløyste kvinneforeiningane *før* dei hadde omstrukturert partiavdelinga til bedrifts- og bustadceller. I desember 1925 sende Jeanette Olsen og Christian Hilt frå NKPs sekretariat ut eit brev til partiavdelingane der dei åtvare mot om å fylgja omleggingspolitikken slavisk. Oppløysinga måtte ikkje skje mekanisk, for då stod partiet i fare for å mista medlemmer, skreiv Olsen og Hilt.¹⁹⁰

Det skulle også syna seg at bedriftscellene fungerte dårlegare enn bustadcellene. Der det vart skipa bedriftsceller herska det forvirring kring oppgåvene til cellene, og det var både motvilje og tregleik knytt til omlegginga. I 1929 kunne sentralstyret konstatera at dei fleste bedriftscellene var ”papirorganisasjoner” og at det var ein hyppig tendens til at medlemmene flykta frå bedriftscellene til bustadcellene.¹⁹¹

¹⁸⁸ E. Lorenz, 1983, s. 137-139.

¹⁸⁹ F. 507, o. 3, d. 124, l. 72. Rapport for 1926 frå kvinnesekretariatet.

¹⁹⁰ F. 495, o. 178, d. 58. Ikkje notert sidetal. Brev til partiavdelingane frå kvinnesekretariatet, 10. desember 1925, og ”Vaart arbeid blandt kvinnene”, i *Norges Kommunistblad*, 10. desember 1925.

¹⁹¹ E. Lorenz, 1983, s. 143-144.

Landsmøtet og arbeidet mellom kvinnene

Jeanette Olsen innleidde på landsmøtet om ”Arbeiderkvinnene og NKP”. Til då hadde hovudfokuset dreia seg om å få kvinneforeiningane til å gå over til å verta husmorlag. Men det hadde vore ”ganske vanskelig aa faa baade de mannlige og de kvinnelige kamerater til aa forstaa dette [omlegginga] og aa overvinne de gamle tradisjoner.”¹⁹² Alle by- og fylkespartia skulle ha kvinneutval, sjølv der det ikkje var kvinnelege medlemmer. Til no hadde det vorte sett ned 88 kvinneutval, og alle fylke unnateke Sogn og Fjordane og Troms hadde kvinneutval. Der partiet hadde sett ned kvinneutval hadde det ført til auka aktivitet i kvinnearbeidet.

NKP hadde enno ikkje forstått prinsippet om at kvinnearbeidet skulle vera ei oppgåve for heile partiet, meinte Olsen. Oppmodinga til landsmøtet var tydeleg: ”Naar landsmøtets deltagerer kommer hjem maa vaare mannlige partifeller for alvor ta sig av arbeidet blandt kvinnene.”¹⁹³ For å understreka kor viktig dette var støtta Olsen seg til Kominterns formann Zinovjevs ord om bolsjeviseringa av partiet: ”Jeg vil minne om Sinovjevs ord om at partienes bolsjevisering kan bedømmes efter den innflytelse de har over de store masser av slitende arbeiderkvinner.”¹⁹⁴

Arbeidet med jernstreiken seinhausten 1923 og våren 1924 vart oppsummert som positivt. Partiet hadde fått fleire hundre nye medlemmer, karakteriserte som ”rene proletarelementer”. Kvinnesekretariatet hadde fleire gongar freista å koma i kontakt med industriarbeidarane, men utan hell. Partiet mangla bindelekkjen til arbeidsplassane, men kvinnesekretariatet hadde trua på at når partiet fekk til ei betre organisering i bedriftene med cellestrukturen, ville moglegheitene for å koma i kontakt med industriarbeidarane auka.¹⁹⁵

Etter forslag frå Olsen vedtok landsmøtet å overlata spørsmålet om organiseringa av kvinnearbeidet til kvinnekongressen som skulle haldast rett etter at landsmøtet var slutt.¹⁹⁶ Eitt spørsmål som vedkom kvinnene vart likevel ikkje oversendt til kvinnekongressen: Spørsmålet om løn til kvinnesekretæren. Formannen Sverre Støstad stilte ikkje til attval, og forslaget frå valkomiteen var at Peder Furubotn skulle rykkja opp frå sekretær til formann. Han måtte i så fall få løn. Mindretalet i valkomiteen kom difor med framlegg om å kutta løna til kvinnesekretæren slik at formannen fekk løn. På landsmøtet gjorde representanten Hans Mallaug frå Trondheim greie for mindretalsinnstillinga. Spørsmålet vekte stor debatt.

¹⁹² *Protokol for Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 30. mai til 2. juni 1925*, 1925, s. 107.

¹⁹³ *Protokol (...)*, 1925, s. 108.

¹⁹⁴ *Protokol (...)*, 1925, s. 108.

¹⁹⁵ F. 495, o. 178, d. 58. Ikkje notert sidetal. Rapport til landsmøtet i 1925.

¹⁹⁶ ”Landsmøtet blev avsluttet i natt”, i *Norges Kommunistblad*, 3. juni 1925.

Furubotn – som var kjend for å ta mellomstandpunkt og såleis virka forsonande i konfliktane i partiet – kom med forslag om at vedtaket måtte handsamast på nytt i valkomiteen i samarbeid med representanten frå Komintern på landsmøtet, Jules Humbert-Droz.¹⁹⁷ Men valkomiteen gjorde ikkje noko vedtak i spørsmålet, og landsmøtet vedtok at løna til kvinnesekretæren skulle avgjerast av sentralstyret etter at sentralstyret hadde fått ”full klarhet over partiets økonomiske stilling.”¹⁹⁸ Jeanette Olsen kunne dimed arbeida vidare i ei lønt stilling fram til februar 1927. Då vart løna til kvinnesekretæren kutta for godt.

Den andre kvinnekongressen i NKP og reaksjonane på kongressen

Dagane etter landsmøtet heldt NKP sin andre kvinnekongress, 3.–4 juni 1925.

Representantane på kvinnekongressen hadde også delteke på landsmøtet, men ikkje med røysterrett, berre tale- og framleggsrett. 29 representantar frå 88 kvinneutval var representerte på landsmøtet, og 21 av dei 29 representantane deltok på kvinnekongressen.¹⁹⁹

I motsetnad til kvinnekongressen året før – som hadde fokus på reproduktive rettar og innføring i det kommunistiske partiets arbeid blant kvinnene – var denne kongressen vigd den organisatoriske oppbygginga av partiet. I etterkant av kongressen konkluderte partipressa med at ”den anden kongress betyr et stort skritt fremover fra den første. Forholdene er langt gunstigere nu.” Partiet hadde no både internasjonale og nasjonale røynsler å byggja arbeidet vidare på.²⁰⁰ Kvinnekongressen implementerte dei grunnleggjande vedtaka frå det utvida EKKI-plenumet og organisasjonskongressen i Komintern nokre månader tidlegare. Strukturen med ein ansvarleg organisator som var vald av partiet og ikkje av kvinnene sjølve skulle gjennomsyra alle nivåa i partiet, frå bedriftscellene til sentralleiinga. Organisatorane skulle levera rapport til partistyra minst ein gong i halvåret, og organisatorane skulle kallast inn til særskilde kongressar av partileiinga for å utveksla røynsler om arbeidet og for at partiet skulle kontrollera arbeidet vidare. På alle partikongressar skulle det vera eit punkt på saklista som tok føre seg arbeidet mellom kvinnene, noko som også samsvarte med vedtaka frå organisasjonskongressen i Komintern. Skuleringa av kvinnene skulle

¹⁹⁷ *Protokol (...)*, 1925, s. 109.

¹⁹⁸ *Protokol (...)*, 1925, s. 116.

¹⁹⁹ Representantane på kvinnekongressen var valde av styra i by- og fylkespartia i samråd med kvinneutvala. Fordelingsnøkkelen var fylgjande: Oslo og Akershus 4 representantar, Aust-Agder 1, Bergen 2, Buskerud 2, Finnmark 1, Hedmark 2, Hordaland 2, Møre 1, Nordmark 1, Nord-Trøndelag 2, Vest-Oppland 2, Rogaland 1, Sør-Trøndelag 2, Telemark 1, Trondheim 1, Vest-Agder 1, Vestfold 1 og Østfold 1. Summeringa gjev derimot berre 28 representantar. F. 495, o. 178, d. 58, l. 269. Pol.byråmøte 7. mai 1925, ”Norges kommunistiske partis landsmøte 30. mai og følgende dager”, i *Norges Kommunistblad*, 13. mai 1925, og F. 495, o. 178, d. 58. Ikkje notert sidetal. Rapport frå kvinnekongressen.

²⁰⁰ ”Omkring kvindekongressen”, i *Arbeidet*, 9. juni 1925.

opprioriterast, og det skulle alltid takast spesielle omsyn for å få kvinnene med på introduksjonskursa i partiet.²⁰¹

Retningslinjene for NKPs arbeid i husmorlaga

På kvinnekonferansen vart dei organisatoriske strukturane for husmorlaga lagde. Dei kvinnelege medlemmene i NKP skulle utgjera ein fraksjon i laget. Sjølv om IKS hadde peika på nødvendigheita av at NKP laga fraksjonar i husmorlaga allereie i mai 1924, kom ikkje forslaget om fraksjonar frå kvinnesekretariatet, men frå Johanna Bugge Olsen frå Bergen. Jeanette Olsen åtvare mot fraksjonar, fordi ho meinte at fraksjonane kunne føra til at husmorlaga vart lukka og arbeidde som dei gamle kvinneforeiningane. Det var nok at den valde organisatoren kalla saman NKP-medlemmene til samråding, meinte Jeanette Olsen. Ein kombinasjon av synspunkta til Jeanette Olsen og Johanna Bugge Olsen vart vedteken. Den valde organisatoren for kvinnearbeidet fekk ansvar for å kalla saman NKP-medlemmene i husmorlaget for å drøfta viktige vedtak som skulle opp i laget. Avgjerdene på fraksjonsmøtet skulle vera bindande for dei kommunistiske medlemmene, som dimed retta seg etter prinsippet om demokratisk sentralisme. NKP-medlemmene skulle oppføra seg på ein slik måte at dei vann tillit hos husmorlagsmedlemmene som enno ikkje hadde vorte partimedlemmer. Viss det vart fleire NKP-medlemmer i laget enn det som var naudsynt for å leia laget, kunne nokre av medlemmene verta overført til anna partiarbeid, noko som var i samsvar med meiningane til Jeanette Olsen.²⁰² Alle i husmorlaget skulle ha eigne arbeidsoppgåver slik at ingen kjende seg unødvendige, og den viktigaste oppgåva var å spreia kvinneavisa til NKP, *Gnisten*. Laga skulle skipa til masse møte, vera særleg aktive under lønskampar, motarbeida einskapsfronten til dei borgarlege kvinnene, vera med i kampen mot klassejustisen og samarbeida med Røde Hjelp.²⁰³

Arbeidet i frontorganisasjonen Norges Røde Hjelp vart oppfatta som eit kvinnespørsmål både ut frå forståinga av at kvinnene var dei mest utsette ofra for klassejustisen og ut frå synspunktet om at dei var meir eigna til å driva praktisk arbeid enn mennene.²⁰⁴ Allereie i september 1924 vart det valt medlemmer frå kvinnegruppene til Røde

²⁰¹ F. 495, o. 178, d. 58. Ikkje notert sidetal. Referat frå kvinnekonferansen – ”Organiseringen av partiapparatet for arbeidet blandt kvinnene” og ”Omkring kvindekonferansen”, i *Arbeidet*, 9. juni 1925.

²⁰² F. 507, o. 3, d. 123, l. 152 og 155-156. Referat frå kvinnekonferansen.

²⁰³ F. 495, o. 178, d. 58. Ikkje notert sidetal. Retningslinjene finst også delvis i H. Clayhills, *Kjerringer mot strømmen. Arbeiderhusmødrenes organisering og kamp i 20- og 30-åra 1978*, s. 69 og *Inprekorr* nr. 74, 15. mai 1926, s. 1179.

²⁰⁴ I. L. Andersen, *Norges Røde Hjelp 1924-1937. NKP og forsøkene på å etablere en frontorganisasjon i Norge*, 2005, s. 6ff og 41-42. Internasjonale Røde Hjelp (IRH) skulle hjelpa ofra for klassejustisen som politiske fangar og demonstrantar. Omgrepet *klassejustis* vart brukt for å markera situasjonar der utøving av lova retta seg mot

Hjelps komité i Bergen.²⁰⁵ I 1926 samarbeidde Røde Hjelp med kvinnesekretariatet om den internasjonale kvinneveka. Ein stor komité frå stort sett alle utval i NKP – frå agit.prop og Røde Hjelp til kooperativutvalet – vart sett ned sentralt for å arbeida med kvinneveka, og dei største distriktsorganisasjonane i Oslo og Akershus, Telemark, Trøndelag og på Vestlandet skulle gjera likeins.²⁰⁶ Røde Hjelp ynskte ikkje at deira egne tilskipingar skulle kollidera med tilskipingane til partiet, og søkte difor samarbeid med NKP.²⁰⁷ Trass i samarbeidet må ein kunne seia at Røde Hjelp drukna i partiets gjennomføring av kvinneveka. På det store kvinnemøtet NKP heldt i Folkets hus i Oslo i samband med kvinneveka, fekk Røde Hjelp ei minimal rolle: ”I. R. H. hadde i salen arrangert et ”Røde Hjelp-hjørne”, og en representant fra I. R.H. gav en kort redegjørelse for I. R. H.’s arbeide.”²⁰⁸

Røde Hjelp klarte aldri å byggja ut noko godt organisatorisk apparat i Noreg. Det var truleg hovudårsaka til at samarbeidet mellom kvinnesekretariatet og Røde Hjelp bar preg å vera noko tilfeldig.

Arbeidet blant dei kvinnelege industriarbeidarane

Den andre kvinnekongressen i NKP vedtok også ein fagleg politikk for dei kvinnelege arbeidarane. Likelønsprinsippet var sentralt, det same var avskaffinga av akkordsystemet og overtidsarbeidet. Kvinner skulle ha rett til obligatorisk permisjon med full løn åtte veker før og åtte veker etter fødselen, og det skulle opprettast kvilestover for dei kvinnelege arbeidarane. Oppseiing skulle skje i samsvar til ansiennitet, og dei kvinnelege arbeidarane måtte ha rett til å gå på fagskule og betra kvalifikasjonane sine. Sidan klassemedvitet til dei kvinnelege arbeidarane ikkje var så godt utvikla, førte det til at kvinnene vart utnytta av kapitalistane ved dårlegare betaling enn dei mannlege arbeidarane. I nokre fag og industritypar fekk kvinnene ikkje ein gong helvta av den løna mennene fekk. Dimed vart det skapt eit konkurranseforhold mellom dei kvinnelege og mannlege arbeidarane, som også førte til ei usemje innetter i arbeidarklassen, ei usemje som svekte forsvarskampen til heile proletariatet. Men det var ikkje berre den dårlege organiseringa eller det lite utvikla klassemedvitet som gjorde at dette misforholdet fekk halda fram. Dei reformistiske

arbeidarklassen og -rørsla. Det vart oppretta IRH-avdelingar i fleire land, den norske gjekk både under namna *Røde Hjelp* og *Norges Røde Hjelp*.

²⁰⁵ ”Kvinnearbeidet i Bergen”, i *Norges Kommunistblad*, 5. september 1924.

²⁰⁶ F. 495, o. 178, d. 71, l. 50. Møte i kvinneutvalet med saman med representantar frå agit.prop og Røde Hjelp, 4. februar 1926.

²⁰⁷ I. L. Andersen, 2005, s. 42.

²⁰⁸ ”Den internasjonale kvinneuke”, i *Norges Kommunistblad*, 5. mars 1926.

fagforeiningane var også skuldige i stoda, for der var det enno fagforeiningsleiarar som var mot at kvinner deltok i dei faglege kampane.

Arbeidet blant dei kvinnelege industriarbeidarane måtte – ”paa grund av sin viktighet” – få stor merksemd frå partiet. I bedrifter med kvinnelege arbeidarar skulle partiet laga *sirkclar* med arbeidarar frå ulike faggrupper, verkstader og avdelingar. Når fleire slike sirkclar hadde vorte skipa, skulle sirklane slutta seg saman, anten fleire på ein bedrift eller fleire sirkclar frå forskjellige bedrifter, til *sirkelgrupper*. Kom det til faglege konfliktsituasjonar, skulle det opprettast einskapsorgan som til dømes aksjonsutval og kontrollutval, og her måtte det alltid veljast representantar frå dei kvinnelege arbeidarane. I slike situasjonar skulle partistyra skipa til masse møte for arbeidarane, der møta valde representantar som skulle laga ein felles plan for arbeidet. Partistyra fekk også ansvar for å laga studiesirkclar for å skulera arbeidarane som ikkje var medlemmer i partiet.²⁰⁹

Landsmøtet og den påfylgjande kvinnekonferansen i NKP hadde no gjort dei grunnleggjande vedtaka for at NKP skulle verta eit bolsjevisert parti. Trass alle vedtaka om korleis partiet skulle arbeida blant dei kvinnelege industriarbeidarane, i fagforeiningane, blant husmødrene, i kooperasjonen og blant kvinnene busett på bygda og småbrukarane som kvinnekonferansen hadde slått fast, var det få av vedtaka som vart trykte i partipressa og gjort offentleg kjende. Det var arbeidet for husmødrene og arbeidet med å omstrukturera kvinneforeiningane som skulle koma til å ta mesteparten av tida og kreftene til kvinnesekretariatet frametter.

Reaksjonar på kvinnekonferansen

I byrjinga av august 1925 mottok kvinnesekretariatet i NKP eit bekymringsfullt brev frå Komintern. IKS hadde studert protokollane frå landsmøtet og kvinnekonferansen og meinte at partiet ikkje arbeidde godt nok med å nå ut til dei kvinnelege industriarbeidarane.

Kvinnekonferansen hadde i for stor grad fokusert på arbeidet i husmorlaga. NKP burde i staden ha lagt planar for korleis partiet kunne byggja opp bedriftscellene. IKS etterlyste ein konkret arbeidsplan for dei neste månadene for korleis NKP hadde tenkt å nå ut til dei kvinnelege industriarbeidarane i dei største byane.²¹⁰

Jeanette Olsen fylgde opp etterlysinga frå Komintern, og sende ut ein arbeidsplan til partiavdelingane. For å nå dei kvinnelege industriarbeidarane i kommunevalkampen hausten 1925 skulle partistyra i samarbeid med kvinneutvala laga særskilde flygeblad og aviser som

²⁰⁹ F. 507, o. 3, d. 124, l. 30. ”Partiets arbeide blandt industriarbeiderskene” og f. 495, o. 178, d. 58. Ikkje notert sidetal. Referat frå kvinnekonferansen – ”Organisasjonsformer for vor virksomhet blandt industriarbeiderskene.”

²¹⁰ F. 507, o. 3, d. 124, l. 1. Brev frå IKS, 5. august 1925.

retta seg inn mot dei kvinnelege industriarbeidarane.²¹¹ I Oslo og Akershus distrikt vart avisa *Arbeidersken* resultatet. Avisas kom sannsynlegvis ut hausten 1925 og vårparten 1926. *Arbeidersken* finst diverre ikkje i nokre arkiv, og kjeldematerialet gjev berre spreidde opplysningar om avisa.²¹² Våren 1926 hadde avisa nådd eit opplag på 1500 eksemplar, og kome ut med tre nummer.²¹³ Kvinnesekretariatet hadde delt avisa ut på 22 ulike bedrifter etter at arbeidsdagen var ferdig, fortalde Olga Andersen i juli 1926.²¹⁴ I likskap med dei fleste bedriftsavisene i NKP vart *Arbeidersken* finansiert av annonsar, og difor var det vanskeleg å gje ut avisa regelmessig.²¹⁵ Men trass sviktande økonomi var den største utfordringa å få kvinnelege industriarbeidarar til å skriva i avisa. ”De lover nok, men artiklene kommer ikke eller lar altfor lenge vente paa sig.”²¹⁶ Jeanette Olsen hadde ikkje mange arbeidarkorrespondentar; berre fem–seks kvinnelege industriarbeidarar, der dei fleste budde i Oslo og skreiv både til *Gnisten* og *Arbeidersken*. Utfordringa låg i ”(...) aa faa dem til aa behandle bestemte emner av rent politisk natur.”²¹⁷ Utbygginga av arbeidarkorrespondentordninga og bedriftsavisar var eit ledd i bolsjeviseringa av NKP. Partiet skulle verta eit reelt arbeidarparti og pressa skulle ikkje berre vera *for* arbeidarane, men også skrivast *av* arbeidarane, der tilhøva og dei politiske sakene på arbeidsplassane skulle gjennomsyra pressa.²¹⁸

I tillegg til produksjonen av aviser og flygeblad skulle partistyra arrangera møte for industriarbeidarane. Møta skulle arrangerast slik at dei vart ”baade festlige og agitatoriske.” Etter møta skulle partistyra prøva skipa til såkalla *kameratklubbar*, som var partilause samanslutningar i bedriftene.²¹⁹ I september 1925 vart det skipa kameratklubbar for dei kvinnelege arbeidarane i hermetikkindustrien i Bergen. Klubben skulle vera ein sosial og politisk møtestad for både arbeidarane som var fagorganiserte og dei som ikkje var det. Husmorlaget i Sandviken inngjekk eit samarbeid med kameratklubben for å betra forholda til dei kvinnelege hermetikkarbeidarane.²²⁰ Truleg vart det berre med dette eine forsøket på

²¹¹ F. 507, o. 3, d. 124, l. 234. ”Arbeidsplan for NKPs arbeide blandt kvinnene i resten av innværende aar.”

²¹² E. Lorenz, 1983, s. 274, note 58. Tittelen *Industriarbeidersken* finst i ”Beretning fra Norges Kommunistiske Partis kvinnesekretariat, januar 1926”, men det er truleg snakk om ei avis, og ikkje to ulike aviser. F. 507, o. 3, d. 124, l. 27.

²¹³ F. 507, o. 3, d. 124, l. 73. Rapport til Komintern, utan dato.

²¹⁴ F. 495, o. 178, d. 32, l. 60. Protokoll frå sentralstyremøte 6.-9. juni 1926.

²¹⁵ ”Aus der Arbeit der Kommunistische Partei Norwegens unter den Frauen”, av Mira Hansen, i *Inprekorr*, nr. 67, 4. mai 1926, s. 1020.

²¹⁶ F. 507, o. 3, d. 124, l. 26-27. ”Beretning fra Norges Kommunistiske Partis kvinnesekretariat, januar 1926.”

²¹⁷ F. 507, o. 3, d. 124, l. 73. Rapport til Komintern, utan dato.

²¹⁸ E. Lorenz, 1983, s. 170 og ”Arbeiderkorrespondenter”, i *Proletaren*, nr. 19-20, 1925, s. 296-297.

²¹⁹ F. 507, o. 3, d. 124, l. 234. ”Arbeidsplan for NKPs arbeide blandt kvinnene i resten av inneværende aar”.

²²⁰ ”Hva kan arbeiderskene lære av hermetikkonflikten?”, i *Arbeidet*, 16. september 1925.

kameratklubbar i Bergen, og året etter rapporterte Jeanette Olsen at det ikkje lukkast å halda liv i kameratklubbane lenge nok.²²¹

Den kvinnepolitiske pressa i NKP: *Gnisten* og kvinnespalter

Gnisten kom ut fyrste gong i mars 1925, og vart den viktigaste bindelekkjen mellom husmorlaga og kvinnesekretariatet.

Motivasjonen for å skipa opp ei eiga kvinneavis var samansett. Det var eit krav frå Kominterns retningslinjer om kvinnearbeidet frå 1920 at kvinnesekretariata hadde som oppgåve å gje ut eit periodisk tidsskrift som skulle ”skole de kvindelige kammerater teoretisk og opdrage dem til en dybere forståelse av af kommunismen.”²²² Då kvinnekongressen i 1924 diskuterte framlegget om å gje ut ei kvinneavis var det likevel eit anna argumentet som var lengst framme i diskusjonen. Ei eiga kommunistisk kvinneavis ville kunna demma opp for den borgarlege påverknaden som mange arbeidarkvinner vart utsette for gjennom dei borgarlege avisene og kvinneblada. Det var ikkje nok med kvinnespaltene i partiavisene for å demma opp for denne påverknaden: ”En egen avis for arbeiderkvindene vil paa en ganske anden maate kunne trænge ind i arbeiderhjemmene og vinde arbeiderkvindene for vor sak.”²²³

Kvinnekongressen i 1924 vedtok at kvinneutvala skulle samla inn pengar til eit fond for opprettinga av avisa. Innan tre månader burde fondet ha nådd den naudsynte storleiken.²²⁴ Men det tok nesten eitt år før fondet vart på tusen kroner og stort nok, og sentralstyret i NKP godkjende oppstarten av *Gnisten*.²²⁵ Interesse for avisa var stor, kunne Jeanette Olsen glad rapportera. Opplaget av det fyrste nummeret var på 2000 eksemplar. Neste nummer måtte aukast til 2500 i opplag, og det planlagde midtsommarsnummeret i 1925 måtte ”antagelig trykkes i mindst 3000.”²²⁶

Kvinnene måtte altså sjølve finansiera utgjevinga av avisa. Sentralstyret hadde sett som føresetnad for oppstarten av *Gnisten* at avisa ikkje påførte partiet nokre utgifter.²²⁷ Avisa fekk heller ikkje noka støtte frå Komintern, sjølv om delar av partipressa til NKP, særleg *Norges Kommunistblad*, fekk store økonomiske bidrag frå Komintern.²²⁸

²²¹ F. 507, o. 3, d. 124, l. 27. ”Beretning fra Norges Kommunistiske Partis kvinnesekretariat, januar 1926”.

²²² E. Andersen m.fl. (red.), *Arbejderkvinder i alle lande... Et Clara Zetkin-udvalg*, 1974, s. 162.

²²³ ”Det kommunistiske partis første kvindekongress”, i *Arbeidet*, 19. mai 1924.

²²⁴ F. 495, o. 178, d. 37. Ikkje notert sidetal. Protokoll frå NKPs kvinnekongress 17.-21. mai 1924.

²²⁵ F. 495, o. 178, d. 30, l. 233. Sentralstyremøte 23. februar 1925.

²²⁶ F. 495, o. 178, d. 58. Ikkje notert sidetal. Rapport til landsmøtet i 1925.

²²⁷ F. 495, o. 178, d. 30, l. 233. Sentralstyremøte 23. februar 1925.

²²⁸ S. G. Holtmark, ”Sovjetiske penge i norsk politik?” i M. Thing (red.), *Guldet fra Moskva. Finansieringen af de nordiske kommunistpartier 1917-1990*, 2001, s. 142-148.

Kjønnskonstruksjon i partipressa til NKP

Ein annan motivasjon for å gje ut *Gnisten* var at kvinnene var misnøgde med kvinnespaltene i partiavisene. Kvinnesekretariatet måtte fleire gonger påpeika andsynes avisene at det var eit krav om å ha kvinnespalter i avisene.²²⁹ Det var store skilnader mellom kor hyppig avisene trykte slike spalter. I 1923-, 1926-, 1928- og 1930-årgangane av *Norges Kommunistblad* var det ingen kvinnespalter, og i 1927 dukka spalta "Vaare kvinner" opp éin einaste gong. I 1929 var det oppstart av ei ny spalte, "Kvinnesiden", og sjølv om spalta skulle vera eit fast innslag i avisa kvar laurdag, var spalta berre på trykk seks gonger i løpet av året. I *Arbeidet* var stoda noko betre. Talet på kvinnespalter auka jamt og trutt gjennom heile tiåret, viss ein ser bort frå eitt års fråvære mellom mars 1926 og 1927. Høgdepunktet vart nådd i 1929 då *Arbeidet* trykte heile 44 kvinnespalter.²³⁰

Den viktigaste skilnaden mellom kvinnespaltene i dei to avisene var ikkje kor ofte avisene hadde kvinnespalter på trykk, men innhaldet i spaltene. Stoffet i *Arbeidet* er langt meir diskusjonsprega enn stoffet i *Norges Kommunistblad*. I spaltene finn ein alt frå diskusjonsinnlegg om organisatoriske spørsmål til sinte lesarbrev om tilhøva i skulen, pionerrørsla, og ikkje minst innsendt stoff frå dei handskrivne lagsblada til husmorlaga.²³¹ Det er mange parallellar mellom kvinnespaltene til den tyske publikasjonen *Arbeiter-Illustrierte-Zeitung* og kvinnespaltene i *Arbeidet*. Stoffet var innretta mot husmødrene, og det rasjonelle og vitskaplege hushaldet var prioritert. Korleis ta vare på mat utan is, korleis bada, bera og amma den nyfødde var tema den tyske publikasjonen drøfta, medan *Arbeidet* gav lesarane oppskrifter på god og billig mat for arbeidarfamiliar, eller fortalde korleis oppvasken skulle utførast mest effektivt for å unngå bakteriar og smitte.²³²

Den amerikanske historikaren Eric D. Weitz har kome med eit viktig bidrag i høve til korleis kjønnt vart framstilt i pressa utgjeve av dei vesteuropeiske medlemspartia i Komintern. Weitz meiner at pressa i Komintern-seksjonane framstilte eit eintydig mannsideal, men

²²⁹ E. Lorenz, 1983, s. 172, f. 495, o. 178, d. 30, l. 266. Pol.byrå-møte 17. mars 1925 og "Kvinnesiden", i *Norges Kommunistblad*, 12. januar 1929.

²³⁰ I 1923 var det ingen spalter. Frå 16. juni 1924 kom spalta "Arbeiderkvindernes enhetsfront" 26 gongar. Denne skulle koma kvar veke framover. I 1925 kom spalta 21 gongar, og i 1926 8 gongar, den siste 20. mars. Så dukka spalta opp under namnet "Arbeidets kvinder", som skulle vera på trykk kvar laurdag frå 5. mars 1927. I 1927 vart spalta trykt 34 gongar, i 1928 40 gongar, i 1929 44 gongar og i 1930 30 gongar.

²³¹ Mange husmorlaga hadde egne handskrivne aviser. Avisene vart lesne opp på møta i laga, og redaktøransvaret gjekk på rundgang. Det fanst fleire slike aviser, mellom anna "Gnisten" (Ålesund), "Kvinnerøsten" eller "Kvinnestemmen" (Rena), "Husmoren" (Odda), "Haapet" (Kirkenes), "Glimt" (Oslo), "Speilet" (Østre husmorlag, Oslo), "Kroa" (Oslo), "Kosten" (Sandviken, Bergen), "Holdsammen" (Tyssedal), "Stormvarsel" (Nordnes, Bergen), "Rivjernet" (Trondheim) og "Ured" (Ranheim). Dei fleste avisene er tapte, men "Husmoren" i Odda finst. H. Clayhills, 1978, s. 39 og E. Lorenz, 1983, s. 173. Ei (etter mi mening) unyansert og lite kontekstualiserande framstilling av innhaldet i "Husmoren" er gjort av T. F. Sæterdal, "Kamerat husmor": en analyse av den håndskrevne avisen "Husmoren" 1924-1964, 1992.

²³² "Oppvasken er et meget viktig arbeide. Hvad renslighet og solskin betyr for helsen", i *Arbeidet*, 18. mai 1927.

derimot eit *mangfaldig kvinneideal* som var tilpassa lesargruppa. Medan biletet av mannen var ein hardtarbeidande industriarbeidar som arbeidde politisk for å endra samfunnstilhøva, var bileta av kvinna retta inn mot dei sosiale gruppene partia søkte oppslutnad hos – i heimane, på bygdene, på gatene og i industrien. Eit av dei vanlegaste bileta av kvinnene i 1920-åra i Komintern-prensa var den proletariske husmora, framstilt som eit offer for fattigdom og depresjon, utsliten av husarbeidet og av for mange born. Kvinnene var ikkje aktivistar slik som mennene, men objekt som lesarane skulle få medynk og sympati for. Kvinnelege arbeidarar vart skildra som offer for industrien, med låge løner og lange arbeids dagar, og vart ikkje framstilte som arbeidarar med dugleikar som skapte verdjar.²³³

NKPs framstilling av husmødrene fell berre delvis saman med den passive offerrolla Weitz har skissert. Når NKP-prensa påførte husmødrene offerrolla ved retoriske spørsmål og svar som: ”Er det ikke vi humødre som faar føle uretferdigheten mest? Er det ikke vi som i første rekke faar føle hvor vanskelig det er aa holde hjemmene sammen under disse tider? Jo, ingen vil benekte det”, steig den aktive og politiske husmora fram i neste avsnitt. I husmorlaga skulle husmødrene møtast til ”felles kamp mot vaar felles fiende, kapitalistklassen.”²³⁴ Sjølv om husmødrene var dei som hadde det vanskelegast i heile arbeidarklassen, var husmødrene dei fremste forsvararane av arbeidarfamilien. Ved å forsvara barna, heimen og familien plasserte NKP husmødrene i ei aktiv rolle, der husmødrene posisjonerte seg i arbeidarklassen og tok del i arbeidarklassens kamp.

Bolsjevisering av kvinnearbeidet i Komintern

Med det sjette utvida EKKI-plenumet i februar–mars 1926 og med kvinnekongressen i mai–juni 1926 fylgde fleire markante endringar i kvinnearbeidet og -politikken i Komintern. For det fyrste vart det internasjonale kvinnesekretariatet lagt ned som ein sjølvstendig masseorganisasjon i april 1926, og erstatta av ei kvinneavdeling som stod direkte under EKKIs kontroll. For det andre vart delegatforsamlingssystemet vedteke som den viktigaste metoden for å arbeida mellom kvinnene i alle Komintern-seksjonane. På kvinnekongressen i 1926 tok dei ikkje-russiske utsendingane, med Hertha Sturm i spissen, eit siste, opposisjonelt standpunkt mot dei russiske utsendingane i spørsmålet om delegatforsamlingssystemet, utan å nå fram. Russifiseringa og sentraliseringa av kvinnepolitikken var dimed eit faktum. Likevel var ikkje bolsjeviseringa berre negativt for kvinnepolitikken og -arbeidet i seksjonane. Frå

²³³ Eric D. Weitz, ”The Heroic Man and the Ever-Changing Woman: Gender and Politics in European Communism, 1917-1950”, i L. L. Frader og S. O. Rose (red.), *Gender and Class in Modern Europe*, 1996, s. 312ff.

²³⁴ ”Husmorlagenes opgaver”, i *Gnisten*, nr. 3-4, 1927, s. 6-7.

1926 vart synet på masseorganisasjonar endra, og arbeidet i masseorganisasjonane var eit hovudspørsmål på det sjette utvida EKKI-plenumet. Tanken var å møte sosialdemokratiet på dei samfunnsområda det var svakast og å byggja ut hjelpeorganisasjonar utan partipolitisk tilknytning som skulle vera kraftfulle våpen ”i vår hand” i framtida, slik Zinovjev argumenterte under EKKI-plenumet. Å arbeida i masseorganisasjonane var ikkje ein ny tanke, men det nye låg i omfanget og agitasjon for å nå sosialdemokratane og dei som ikkje var medlemmer i noko parti.²³⁵ Det var særleg masseorganisasjonane ”til spesielle føremål” som voks fram i åra 1926–28, som Internasjonal Arbeiderhjelp, Sovjetunionens venner og Røde Hjelp.²³⁶ Det er i denne konteksten at husmorlaga i NKP fekk ein indirekte aksept frå Komintern.

Spørsmål om særeigne kvinneorganisasjonar

Eit av hovudprinsippa i Kominterns kvinnepolitikk var at kvinnelege medlemmer ikkje skulle vera tilslutta eigne kvinneforeiningar, men stå saman med mennene i partia. Likevel hadde fleire av seksjonane i åra 1924–1926 teke initiativ til å skipa kvinneorganisasjonar som stod på utsida av partia. I ei særstilling stod det tyske *Rote Frauen und Mädchen Bund* (RFMB), skipa i november 1925. På landsmøtet i *Rote Frontkämpfer Bund* hadde kvinnene vorte oppmoda til å gå ut av organisasjonen og skipa ein eigen kvinneorganisasjon. Oppmodinga vart støtta av sentrale medlemmer på venstresida i KPD som Ernst Thälmann og Ruth Fischer. Eit halvt år etter oppstarten vart Clara Zetkin leiar av kvinneorganisasjonen. Likevel var skipinga i strid med retningslinjene til Komintern. I fylgje Bendtsen skjedde godkjenninga av RFMB ut frå ei taktisk vurdering der Komintern ynskte å gje støtte til Thälmann-fraksjonen i KPD.²³⁷ Det fanst også andre kvinneorganiseringar som IKS meir eller mindre hadde godkjent: Kvinnelauga i Storbritannia som var kvinneavdelingar av kooperativrørsla, Women’s Labor League i Canada, og dei norske husmorlaga.²³⁸

IKS ynskte ei klårgjering frå EKKI, og kravde at spørsmålet om sjølvstendige kvinneorganisasjonar vart handsama på det utvida EKKI-plenumet. Under plenumsøtet vart det difor skipa til eit to-dagars møte (8.–9. mars) som skulle diskutera spørsmålet om kvinneorganisasjonane.²³⁹ Frå NKP deltok Mira Hansen.²⁴⁰

²³⁵ L. Björlin, ”Kultur och politik. Kommunistiska frontorganisationer i Sverige”, i H. Blomqvist og L. Ekdahl (red.), *Kommunismen hot och löfte. Arbetarrörelsen i skuggan av Sovjetunionen 1917-1991*, 2002, s. 66.

²³⁶ B. H. Bayerlein, ”Das neue Babylon – Strukturen und Netzwerke der Komintern”, i *Jahrbuch für Historische Kommunismusforschung*, 2004, s. 230-231.

²³⁷ L. Bendtsen, *Kominterns kvindepolitik 1919-1928*, 1979, s. 62-64.

²³⁸ *Inprekorr*, nr. 74, 15. mai 1926, s. 1171 og H. Gruber og P. Graves (red.), *Women and Socialism. Socialism and Women*, 1998, s. 137-138.

²³⁹ E. H. Carr, *Socialism in one Country 1924-1926*, 1964, s. 984.

Under møtet stod enno ein gong dei russiske utsendingane mot Hertha Sturm. Sturm meinte at kvinneorganiseringane ikkje svekte einskapsfronten, snarare tvert om, sidan organisasjonane mobiliserte kvinner som i utgangspunktet ikkje ville ha vore med i ein proletarisk einskapsfront. Dei borgarlege og sosialdemokratiske kvinnene nådde millionar av kvinner med liknande organisasjonar.²⁴¹ Mira Hansen forsvarte dei norske husmorlaga: Husmorlaga var skipa for å konfrontera dei borgarlege og sosialdemokratiske kvinnene. *Kvindenes enhetsfront* vart brukt som døme på ein borgarleg organisasjon som mobiliserte mot husmorlaga. Hansen slutta seg til Sturms argumentasjon om at husmorlaga var ein del av einskapsfronten, men ein føresetnad var at partiet sikra ein ”gesunde kommunistische Fraktion” i husmorlaga. Kommunistane måtte vita korleis dei skulle opptre og styra arbeidet gjennom fraksjonsverksemda.²⁴² I Oslo hadde det vore eit tilfelle av det motsette. Der hadde eit husmorlag arrangert fem studiemøte om kommunistiske spørsmål. I diskusjonane hadde kommunistane i husmorlaga teke kontrollen, og resultatet var at medlemmene i laget som ikkje var med i NKP meldte seg ut.²⁴³

Dei russiske utsendingane meinte at kvinneorganisasjonane var ei underordna prioritering: Det viktigaste var å arbeida i bedriftene. Varsenika Kasparova argumenterte med at partia ikkje trong spesielle organisasjonar for å nå mellomsjiktet av kvinnene, det arbeidet kunne gjerast innan IAH, Røde Hjelp og Sovjetunionens venner.²⁴⁴

Kvinnemøtet vedtok ei fråsegn som støtta separate kvinneorganisasjonar for spesielle aksjonsføremål (”für bestimmte Aktionszwecke”), men fråsegna tilrådde ikkje skiping av nye organisasjonar. Kriteriet for kvinneorganisasjonane var den noko lause formuleringa at slike organiseringar måtte vera eit hjelpemiddel til å forsterka dei ålmenne klassekamporganisasjonane.²⁴⁵ Fråsegna vart sendt vidare til kommisjonen under EKKI-plenumet som diskuterte arbeidet i masseorganisasjonane. Her kom Otto Kuusinen med knusande kritikk av kvinnesekretariatet, og særleg av Hertha Sturm, som han meinte hadde

²⁴⁰ *Inprekorr*, nr. 74, 15. mai 1926. Mira Hansen var einaste kvinne i den store delegasjonen frå NKP som reiste til Moskva i samband med det sjette EKKI-plenumsmøtet. O. M. Rønning, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et ”Labour Party” i Norge årene 1925-26*, 2000, s. 94, fotnote 289.

²⁴¹ *Inprekorr*, nr. 74, 15. mai 1926, s. 1171-1172.

²⁴² *Inprekorr*, nr. 74, 15. mai 1926, s. 1173.

²⁴³ *Inprekorr*, nr. 74, 15. mai 1926, s. 1179. Under forhandlingane i den skandinaviske kommisjonen under plenumsmøtet fortalde Haavard Langseth om den same hendinga. Husmorlaget hadde halde lange, teoretiske føredrag som førte til at dei partilause medlemmene og DnA-medlemmene meldte seg ut. Dei utmeldte hadde uttalt at husmorlaget ikkje lenger var ein masseorganisasjon for husmødrer, men ein kommunistorganisasjon. Langseth gjekk hardt ut og stempla denne hendinga som eit ultravenstreavvik, noko som må sjåast i samanheng med at Komintern under plenumsmøtet tok eit oppgjør med Arvid G. Hansen og hans ultravenstreaktivitet. F. 495, o. 164, d. 420, l. 14. Kommisjonsmøte 1. mars 1926.

²⁴⁴ *Inprekorr*, nr. 74, 15. mai 1926, s. 1177.

²⁴⁵ L. Bendtsen, 1979, s. 73.

arbeidd mot delegatforsamlingssystemet. Gong på gong hadde Komintern vedteke at delegatforsamlingssystemet skulle setjast ut i livet, men i praksis hadde ikkje IKS gjort noko for gjennomføra systemet.²⁴⁶ Resultatet av utskjellinga var at fråsegna frå kvinnemøtet ikkje vart vedteken av EKKI-plenumet. Det var fyrst etter kvinnekonferansen i mai–juni at EKKI vedtok eit syn på sjølvstendige kvinneorganisasjonar som stod i samsvar med fråsegna frå kvinnemøtet og den politikken IKS i praksis hadde ført dei siste åra.²⁴⁷ Men då var det internasjonale kvinnesekretariatet allereie lagt ned.

Den siste kvinnekonferansen i Komintern

29. mai–9. juni 1926 var Jeanette Olsen utsending på den fjerde internasjonale kvinnekonferansen i Moskva, og sendte to reisebrev til *Norges Kommunistblad*.²⁴⁸ Gjennom reisebrev vart usemja om delegatforsamlingssystemet for fyrste gong presentert i NKP-prensa. Det var to linjer i spørsmålet om delegatforsamlingssystemet. Den eine linja ville sidestilla delegatsystemet med dei kvinneorganisasjonane som hadde vorte skipa av medlemspartia i Komintern dei siste åra. IKS var ikkje motstandarar av delegatforsamlingssystemet i seg sjølv, men meinte at forsøka med systemet som kommunistpartia i Tyskland, England og i Finland hadde gjort, viste at partia mangla støtte i bedriftene, og at det dimed var vanskeleg å få til ein kontinuitet i arbeidet. Kontinuitet og støtte i bedriftene var dei føresetnadene som måtte til for at delegatforsamlingssystemet skulle fungera tilfredstillande. Kvinneorganisasjonane hadde derimot vist evna til å kontinuitet i arbeidet.²⁴⁹

Den andre linja ville gjennomføra eit konsekvent delegatforsamlingssystem, og vart fronta av dei sovjetrussiske utsendingane, med leiaren i Zjenotdel, Aleksandra Artjukhina, i spissen. Artjukhina slo fast at det ikkje lenger var noko spørsmål om delegatforsamlingssystemet var naudsynt eller ikkje – *det* spørsmålet hadde dei vesteuropeiske kommunistpartia lagt bak seg. No handla det om å finna metodar og måtar for korleis partia kunne bruka systemet. Dei sovjetrussiske utsendingane fekk støtte frå Hanna Malm, utsendinga frå det finske partiet, i kor viktig det var at systemet vart innført i alle seksjonane. Malm meinte at delegatforsamlingssystemet var så viktig at det kunne gjennomførast sjølv

²⁴⁶ *Inprekorr*, nr. 52, 1925, s. 732-733.

²⁴⁷ L. Bendtsen, 1979, s. 77-79.

²⁴⁸ ”Internasjonals fjerde kvinnekonferanse”, i *Norges Kommunistblad*, 8. og 25. juni 1926. I motsetnad til dei førre internasjonale kvinnekonferansane, hadde denne tilskipinga namnet ”Den fjerde internasjonale rådslaginga til EKKI om arbeidet mellom kvinnene”, og ikkje ”kvinnekonferanse”. Sjølve namneendringa av konferansen symboliserer også nedgradering av statusen til kvinnepolitikken i Komintern. Eg har likevel vald nemninga ”konferanse” sidan det er i samsvar NKPs nemning på tilskipinga.

²⁴⁹ L. Bendtsen, 1979, s. 71-72.

der kommunistpartia ikkje hadde fått bygd opp cellestrukturen, noko ikkje Artjukhina kunne støtta: ”Eine selbständige Delegiertenversammlung ohne Zelle ist undenkbar.”²⁵⁰ Hertha Sturm støtta dei sovjetrussiske utsendingane i synspunktet om at cellene måtte fungera godt for ein tok i bruk systemet. Tidlegare hadde IKS hevda at det ikkje var naudsynt med celler, men at partia måtte i det minste ha arbeidarsirklar med sympatiserande i bedriftene for å byggja opp delegatforsamlingssystemet. No hadde Sturm endra meining.²⁵¹

Det norske partiet møtte kritiske kommentarar frå Hertha Sturm. På det femte utvida EKKI-plenumet året før hadde Mira Hansen vore i fyr og flamme over delegatforsamlingssystemet, fortalde Sturm. Denne begeistringa over delegatsystemet hadde tydelegvis gått over i det norske partiet. Dei norske kameratane hadde forsvart skipinga av husmorlaga ut frå tanken om at dei kunne bruka laga til å koma i kontakt med massane, også dei kvinnelege industriarbeidarane. Det hadde NKP ikkje lukkast med. Skipinga av kameratklubbar vart vurdert av Sturm som gode støttepunkt for delegatforsamlingar. Men utan ei oppbygging av bedriftsceller ville ikkje delegatforsamlingane koma av flekken. NKP stod i fare for å berre konsentrera arbeidet kring husmorlaga, og dimed også forlata dei viktigaste oppgåvene blant dei kvinnelege arbeidarane.²⁵² NKP vart kritiserte for å ha ei forståing av at det var råd å byggja opp delegatforsamlingssystemet utan at partiet hadde cellestrukturen på plass. Sturm viste til innlegget frå Jeanette Olsen på kvinnekonferansen, der Olsen hadde uttalt at NKP kunne byggja opp delegatforsamlingar utan å fyrst sikra bedriftsceller. Konklusjonen til Sturm var at: ”Bei dieser falschen Einstellung wird man in Norwegen zu Delegiertenversammlung aus Hausfrauen ohne Arbeiterinnen gelangen.”²⁵³

Clara Zetkins ord på kvinnekonferansen to år tidlegare om at delegatforsamlingssystemet ikkje kunne vera det einaste middelet for å bolsjevisera kvinnearbeidet står i grell kontrast med utsegnet til Ercoli frå EKKIs sekretariat på konferansen: ”Das Sekretariat der Komintern erinnert alle Parteien an ihre absolute Pflicht, dieses System der Delegiertenversammlung einzuführen, das die fundamentale Form der Arbeit unserer Parteien unter den Frauen ist.”²⁵⁴ Den siste diskusjonen om delegatforsamlingssystemet var teken i Komintern, og det var ikkje lenger noko spørsmål om systemet passa for dei vesteuropeiske partia. Seksjonane hadde ei plikt til å innføra systemet.

²⁵⁰ *Inprekorr*, nr. 28, 11. mars 1927, s. 565.

²⁵¹ *Inprekorr*, nr. 28, 11. mars 1927, s. 575.

²⁵² *Inprekorr*, nr. 28, 11. mars 1927, s. 575-576.

²⁵³ *Inprekorr*, nr. 28, 11. mars 1927, s. 590.

²⁵⁴ *Inprekorr*, nr. 28, 11. mars 1927, s. 578.

Møte med Hertha Sturm

Under kvinnekonferansen hadde Jeanette Olsen møte med Hertha Sturm om oppgåvene til det norske partiet. Det var langt mellom rosen. Nok ein gong peika Komintern på at arbeidet for dei kvinnelege industriarbeidarane var for dårleg, og Komintern etterlyste, slik dei hadde gjort i 1925, ein arbeidsplan for kvinnearbeidet frå NKP. Berre ein liten prosentdel av dei kvinnelege medlemmene var tilsette i industrien, og bedriftscellene arbeidde ikkje med å nå ut til dei kvinnelege industriarbeidarane. Til trass for at NKP hadde rundt 100 kvinneutval, var det var berre i Oslo at NKP hadde eit medlemskartotek over kvinnelege bedriftsarbeidarar. Dei viktigaste oppgåvene for NKP var å få til eit fraksjonsarbeid i fagforeiningane og i kooperativa. I fagforeiningsarbeidet hadde ikkje NKP nokre faste støttepunkt. I tekstilindustriforbundet fanst det ingen partifraksjon og i Oslo var det berre éin tekstilarbeidar som var NKP-medlem, og ho var dessutan sjuk og budde utanfor byen. Jeanette Olsen fekk instruks om å personleg oppsøkja og instruera partiet om planane med oppbygging av bedriftsceller i hovudstaden. Dei andre stadane måtte ein senda andre partimedarbeidarar. Eit positivt trekk med NKP kom fram på møtet; dei mannlege medlemmene arbeidde mange stadar mellom husmødrene. Derimot var ikkje det tilfellet i bedriftscellene.²⁵⁵

I innleiingskapitlet vart det skissert opp ein organisasjonsmodell med ei rekkje objektive faktorar i bolsjeviseringsprosessen; kontrollmekanismar Komintern hadde høve til å bruka for å styra og kontrollera NKPs kvinnepolitiske arbeid. I løpet av dei tre åra det norske partiet hadde eksistert, var dette fyrste gongen ein av dei leiande personane for Kominterns kvinnepolitikk hadde møte med den norske seksjonen. Til no hadde det internasjonale kvinnesekretariatet brukt få av dei kontrollmekanismane som stod til deira disposisjon for å styra utviklinga i det norske partiet. Nedlegginga av det internasjonale kvinnesekretariatet kom heller ikkje til å opna opp for fleire kontrollmekanismar og moglegheiter for Komintern for å styra kvinnepolitikken og kvinnearbeidet i NKP.

Arbeiderklassens Samlingsparti og kvinnene

Arbeidet med å skipa ein paraplyorganisasjon med dei to andre arbeidarpartia og med fagorganisasjonen etter Labour Party-modellen, prega NKP frå sommaren 1925 og fram til januar 1927.²⁵⁶ Målet var å samla arbeidarklassen i ein organisatorisk einskapsfront. Hausten 1926 vart det derimot klårt at det gjekk mot ei samling mellom DnA og NSA, og med

²⁵⁵ Referatet frå møtet finst både i f. 510, o. 1, d. 12, l. 69-73 og f. 507, o. 3, d. 124, l. 132-135. Møte på Hotell Lux, 16. juni 1926.

²⁵⁶ Modellen for denne samanslutninga var det engelske partiet Labour Party. Sjå meir utfyllande om prosessen i O. M. Rønning, 2000.

kollektiv tilslutnad frå dei fleste fagforeiningane. NKP svarte med eit alternativt samlingsparti; eit parti som skulle vera ei revolusjonær klassesamling i motsetnad til den reformistiske organisatoriske samlinga mellom DnA og NSA.²⁵⁷ *Arbeiderklassens Samlingsparti* vart skipa 30. januar 1927.

Det er få kjelder som tilseier at kvinnene i NKP var spesielt engasjerte i samlingsprosessen *før* planane om Arbeidarklassens Samlingsparti var lagde, snarare tvert i mot. Berre på eitt møte diskuterte kvinnene spørsmålet om samling, og til gjengjeld var det DnAs kvinneforeining i Drammen som hadde invitert NSA og NKP-kvinnene til drøfting.²⁵⁸ Interessa for å få kvinnene engasjerte i samlinga steig då NKP byrja mobiliseringa til stiftinga av Arbeiderklassens Samlingsparti i byrjinga av januar 1927. Partiet skulle ha tilslutnad frå fagforeiningar, partilag og NKU, men også husmorlag, skogsarbeidarforeiningar, og foreiningane til dei arbeidslause skulle støtta opp den revolusjonære klassesamlinga. Kvinnene i NKP vart no mobiliserte fordi dei var medlemmer i husmorlaga.

Partiavdelingane fekk litt over to veker på å mobilisera husmorlag og kvinnelege fagforeiningar til kongressen, og kvinnesekretariatet sendte ut detaljerte instruksjonar om korleis partiavdelingane skulle gå fram. Kvinneutval måtte setjast ned i dei partiavdelingane som ikkje hadde laga kvinneutval enno, og utvala skulle samla saman dei kvinnelege medlemmene for å drøfta kva som kunne gjerast for å aktivisera kvinnene under samlingskampanjen. Husmorlag måtte skipast slik at konene til partimedlemmene og andre sympatisørar vart mobiliserte. På det fyrste møtet på nyåret skulle husmorlaga diskutera samlingskongressen, vedtaka støttefråsegner og velja utsendingar til samlingskongressen. Fraksjonen i husmorlaga måtte ha møte fyrst, slik at partimedlemmene vart samde og opptredde einsarta på møtet. I fagforeiningar for kvinner, eller fagforeiningar med ein stor del kvinner, måtte partistyret i samarbeid med kvinneutvala arbeida for å aktivisera desse medlemmene og få vald kvinner til samlingskongressen. Også på bygdene burde kvinneutvala skipa til møte for å diskutera samlingskongressen.²⁵⁹

Instruksjonane frå kvinnesekretariatet til samlingskampanjen er kanskje fyrst og fremst interessante som eit uttrykk for den organisatoriske stoda for kvinnearbeidet i partiet. Over tre år etter skipinga av NKP fanst det enno partiavdelingar utan kvinneutval, og det fanst stader der ein framleis hadde kvinneforeiningar som ikkje var omgjorte til husmorlag. Som nemnt møtte omlegginga til cellestrukturen både motstand, tregleik og passivitet i

²⁵⁷ O. M. Rønning, 2000, s. 123-126.

²⁵⁸ "Et kvinnemøte i Drammen", i *Norges Kommunistblad*, 4. mars 1925.

²⁵⁹ F. 495, o. 178, d. 82, l. 1-2. "Informasjonsskrivelse fra kvinnesekretariatet nr. 1 1927". Til distriktsstyra og partiavdelingane, 6. januar 1927.

grunnorganisasjonen. Mange medlemmer gjekk over frå bedriftsceller til bustadceller, som samsvarte meir med den tidlegare sosialdemokratiske organisasjonsforma med inndelinga etter geografisk og lokal tilhøyrse. Tendensane til å føretrakkja dei gamle, sosialdemokratiske organisasjonsformene var høgst levande hos dei kvinnelege medlemmene, noko som mest sannsynleg var hovudgrunnen til at det framleis eksisterte kvinneforeiningar og gamle organisasjonsformer i partiet.

På samlingskongressen deltok 25 representantar frå husmorlaga. Ei kvinneleg fagforeining var også representert på kongressen, *Kvindelig sild- og fiskeriarbeiderforening* i Bergen.²⁶⁰ Totalt samla kongressen 397 representantar frå 178 ulike foreiningar.²⁶¹ Elias Volan vart vald som formann i partiet, og Hulda Hanestad frå Grünerløkkens husmorlag var einaste kvinne i sentralstyret.²⁶²

Arbeiderklassens Samlingsparti vart ikkje nokon suksess. Ved stortingsvalet hausten 1927 stilte partiet lister nokre stader, men ved årsskiftet 1927–28 sovna partiet stille inn.²⁶³

Husmorlagskonferansen og delegatforsamlingssystemet

Det var Margit Wigaard i Østre husmorlag og Anna Birkenes i Grünerløkkens husmorlag som stod bak invitasjonen til husmorlagskonferansen som vart halden rett etter skipingskongressen til Arbeidarklassens samlingsparti. 25 representantar frå husmorlaga og ”en del industriarbeidersker” møtte på konferansen. Det var representantar ”helt fra Narvik i nord og til Stavanger i syd, hele vestlandet, trøndelag og forøvrig alle distrikter var representert.”²⁶⁴

I innkallinga til konferansen stod det at fordi husmorlaga hadde sett seg som oppgåve å verta ein masseorganisasjon som nådde fram til dei undertrykte og forpinte arbeidarhusmødrene, og til dei underbetalte og undertrykte kvinnelege industriarbeidarane, var den viktigaste oppgåva på konferansen å finna fram til dei rette metodane i arbeidet. Konferansen konsentrerte seg om arbeidet blant industriarbeidarane og om delegatforsamlingssystemet. Jeanette Olsen innleidde til debatt. Den politiske interessa var for tida størst hos husmødrene, og difor var det naudsynt at husmorlaga i langt større grad enn tidlegare konsentrerte seg om å vekkja den politiske og faglege interessa hos

²⁶⁰ ”Samlingsoprop til den vestlandske arbeiderklasse”, i *Arbeidet*, 4. februar 1927.

²⁶¹ ”Husmorlagene og arbeiderklassens samlingsparti”, i *Arbeidet*, 7. februar 1927. Husmorlaga i Narvik, Troms, Høyanger, Odda, Bergen, Rena, Lørenskog, Kråkerøy, Asker, Oslo, Laksevåg, Trondheim, Jevnaker, Tønsberg, Slemmestad, Skien, Ålesund, Stavanger og dei bergenske husmorlaga i Sandviken, Nordnes, Nygård og Kalfaret var representert på samlingskongressen.

²⁶² E. Lorenz, 1983, s. 81. Olga Andersen var vara til sentralstyret. I landsstyret sat Thora Abrahamsen frå Laksevåg husmorlag og Anna Sundby frå Trondheim. Marie Nilsen frå Nygård husmorlag var vara til landsstyret. ”Arbeiderklassens samlingsparti”, i *Arbeidet*, 2. februar 1927.

²⁶³ E. Lorenz, 1983, s. 82.

²⁶⁴ ”Husmorlagskonferansen”, i *Norges Kommunistblad*, 17. februar 1927.

industriarbeidarane. Dei kvinnelege industriarbeidarane spelte ei stor rolle i norsk produksjonsliv, men mange av dei var ikkje fagorganiserte og dimed hadde dei også låge løner og dårlege arbeidsvilkår.

Så klårt hadde aldri den politiske rolla til husmødrene vorte formulert før. Husmødrene som i teorien var politisk tilbakestående skulle no leia industriarbeidarane som var dei mest klassemedvitne og hadde det største revolusjonære potensialet i arbeidarklassen. Men fordi industriarbeidarane også var arbeidarhusmødrer eller unge jenter frå arbeidarheimane, ville det å betra levevilkåra deira vera med på å betra stoda for arbeidarheimane, argumenterte kvinnesekretæren.²⁶⁵ Ein grunn til at industriarbeidarane ikkje vart medlemmer i fagorganisasjonen, var at dei såg korleis dei revolusjonære arbeidarane vart utsette for trakassering på arbeidsplassen. Husmødrene måtte ”sikre aa bli venner med industriarbeiderskene og lære dem aa forstaa hvad klassekamp er” sa Olsen.²⁶⁶ Difor var den viktigaste oppgåva til husmorlaga framover ”av al kraft aa delta i arbeidet for aa faa industriarbeiderskene organisert.”²⁶⁷

Delegatforsamlingssystemet vert husmorlagas politikk

Delegatforsamlingssystemet hadde berre vore diskutert i kvinnesekretariatet og i kvinneutvalet i Trondheim, og for dei fleste utsendingane var det fyrste gong dei fekk høyra om, og høve til å diskutera, systemet. Jeanette Olsen heldt ein grundig presentasjon av arbeidsmetoden, og korleis det sovjetiske partiet hadde lukkast å nå ut til dei breie kvinnemassane ved hjelp av systemet. Systemet hadde vore oppe på fleire internasjonale kvinnekongressar, der usemja hadde dreia seg om partia kunne ta i bruk delegatforsamlingssystemet i dei vesteuropeiske landa. Men sjølv dei som ikkje trudde ein kunne bruka systemet i det kapitalistiske samfunnsystemet, hadde no kome fram til at det var ”den eneste organisasjonsform hvormed vi kan naa frem til de fattigste og mest undertrykte kvinnemasser.”²⁶⁸

Mange stader hadde NKP eit godt grunnlag for å ta i bruk delegatforsamlingssystemet, slo det i korte referatet i *Norges Kommunistblad* fast.²⁶⁹ Referatet som vart sendt til Moskva nyanserer diskusjonen på husmorlagskongressen. Ikkje alle var samde om at delegatforsamlingssystemet var eit godt system. Særleg var Dagny Sjølander overraska over

²⁶⁵ ”Husmorlagskongressen”, i *Norges Kommunistblad*, 17. februar 1927.

²⁶⁶ F. 495, o. 178, d. 82, l. 28. Referat frå husmorlagskongressen.

²⁶⁷ F. 495, o. 178, d. 82, l. 33. Fråsegna ”Husmorlagenes oppgaver i den nuværende situasjon”.

²⁶⁸ F. 495, o. 178, d. 82, l. 28. Referat frå husmorlagskongressen.

²⁶⁹ ”Husmorlagskongressen”, i *Norges Kommunistblad*, 17. februar 1927.

alle representantane som hadde gjeve tilslutnad til systemet, og sjølv innrømma ho at ho hadde vanskeleg for å skjøna det. Utsendingane frå Odda husmorlag var skeptiske til systemet fordi dei hadde ikkje fabrikkar med kvinnelege arbeidarar. Dei bergenske utsendingane var derimot meir positive fordi dei allereie hadde oppretta kontakt med kvinnelege arbeidarar på fabrikkane. Kanskje hadde Dagny Sjølander rett i at det var vanskeleg å skjøna, for i ordsiftet måtte Jeanette Olsen presisera andsynes dei bergenske utsendingane at kameratklubbane ikkje var det same som delegatforsamlingssystemet. Likevel meinte ho at føresetnadene for systemet var tilstades i Bergen. Jeanette Olsen etterlyste meir initiativ frå kvinneutvala, og at dei tok kontakt med kvinnesekretariatet. Ho hadde stor tru på at delegatforsamlingssystemet ville fungera.²⁷⁰ Det same hadde også ein representant for Komintern som var i Noreg, John Pepper, då han rapporterte til Komintern at hovudsaka på arbeidarkvinnekonferansen var overgangen frå dei tidlegare ”Frauervereine” til delegatforsamlingssystemet.²⁷¹

Kampanjeveker og forsøk på delegatforsamlingssystemet

Våren 1927 gjorde kvinnesekretariatet eit forsøk på å få partiet til å ta i bruk delegatforsamlingssystemet. NKP skipa til ein tre veker lang kampanje i samband med den utvida kvinneveka frå 8. til 31. mars. Parolane var ”Mot den imperialistiske krig i Kina, mot den nye krigsfare, mot intervensjonen i Sovjet-Unionen, mot lockouten her hjemme.” Hovudmålet med kampanjen var å koma i kontakt med fleire industriarbeidarar, men den viktigaste oppgåva var å gjennomføra delegatforsamlingssystemet, uttalte Jeanette Olsen til *Norges Kommunistblad*.²⁷²

Kvinnesekretariatet og NKPs sekretariat la opp til ein omfattande agitasjonsplan. På kvinnedagen skulle kvinneveka opna med store masse møte. For å nå ut til dei kvinnelege industriarbeidarane, var det ikkje nok å skipa til masse møte, men partiavdelingane og kvinneutvala måtte skipa til møte utanfor fabrikkportane når dei kvinnelege arbeidarane var ferdige med arbeidsdagen.

Delegatforsamlingssystemet skulle brukast i aktuelle konfliktsituasjonar, og situasjonen let ikkje venta på seg. Norsk Arbeidsgiverforening (NAF) stilte krav om eit lønsnedslag på 25–27 prosent, og Landsorganisasjonen nekta. Lockouten som NAF lyste ut, råka fleire næringar, særleg jern- og bergverkindustrien, men også sko- og tekstilindustrien,

²⁷⁰ F. 495, o. 178, d. 88, l. 30-31 og l. 39. Referat frå husmorlagskonferansen.

²⁷¹ F. 495, o. 31, d. 123a, l. 52. Brev til Skandinaviske Ländersekretariat, 2. februar 1927.

²⁷² ”Den internasjonale kvinneuke holdes fra 8.-15. mars”, i *Norges Kommunistblad*, 8. mars 1927.

som hadde mange kvinnelege arbeidarar.²⁷³ NKPs krav var at realløna ikkje skulle minska, tolv dagar ferie og garantiar for at arbeidskjøparane ikkje sat ned løna i tariffperioden. Oppskrifta for å samla kvinnene i lokale delegatforsamlingar vart send ut av Jeanette Olsen.

Industriarbeidarane skulle kallast saman til møte på bedriftene, der dei frammøtte skulle uttala seg om dei lokale tilhøva, forsøka frå arbeidsgjevarane på å pressa lønene og opprettinga av ein russisk-finsk-norsk einskapskomité.²⁷⁴ Ut frå kva dei frammøtte sa, kunne møteleiinga velja delegatar. Framlegget frå kvinnesekretariatet var ein delegat for kvar tiande arbeidar. Vidare skulle ein kalla saman konene til dei lockoutråka arbeidarane, slik dei også fekk uttala seg om stoda. Her burde ein av tretti frammøtte verta vald som delegat. Alle husmorlaga skulle handsama lockoutsituasjonen og velja delegatar – ein for kvar tretti medlemmer. Den same fordelinga gjaldt for kooperative kvinneforeiningar. Husmorlaga fekk i oppgåve å kalla saman til møte i leigekasernar og kommunale bygg, og på desse møta – som eksplisitt måtte haldast i eit husvære – skulle ein også velja ein av tretti frammøtte til å vera delegat. Også i områda kring dei store byane og industridistrikta skulle ein velja delegatar. Her skulle partiet samla bondekvinnene og husmødrene, og velja delegatar på same måte som ein gjorde i husmorlaga.

Når så alle desse møta var haldne og delegatar valde, skulle delegatane møta i ei delegatforsamling. Også for delegatforsamlinga hadde kvinnesekretariatet detaljerte planar. Kvinneutvala skulle supplerast med éin representant frå det lokale partistyret og éin frå det lokale, faglege utvalet. Det utvida kvinneutvalet skulle deretter ha møte med dei kvinnelege partikameratane, der ein sat ned ein komité som endeleg skulle førebu sjølve delegatkonferansen. Programmet for konferansen var klart:

- ”1. Første sak maa være lockoutsituasjonen og den russisk-finsk-norsk komite
2. Opprettelse av en lønsstandard svarende til de mandlige arbeidere
3. Krigsfaren. Kampen mot angrepene paa Sovjet-Rusland
4. Delegertsystemets betydning
5. Lokale spørsmål
6. Valg til ledelse til neste delegertkonferanse
7. Bestemme tiden for neste delegertkonferanse”²⁷⁵

²⁷³ B. Furre, *Norsk historie 1914-2000. Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstvil*, 1999, s. 78.

²⁷⁴ Forslaget om å inngå eit samarbeid med Landorganisasjonen i Finland og Sovjetunionen kom på LO-kongressen i 1927, frå ein allianse mellom Tranmæl, Volan, Torp og Furubotn. Målet var å oppretta såkalla gjensidigheitsavtaler og betra den internasjonale kontakten til LO. E. Lorenz, ”Fagbevegelsens gjensidigheitsavtaler med Sovjet”, i *Arbeiderhistorie*, 1989, s. 101-119.

²⁷⁵ F. 495, o. 178, d. 82, l. 48-49. ”Informasjonsskrivelse nr 3 1927 fra NKPs kvinnesekretariat”, 19. februar 1927. Brev til kvinneutvala og distriktstyra.

For at NKP skulle få det fulle herredømet over delegatforsamlingane, måtte partiet syta for at det mellom dei mest klassemedvitne kvinnene som ikkje var partimedlemmer, også vart vald tilstrekkeleg nok kvinnelege partikameratar. Sidan planen var godkjend av representantar frå Komintern, ville ein ganske sikkert oppnå ”betydelige resultater”, skreiv Jeanette Olsen. Ho tvila ikkje på at spørsmålet om opprettinga av ein russisk-finsk-norsk einskapskomité ville fanga interessa til både husmødrene og industriarbeidarane – berre spørsmålet vart lagt fram på ein enkel måte. Då ville spørsmålet verta aktuelt ”i tusen hjem og blandt ellers passive industriarbeidersker hvor det ellers ikke vil naa frem.” Gjennomføringa av planen var ganske så enkel, meinte Jeanette Olsen, men partistyra måtte ofra naudsynt tid og krefter på gjennomføringa. NKP hadde ein eineståande sjanse til å koma i kontakt med industriarbeidarane og å skapa eit band mellom dei og husmødrene. Samstundes kunne ein også få med seg kvinnene på bygda. ”Det er intet mindre end en forbrytelse om vi lar denne andlending gaa fra os” skreiv Jeanette Olsen i brevet til distriktsstyra.²⁷⁶

Sjølv om Jeanette Olsen meinte planen med delegatforsamlingar var ganske så enkel, vart delegatforsamlingssystemet aldri utprøvd i Noreg. Riktignok vart systemet førebudd i Bergen våren 1927, men arbeidet rann ut i sanda, i fylgje ein rapport til Skandinavische Ländersekretariat i Komintern.²⁷⁷ Husmorlaget i Laksevåg handsama spørsmålet om delegatforsamlingssystemet på eit møte i mai 1927, men referatet frå møtet gjev ingen peikepinnar på kva laget meinte om det.²⁷⁸ Sandviken husmorlag diskuterte systemet, og valde Ingeborg Dalland til å arbeida vidare med systemet.²⁷⁹ Det finst ingen spor i kjeldene om at nokre husmorlag på det sentrale Austlandsområdet handsama spørsmålet om delegatforsamlingssystemet.

Kvinneavdelinga i EKKI gav likevel ikkje opp håpet, og etter eit møte med Arvid G. Hansen på våren 1927, gav Komintern tilbakemelding om at NKP burde avgrensa planane om delegatforsamlingar til nokre få stader i landet. Det var ikkje nok å gje skriftlege instruksjonar, medlemmene i kvinnesekretariatet måtte reisa rundt og ta opp dei aktuelle, lokale sakene. Bergen vart igjen trekt fram som den beste staden for gjennomføringa av delegatforsamlingssystemet. Men hovudgrunnen til at NKP ikkje makta gjennomføra systemet denne gongen, var den svake stillinga partiet hadde i bedriftene. Det var hemskeen som hindra NKP i å få til ei fastare organisering av dei kvinnelege industriarbeidarane.²⁸⁰

²⁷⁶ F. 495, o. 178, d. 82, l. 59-60. ”Følgeskrivelse til informasjonsskrivelse nr. 3”, 19. februar 1927.

²⁷⁷ F. 495, o. 31, d. 124, l. 30-31. Rapport til Skandinavische Ländersekretariat, 11. april 1927.

²⁷⁸ ”Laksevåg husmorlag”, *Arbeidet*, 11. mai 1927.

²⁷⁹ ”Sandviken husmorlag”, i *Arbeidet*, 4. juni 1927.

²⁸⁰ F. 495, o. 31, d. 120, l. 21-26. Brev til NKP, utan dato, men truleg rundt mai 1927.

Den lønte kvinnesekretærstillinga forsvinn

Forslaget på landsmøtet i 1925 om å kutta løna til kvinnesekretæren vart ikkje vedteke, men frå februar 1927 vart løna til Jeanette Olsen kuttet. Avgjerda skjedde under forsikring om at kuttet skulle vera ei mellombels løysing, men kvinnesekretæren vart aldri ei lønt stilling att.

I forslaget til vedtak frå sekretariatet til pol.byråmøtet heitte det:

”Kvinnesekretærstillingen som fastlønnen ophører indtil videre paa grund av partiets vanskelige økonomiske stilling og den nuværende kvinnesekretær plasseres i en anden stilling i avisen eller forlaget.” På sekretariatsmøtet 19. februar var Arvid G. Hansen den einaste som hadde røysta mot framlegget.²⁸¹ Han meinte det var ei lite effektiv ordning å la Jeanette Olsen arbeida ”fra 9 til 4 paa et kontor og senere ta kvinnesekretariatets arbeide.” At Jeanette Olsen i tillegg skulle få til tid å gje ut *Gnisten*, meinte han var urealistisk og nemnte NKPs ideologiske tidsskrift *Proletaren* som eit døme på korleis det gjekk med ei avis når ingen arbeidde med henne: *Proletaren* hadde no 60 tingarar, og *Gnisten* hadde rundt 3000 i opplag.²⁸² Arvid G. Hansen meinte at å kutta løna til stillinga var å bryta avgjerdene frå landsmøtet. Løysinga hans var å appellera til dei kvinnelege medlemmene om å samla inn nok pengar til å oppretthalda ei lønt kvinnesekretærstilling.

Det var ein representant frå Komintern, ”Gustavsens”, som kom med forslaget om å kutta løna til kvinnesekretæren.²⁸³ ”Gustavsens” peika på at alt arbeid no måtte konsentrerast om hovudorganet *Norges Kommunistblad*. Ein kampanje for å samla inn pengar til kvinnesekretærstillinga, slik som Arvid G. Hansen hadde kome med framlegg om, ville koma i konflikt med dei tre planlagde kampanjane som skulle betra økonomien til partiet og hovudorganet. Både partiformannen Peder Furubotn og partisekretæren Ottar Lie hadde ”i maaneder ikke faat andet end nogen kroner dagen og vann.” Erling Falk, leiaren i *Mot Dag* (som i 1927–28 var medlemmer i NKP), støtta ”Gustavsens”, og meinte at ”vore funksjonærer holder jo paa aa sulte ihjel. Det maa være bedre aa innskrenke og gi dem løn.” Med dette vart vedtaket samrøystes vedteke, og Jeanette Olsens innvending om at det gjekk ut over kvinnesekretariatet også førre gong det var innsparingar, fall på steingrunn.²⁸⁴ Kanskje sikta Olsen til den perioden rundt årsskiftet 1924/25 då ho vikarierte for partisekretæren Peder

²⁸¹ F. 495, o. 178, d. 79, l. 92. Referat frå sekretariatsmøte 19. februar 1927 og E. Lorenz, 1983, s. 157.

²⁸² F. 495, o. 178, d. 78, l. 30-31. Pol.byråmøte 24. februar 1927.

²⁸³ Namnet Gustavson opptreir også i same dokument. Gustavsens/Gustavson var dekknamn for Grollmann som arbeidde i Kominterns org.avdeling. Han brukte også dekknamna Oswald og Gustav. O. M. Rønning, 2000, s. 32, fotnote 67.

²⁸⁴ F. 495, o. 178, d. 78, l. 30-31. Pol.byråmøte 24. februar 1927.

Furubotn i tre månader. Riktig nok kom ikkje vikariatet av økonomiske innsparingar, men at Furubotn sat i fengsel. Likevel førte det til at ho ikkje arbeidde i kvinnesekretariatet.²⁸⁵

Kvinneavdelinga i EKKI var skeptisk til at Jeanette Olsen ikkje fekk løn, men kunne ikkje hjelpa NKP. Gjennom Arvid G. Hansen hadde dei fått vita om kuttet. Han hadde også retta ein førespurnad om økonomisk hjelp til NKP for å oppretthalda løna til Jeanette Olsen. Men kvinneavdelinga i EKKI måtte avslå førespurnaden. Dei nasjonale seksjonane måtte sjølve stilla pengar til rådvelde for kvinnearbeidet.²⁸⁶

Oppsummering

Hovudfokuset for NKP-leiinga i bolsjeviseringsfasen var spørsmålet om å samla arbeidarklassen i ein organisatorisk einskapsfront. Dei kvinnelege medlemmene vart fyrst inkluderte i samlinga då NKPs forhandlingar med dei andre arbeidartia og fagrørsla hadde mislukkast, og NKP trengte støtte frå husmorlaga for legitimera at Arbeiderklassens Samlingsparti hadde eit breitt feste i arbeidarrørsla.

To år etter at bolsjeviseringa var vedteke som hovudparole i NKP, var partiet langt frå å vera eit bolsjevisert parti. Oppbygginga av cellestrukturen hadde ikkje endra klassesamansetjinga blant dei kvinnelege medlemmene. Framleis var størsteparten av dei kvinnelege medlemmene husmødrer. Bolsjeviseringspolitikken førte til at det vart skipa fleire husmorlag, og i bolsjeviseringsfasen fekk også husmorlaga ein organisatorisk struktur, med retningslinjene vedteke på kvinnekongressen i 1925. *Gnisten* vart starta opp i bolsjeviseringsfasen og fungerte som eit lim i NKPs kvinnearbeid, mellom kvinnesekretariatet og medlemmene i husmorlaga.

Det politiske synet på husmora vart vidareutvikla av NKP i bolsjeviseringsfasen. Husmødrene vart i denne perioden vurderte av NKPs kvinnesekretariat som den gruppa av kvinner i arbeidarklassen som var mest politiske medvitne. Difor freista kvinnesekretariatet i bolsjeviseringsfasen å bruka husmødrene for å koma i kontakt med dei kvinnelege industriarbeidarane, slik det var gjort i forsøka med kameratklubbar og delegatforsamlingssystemet. Husmødrene skulle hjelpe dei kvinnelege industriarbeidarane til å verta medvitne om sin eigen situasjon og tenna den revolusjonære gløden i hos industriarbeidarane. Det kunne husmødrene gjera ut frå tanken om at dei kvinnelege industriarbeidarane også var husmødrer. Det var altså ikkje berre det dårlege sambandet NKP

²⁸⁵ F. 495, o. 178, d. 58. Ikkje notert sidetal. Brev til IKS, 2. februar 1925.

²⁸⁶ F. 495, o. 31, d. 120, l. 25. Brev til NKP, utan dato, men truleg rundt mai 1927.

hadde med kvinnelege industriarbeidarar som legitimerte NKPs forsøk på å nå industriarbeidarane via husmødrene.

I bolsjeviseringsfasen såg Komintern med skeptiske auge på utviklinga i NKPs husmorlagsrørsle. Men trass i dei stendige gjentakingane om at det var industriarbeidarkvinnene som var den viktigaste målgruppa seksjonane, hadde Komintern no tillate bruken av sjølvstendige kvinneorganisasjonar som meir eller mindre stod på utsida av partia. Dimed fekk NKP ein indirekte aksept for å arbeida vidare i husmorlaga.

6. Ultravenstrefasen 1928–1930

1930 har vorte kalla nederlagas år for NKP. Partiet mista alle stortingsmandata sine, og gjekk tilbake frå 4,0 til 1,7 prosent oppslutnad ved valet. Påverknaden i fagrørsla var markant svekt, partipressa sleit økonomisk og partiet mista halvparten av medlemmene på eitt år. Den reduserte styrken til partiet hang saman med den overivrige implementeringa av politikken i Kominterns ”tredje periode” (1928–1933), der partiet slo inn på ein ny venstrekurs – ein *ultravenstrekurs*.²⁸⁷ I ultravenstrefasen skulle arbeidarklassen mobiliserast nedanfrå i einskapsfrontar for å føra ein klasse mot klasse-taktikk som skulle avsløra politikken til sosialdemokratiet, og til å forsvara for Sovjetunionen. Husmorlaga til NKP skulle ikkje lenger vera breie, ”upolitiske” masseorganisasjonar, men politiserast til kamporganisasjonar som skulle stå saman med det revolusjonære partiet i arbeidarklassen. Dette kapitlet drøftar korleis ultravenstrekursen fekk uttrykk i NKPs arbeid blant kvinnene.

Hovudlinjer i ultravenstrefasen

Det var fleire årsaker til at Komintern slo inn på ein venstrekurs i åra 1927–1928. På det sjuande EKKI-plenumet i november–desember 1926 heldt Bukharin ein tale der han hevda at utviklinga i etterkrigstidas Europa var delt inn i tre fasar der resultatet kom til å verta ei krise for det kapitalistiske systemet. Den fyrste fasen var kjenneteikna av revolusjonære opptøyar og konflikt mellom kommunistar og sosialdemokratlar; den andre fasen ved ei stabilisering av kapitalismen og einskapsfrontar. Den tredje fasen – som ein var på veg inn i – var prega av konfliktar og ei venstredreing i den europeiske arbeidarklassen. Kapitalistiske bedrifter ville prøva å auka produksjonskapasiteten ved å senka kostnadene i produksjonen. Arbeidsmengda som var naudsynt for å framstilla produkta skulle reduserast. Denne *rasjonaliseringa* skjedde mellom anna ved bruk av ny teknologi og betra metodar for produksjonen. Rasjonaliseringa førte igjen til hardare konkurranse mellom bedriftene, og til slutt ei profittkrise for kapitalismen. For arbeidarklassen ville rasjonaliseringa innebera arbeidsløyse, forverra levekår og auka klassekonfliktar. Seksjonane i Komintern skulle dimed føra ein klasse mot klasse-politikk, der politikken sosialdemokratiet førte andsynes arbeidarklassen skulle avslørast (”demaskerast”). Meininga var å byggja opp ein separat identitet hos kommunistane, klårt åtskild frå sosialdemokratane, der kommunistpartiet vart oppfatta som det einaste sanne arbeidarklassepartiet. I 1929 vart teorien om *sosialfascisme* innført. Trass i at teorien opphøveleg var meint for tyske forhold, vart han gjort gyldig for alle seksjonane i Komintern,

²⁸⁷ E. Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite. NKP 1923-1931*, 1983, s. 123.

også den norske. På grunn av krisa i kapitalismen ville borgarskapen verta tvungen til å finna nye alliansepartnarar for å halda på makta. Dei øvre laga av arbeidarorganisasjonane, leidde av sosialdemokratar, ville verta koopterte inn i dei eksisterande politiske samsfunnsstrukturane og utgjera ein grunnpilar for kapitalistane. Det kunne igjen føra til at kapitalistane og sosialdemokratane etablerte fascistregime i ”kritiske tilfelle.”²⁸⁸

Den taktiske hovudlinja for Komintern sidan 1922 – einskapsfronten – vart no endra. Tidlegare skulle kommunistpartia laga einskapsfrontar både *ovanfrå* og *nedanfrå*. No skulle einskapsfrontane berre dannast *nedanfrå*, med open konfrontasjon andsynes sosialdemokratane. I den faglege politikken slo også ultravenstrekursen inn med Strasbourg-tesane i 1929. Kommunistane skulle organisera og leia streikar uavhengig av, og mot, dei valde reformistiske leiingane i fagforeiningane.²⁸⁹

Ei anna årsak til venstredreinga var fraksjonskampane i det sovjetiske partiet, som særleg botna i usemjer kring Stalins industrialiserings- og kollektiviseringsprogram. Høgre-fraksjonen i VKP(b) med Bukharin i spissen vart fjerna, og kampen mot høgreopportunistane spreidde seg til Komintern. Bukharin mista stillinga som Kominterns leiar, og mange av seksjonane sette i gang utreinskingar mot høgreopportunistar, som etter venstrekursen i 1927 var nemninga på kommunistar som opna opp for samarbeid med sosialdemokratar. Etter den sjette verds-kongressen vart omgrepet brukt om personar som tydeleg braut med Stalins linje i Komintern og i det sovjetrussiske partiet.²⁹⁰

Sovjetisk utanrikspolitikk var ei tredje årsak til venstredreinga. I 1927 kom ei rekkje tilbakeslag for dei internasjonale banda til Sovjetunionen. Nederlaget med einskapsfronten i Kina og forverra diplomatiske band til Frankrike og Storbritannia – noko som toppa seg då Storbritannia braut alle diplomatiske band med Sovjetunionen i mai 1927 – førte til ei krigsfrykt (”war scare”) i den sovjetiske partileiinga. Frykta for åtak på Sovjetunionen frå dei imperialistiske landa vart eit påskot for å undertrykkja opposisjonen i det sovjetrussiske partiet, der Trotskij og Zinovjev vart skulda for å ikkje støtta opp under einskapsfronten i partiet i ei kritisk tid. Krigsfrykta spreidde seg vidare til Komintern, der oppgåva til seksjonane vart å byggja opp eit forsvar for Sovjetunionen i tilfelle krig. I forsvaret for Sovjetunionen spelte også fagforeiningane og masseorganisasjonane ei viktig rolle.

²⁸⁸ K. McDermott og J. Agnew, *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin*, 1996, s. 98-101 og E. Hansen, *NKP og Komintern under den tidlige fasen av Kominterns ”tredje periode” 1927-1930*, 2006, s. 20-21.

²⁸⁹ E. Lorenz, 1983, s. 94-98.

²⁹⁰ E. Hansen, 2006, s. 19-20.

Det internasjonale kommunistiske kvinnearbeidet

EKKIs kvinneavdeling, som tok over etter at det internasjonale kvinnesekretariatet i Komintern vart lagt ned i april 1926, finst det få opplysningar om. Det var lite kontakt mellom NKP og kvinneavdelinga – i 1929 sendte kvinneavdelinga berre to brev til kvinnesekretariatet i NKP, i 1930 ingen. I perioden 1928–1930 finst det ingen opplysningar om kvinneavdelinga i NKP-prensa. Det vart heller ikkje skipa til nokre internasjonale kvinnekongressar mellom 1926 og august 1930, sjølv om det var planar om ein konferanse i 1928.²⁹¹ Kvinnepolitikken i den kommunistiske internasjonalen hadde vorte ei intern sak i det byråkratiske Komintern-apparatet.²⁹²

Nedlegging av kvinneavdelinga i det sovjetiske partiet

Arbeidet med gjennomføringa av den fyrste femårsplanen fekk stendig meir fokus i Sovjetunionen. Behovet for arbeidskraft, einskap og vilje frå folket for å støtta opp under den forserte industrialiseringa og kollektiviseringa av jordbruket kom til å skyggja over andre partispørsmål – som kvinnearbeidet i Zjenotdel. Kvinnene skulle no mobiliserast til støtte for oppgåvene med femårsplanen, og ikkje lenger ut frå særskilde saker som vedkom dei som kvinner. Eit godt døme er slagordet på kvinnedagen i 1930. No handla det ikkje lenger om kvinnekraft, men om ”100 prosent kollektivisering!”²⁹³

5. januar 1930 vart Zjenotdel lagt ned av politbyrået i samband med ei større omorganisering av sentralkomiteen. Agit.prop vart delt i to og kvinnearbeidet lagt under avdelinga for agitasjon og massekampanjar, *agitmass*, som hadde til oppgåve å leia kampanjar mellom massane til støtte for kollektiviseringa av jordbruket. Våren 1929 møtte partiet motstand i kollektiviseringa på landsbygda. Bondekvinner hadde leia spontane opprør mot korninnsamlinga og mot kollektivbruka, *kolkosane*. Sommaren same år tok difor Lazar M. Kaganovitsj, medlem i sentralkomiteen og ein av Stalins støttespelarar, initiativet til å forma ut nye tesar og oppgåver for Zjenotdel, i tillegg til det han framstilte som ei

²⁹¹ F. 495, o. 178, d. 88, l. 62. Sekretariatsmøte 10. april 1928. Av referatet går det fram at det var planar om ein internasjonal kvinnekongress i samband med den sjette verdskongressen i Komintern. Kvinnesekretariatet i NKP vart oppmoda om å senda ein kamerat til den planlagde kvinnekongressen. Kvinnekongressen vart det ikkje noko av, men Olga Andersen var ein av fleire utsendingar frå NKP på verdskongressen som varte frå juli til september 1928.

²⁹² B. H. Bayerlein, ”Zwischen Internationale und Gulag. Präliminarien zur Geschichte der internationalen kommunistischen Frauenbewegung (1919-1945). Teil 1”, i *The International Newsletter of Communist Studies Online*, 2006, s. 44.

²⁹³ R. Stites, *The Women's Liberation Movement in Russia. Feminism, Nihilism, and Bolshevism 1860-1930*, 1991, s. 344.

”reorganisering” av kvinneavdelinga. I realiteten var det ei nedlegging.²⁹⁴ Kaganovitsj meinte at kvinneavdelinga hadde vore naudsynt tidlegare for å utdanna kvinner til å ta del i partiet og samfunnet, men sidan kvinnene no hadde byrja ta del i arbeidslivet, staten og partiet, fungerte ei eiga kvinneorganisering ineffektivt. Metodane som Zjenotdel hadde brukt var så vellukka at heile partiet skulle ta dei i bruk. Det var ikkje naudsynt å retta merksemda mot kvinnene som kjønn, men som arbeidarar: ”It is time to begin to promote women not as women but as workers – equal, adult, and developed”, skreiv Kaganovitsj i det siste nummeret av kvinneavisa *Kommunistka* våren 1930.²⁹⁵

Kominterns kvinnepolitikk i ultravenstrefasen

Utviklinga i Sovjetunionen med å mobilisera kvinner på grunnlag av sakene i det sovjetiske partiet, spreidde seg også til Komintern og til seksjonane, der Komintern vart stadig viktigare for sovjetisk utanrikspolitikk. I 1927 og 1928 var hovudsakene for kvinneavdelinga i Komintern å mobilisera kvinnene mot ein invasjonskrig i Kina og mot krigstrugsmåla mot Sovjetunionen. Både oppgåvene og eksistensen til kvinnerørsla vart no vorte reduserte til å vera ein kopi av oppgåvene og eksistensgrunnlaget til partia. Den internasjonale proletariske kvinnerørsla skulle ikkje lenger vera ei drivkraft for å endra kvinnene si stilling i samfunnet, men eit ”reservoar” for den konjunkturbestemte klassekampen, skriv Lisbeth Bendtsen.²⁹⁶

Bendtsen har teke for seg kvinnepolitiske artiklar i hovudorgana til Komintern. I perioden 1927 til 1930 finn Bendtsen ingen artiklar av teoretisk karakter eller diskusjonar og synspunkt som kunne vera kontroversielle i høve til den offisielle kvinnepolitikken. ”Det er stillstand i den politiske– og teoretiske debat, og utviklingen af politikken består i en konkretisering af de allerede længe eksisterende retningslinier.” Fråværet av politisk debatt var ein reaksjon på dei skarpe debattane i 1926 og fraksjonskampar som rasa i Komintern og det sovjetiske partiet.²⁹⁷

Trass den politiske stillstanden og lite diskusjon var det ideologisk viktigare for Komintern å arbeida blant kvinnene – og då blant industriarbeidarane – i denne perioden enn nokon gong før. Fleire kvinner vart tilsette i industrien på grunn av rasjonaliseringa, og talet på kvinnelege industriarbeidarar kom til å auka, meinte Komintern. Dimed ville også den revolusjonære rolla kvinnene spelte i klassekampen verta viktigare, og Komintern slo fast at ”(...) arbeiderkvinnene idag hører til de beste og mest klassebevisste elementer innenfor

²⁹⁴ W. Z. Goldman, *Women at the Gates. Gender and Industry in Stalin's Russia*, 2002, s. 49-51.

²⁹⁵ W. Z. Goldman, 2002, s. 53-55.

²⁹⁶ L. Bendtsen, *Kominterns kvindepolitikk 1919-1928*, 1979, s. 93-95.

²⁹⁷ L. Bendtsen, 1979, s. 94.

arbeiderklassen.”²⁹⁸ Kvinnene vart tilsette i industrien som billig arbeidskraft, men det var også kvinnene som kom til å kjenna arbeidsløysa hardest når mennene vart oppsagde. På grunn av desse argumenta prioriterte Komintern opp arbeidet blant dei kvinnelege industriarbeidarane og arbeidet blant dei arbeidslause. I NKP kom denne tankegangen til uttrykk ved at husmorlaga arbeidde med spørsmål knytte til arbeidsløyse, og at Hanna Bergstrøm var leiar både i kvinneutvalet og for arbeidsløyserørsla i 1931.²⁹⁹ Komintern bygde også ut eit apparat for å koma i kontakt med dei stadig fleire kvinnelege industriarbeidarane. *Røde Faglige Internasjonale* (RFI) oppretta ei kvinneavdeling og la sterkare vekt på å få kvinner med i fagforeiningane.³⁰⁰ Arbeidet i *Internasjonal arbeiderhjelp* (IAH) vart på same måte som arbeidet i Røde Hjelp sett på som eit særskild arbeid for kvinnene, og IAH oppretta eigne kvinneseksjonar i 1929. I ultravenstrefasen endra også IAH seg frå å vera ein støtteorganisasjon som dreiv med bistand og filantropisk arbeid for proletariatet til å verta ein sjølvhjelpsorganisasjon der dei proletariske massane skulle støtta dei pågåande streikane og aksjonane.³⁰¹ Sett i lys av svekkinga av kvinneavdelinga i EKKI saman med oppprioriteringa av det faglege arbeidet, er det symptomatisk at det var kvinnekomiteen i RFI som tok initiativ til å kalla inn kvinnesekretærene i seksjonane til konferanse i august 1930 i Moskva, og ikkje kvinneavdelinga i Komintern. Dette var den fyrste internasjonale kvinnekonferansen sidan 1926. Konferansen vart ikkje omtalt i NKP-prensa, og NKP deltok truleg ikkje på konferansen.

Klasse mot klasse-politikken førte til eit sterkare fokus på å demaskera borgarlege og sosialdemokratiske kvinneforeiningar. Tidlegare hadde Komintern arbeidd mot dei borgarlege kvinneforeiningane ut frå synet om at den borgarlege politikken ikkje kunne føra fram til frigjeringa av kvinnene, og at dei borgarlege foreiningane tilslørte klassemotsetnadene. Kampen mot dei borgarlege kvinneforeiningane fekk i ultravenstrefasen eit nytt innhald. I fylgje Komintern kom dei borgarlege kvinneforeiningane til å samla støtte for klassemotsetnadene, anten i form av militær trening for å førebu seg på ein krig mot Sovjetunionen, eller som ideologisk støtte til sosialdemokratane eller fascistane.

²⁹⁸ ”Internasjonale Arbeiderhjelps kvinneavdeling”, i *Arbeideren*, 10. desember 1929.

²⁹⁹ Jf. upublisert avhandling av Ole Martin Rønning (F. 495, o. 31, d. 133, l. 235. Rapport frå utvida sentralstyremøte i NKP, 14.-15. mars 1931.)

Hanna Bergstrøm, (1885-1948) f. Magnusson, i Sverige. Fekk fleire tillitsverv i Konfeksjonsarbeidernes forening. Vart i 1928 styremedlem i Skredderforbundet, men vart i 1930 suspendert for opposisjonell politikk. Vart med i NKP i 1925, medlem av pol.byrået og leiar i kvinneutvalet frå 1929. Bergstrøm vart fyrstekandidat for NKP i Oslo ved stortingsvalet i 1930. E. Lorenz, 1983, s. 288.

³⁰⁰ I kjeldematerialet dukkar ”R.F.I.s arbeiderskekomite” opp i januar 1929. ”Brev til alle kvinnelige arbeiderkorrespondenter”, i *Norges Kommunistblad*, 12. januar 1929.

³⁰¹ L. Bendtsen, 1979, s. 94.

Kampen mot høgreavvika i seksjonane og i Komintern-byråkratiet slo også inn i den internasjonale kommunistiske kvinnerørsla. I Kominterns kvinneavdeling vart personalet skifta ut; inn kom sovjetrussiske kvinner. Tyske Hertha Sturm, høgrehanda til Clara Zetkin, vart stempla som høgreavvikar og returnerte til Tyskland i oktober 1928. Clara Zetkin sjølv møtte ingen represaliar, sannsynlegvis motverka den høge alderen og statusen hennar det. Også russiske kvinner vart stempla som avvikarar. I 1924 hadde Klavdija Nikolajeva vorte vald som internasjonal sekretær i IKS saman med Hertha Sturm. Ho var leiar i Zjenotdel i 1924–25. Det tette sambandet hennar med Zinovjev og deltakinga i ”den sameinte opposisjonen” i 1926 gjorde at ho vart forflytta til Kaukasus for andre partioppgåver.³⁰² Andre kvinner vart overflytta til andre stillingar i Komintern, slik som Aino Kuusinen som arbeidde i presseavdelinga i Komintern og Hanna Malm, kona til den finske partileiaren Kullervo Manner. I 1935 vart Malm fengsla og vart eit offer for utreinskingane i Sovjetunionen.³⁰³

På det tiande EKKI-plenumet i 1929 kritiserte Varava Mojrova, som då var leiar i kvinneavdelinga til EKKI, høgreavvika i den kommunistiske kvinnerørsla. Kritikken vart gjenteken i 1930. Partia hadde prioritert kultur- og opplysningsarbeid over arbeidet med å støtta dei økonomiske og politiske kampane til proletariatet. Dette avviket hadde særleg fått utvikla seg i tyske *Rote Frauen und Mädchen Bund*. Avvika hadde også manifestert seg i ein manglande vilje til å avsløra sosialdemokratiet og ei undervurdering av betydinga arbeidarkvinnene hadde i den revolusjonære rørsla. Kvinnearbeidet i dei vesteuropeiske landa hadde ikkje utvikla seg som det burde dei siste ti åra – partia hadde enno ikkje nådd dei arbeidande kvinnene. Høgreopportunisme var Mojrovas forklaring på at seksjonane i Vesten ikkje hadde teke i bruk delegatforsamlingssystemet. Kampen mot høgreavvika og opportunistane vart stendig viktigare, og partia måtte nok ein gong studera dei sovjetiske røynslene. Delegatforsamlingssystemet skulle vera grunnlaget for kvinnearbeidet i seksjonane.³⁰⁴

³⁰² B. E. Clements, *Bolshevik women*, 1997, s. 287.

³⁰³ B. H. Bayerlein, 2006, s. 45.

³⁰⁴ L. Bendtsen, 1979, s. 95-96.

Byrjande nedgang i det sentrale kvinnearbeidet i NKP

Tidleg på året 1928 kom det fyrste utslaget av Kominterns venstrekurs i NKPs politikk.

Valnederlaget for NKP i 1927 var stort. NKP hadde no berre tre mot tidlegare seks representantar på Stortinget, og hadde gått tilbake frå 6,1 til 4,0 prosent av røystene.³⁰⁵ DnA var valets soleklære vinnar. Etter at Bondepartiet gav opp å laga ei borgarleg samlingsregjering, fekk DnA oppdraget av kong Haakon. Regjeringa til Christopher Hornsrud tok til 28. februar 1928, men regjeringserklæringa fekk mistillit i Stortinget, og regjeringa fekk ei levetid på berre atten dagar. Grunnen til mistilliten var utanomparlamentarisk press frå bankkapitalen, der direktøren i Noregs Bank og Johan L. Mowinckel i Venstre samarbeidde slik at regjeringssmakta igjen gjekk til eit borgarleg parti.

Korleis stilte NKP seg til regjeringsskipinga? Det utkrystalliserte seg to retningar i sentralstyret. Høgrefløya, med Olav Scheflo, Emil Stang, Jeanette Olsen og Erling Falk, meinte at så lenge ei arbeidarregjering førte ein politikk som var til det beste for arbeidarklassen, burde regjeringa få støtte frå NKP. På venstrefløya stod Arvid G. Hansen som avviste alle fordelar med ei DnA-regjering. Leiaren, Peder Furubotn, tok eit mellomstandpunkt i likskap med fagforeiningsmannen Elias Volan.

Då Hansen, Furubotn og Volan reiste til Moskva på møte og partisekretæren Ottar Lie var på turné i Nord-Noreg, låg vegen open for at høgrefløya i sentralstyret fekk fremja politikken sin. Diskusjonen vart ført i sekretariatet og i *Norges Kommunistblad*, og var i byrjinga prega av uvisse. 3. februar 1928 mottok sekretariatet brev frå Moskva med det som skulle vera NKPs erklæring i regjeringsspørsmålet. Erklæringa sa at regjeringa hadde kome i stand for å hjelpa borgarskapet ut av ei blindgate, eit standpunkt Scheflo ikkje delte. Til trass for at sentralstyret hadde vedteke det, nekta han å lesa erklæringa opp i Stortinget. Scheflo var likevel ikkje ukritisk til regjeringsskipinga. DnA hadde no forplikta seg til å vera konsekvent i politikken sin, og forsøka seg som regjeringsparti. DnA var eit reformistisk parti som berre kunne oppnå kortsiktige fordelar for arbeidarklassen gjennom reformpolitikken: Dei verkelege endringane skjedde berre gjennom revolusjonær politikk, og politikken til DnA kunne difor aldri nå fram til frigjering for arbeidarklassen.

2. mars offentleggjorde NKP-leiinga eit ope brev til medlemmene, etter instruksjonar frå Komintern. Brevet var vedteke i pol.byrået med sju mot fem røyster og oppsummerte lærdommane etter regjeringa. NKP tok avstand frå all ikkje-revolusjonær parlamentarisk

³⁰⁵ Framstillinga om NKP og Hornsrud-regjeringa er henta frå P. Maurseth, *Gjennom kriser til makt (1920-1935)*, 1987, s. 434ff, E. Lorenz, 1983, s. 99-103 og E. Hansen, 2006, s. 23-50.

politikk, og meinte at DnA hadde kapitulert andsynes borgarskapen. Tranmæl-fløya i DnA hadde vist seg like reformistisk som den sosialdemokratiske fløya i partiet. Hadde DnA vore eit verkeleg revolusjonært parti, ville dei ikkje gått inn i regjering. Dagen før offentleggjeringa melde høgrefløya i sentralstyret, Jeanette Olsen, Olav Scheflo og Emil Stang, seg ut i protest.

Jeanette Olsen var truleg den viktigaste personen i kvinnearbeidet i partiet. Ho hadde mange års røynsle frå partiarbeid, både i stillinga som kvinnesekretær, redaktør for *Gnisten* og frå kvinnearbeid i DnA før splittinga. Det er difor naudsynt å gje synspunkta hennar på Hornsrud-regjeringa plass, og å sjå på reaksjonane etter at ho melde seg ut av NKP.

I marsnummeret av *Gnisten* leverte Jeanette Olsen eit forsvar for ”arbeidarregjeringa”, som etter hennar meining ikkje var ei verkeleg arbeidarregjering. Heile arbeidarklassen hadde ikkje stått bak regjeringa, og regjeringa hadde difor ikkje kome i stand under dei rette føresetnadene. Skulda for den korte levetida til regjeringa la ho på samansettinga i leiinga i DnA. Der stod gamle ministersosialistar som Hornsrud mot utprega anarkist-syndikalistiske personar som Tranmæl. Denne usemja i partiet førte til at Tranmæl til slutt måtte røysta for regjeringa, men samstundes hadde han fått gjennom ei regjeringserklæring som hadde ei slik form at det borgarlege stortingsfleirtalet vart nøydt til å fella regjeringa. Dei som hadde røysta på DnA ved valet hadde vorte narra av spelet til reformistane. DnA var ikkje innstilt på å forsvare regjeringsskipinga utanomparlamentarisk. Til trass for desse synspunkta håpa Jeanette Olsen at neste gong det kom ei arbeidarregjering ville heile arbeidarklassen stå bak regjeringa, og ho var skuffa over at regjeringa vart sitjande så kort tid.³⁰⁶ Jeanette Olsen kritiserte altså ikkje korkje handlemåten til Komintern eller forsøka frå Komintern på å få NKP til å samanlikna DnA med borgarskapen.

Korleis såg kvinnene på utmeldinga til Olsen? Dagmar Eilerth skreiv den fyrste leiarteigen i *Gnisten* etter utmeldinga, og ho var ikkje nådig i karakteristikken av Olsen: ”Jeanette Olsen har sviktet partiet, – har slaatt følge med renegatene ut av de revolusjonære arbeidernes rekke!”³⁰⁷ Eilerth meinte Olsen hadde synt seg som ein fiende av partiet fordi ho hadde støtta Tranmæl. Olsen hadde oppfatta tranmælismen som noko særnorsk, men Eilerth meinte det berre var ein norsk variant av den internasjonale, sentristiske metoden som heldt dei venstreinnstilte arbeidarane fast i sosialdemokratiet. Olsen hadde vurdert Tranmæl og DnA på ein feilaktig måte, ved at Olsen meinte Tranmæl vart nøydt til å danne regjering:

³⁰⁶ ”Den første ”arbeiderregjering””, i *Gnisten*, nr. 2-3 1928, s. 2.

³⁰⁷ ”Jeanette Olsens faneflukt”, i *Gnisten*, nr. 4-1928, s. 2 og i *Norges Kommunistblad*, 24. april 1928.

Folket hadde tvunge Tranmæl til å velja ei arbeidarpartiregjering i staden for ei bonderegjering.

Det let seg ikkje slå fast kor mange som melde seg ut av partiet saman med Stang, Schefflo og Olsen.³⁰⁸ Dagmar Eilerth skreiv at mange kvinner vart harme på utmeldinga til Jeanette Olsen, men Eilerth oppmoda kvinnene til å mobilisera kreftene sine til å støtta opp om partiet og til auka aktivitet mot det klassefiendtelege sosialdemokratiet. Oppmodinga til Eilerth var i tråd med synet NKP-leiinga hadde på utmeldingane: Utmeldingane var ein styrke for partiet. No kunne NKP framstå som eit einskapleg parti der medlemmene stødde opp under synspunkta til leiinga.³⁰⁹ Men utmeldinga til Jeanette Olsen skulle føra til vanskar for kvinnearbeidet i NKP.³¹⁰

Den nye kursen for NKPs kvinnearbeid

Kvinneavdelinga i Komintern reagerte på utmeldinga ved å senda kvinnesekretariatet i NKP hovudlinjer for arbeidet vidare, som Komintern hadde drøfta med Hanna Bergstrøm på eit møte i Moskva. 7. mars 1928 hadde også Arvid G. Hansen drøfta kvinnearbeidet i NKP med Kominterns kvinneavdeling. Om Hansen hadde fått i oppdrag frå kvinnesekretariatet å ta opp desse spørsmåla, eller initiativet til møtet var hans eige, gjev ikkje kjeldene noko svar på. Kor som er, ein månad etter møtet vart Arvid G. Hansen vald inn i kvinnesekretariatet.³¹¹ Olga Andersen hadde no teke over som kvinnesekretær etter Jeanette Olsen.³¹²

Den viktigaste oppgåva for den nye leiinga i kvinnesekretariatet var arbeidet i bedriftene og fagforeiningane. Spørsmål om likeløn, arbeidskonfliktar, streik og vern for kvinnelege arbeidarar hadde fått stå i bakgrunnen i forhold til arbeidet i husmorlaga. Sjølv kampanjar for forsvar av Sovjetunionen hadde ikkje nådd ut til andre kvinner enn medlemmene i husmorlaga, meinte Komintern.³¹³

³⁰⁸ E. Hansen, 2006, s. 45-46, fotnote 132.

³⁰⁹ E. Hansen, 2006, s. 46.

³¹⁰ F. 495, o. 178, d. 124, l. 113. Rapport til Skandinaviske Ländersekretariat, utan dato.

³¹¹ F. 495, o. 178, d. 88, l. 67. På sekretariatsmøte 20. april 1928 vart Olga Andersen, Dagmar Eilerth, Mira Hansen, Dagny Sjølander, Hanna Bergstrøm, Arvid G. Hansen og Astrid Langseth valde inn i det nye kvinnesekretariatet etter Jeanette Olsens utmelding.

³¹² Olga Andersen (1886-1939) slutta seg til NKP i 1923. Ho var medlem av DnA frå 1918, og i fagrørsla frå 1907. Ho hadde bakgrunn som tenestejente og frå skreddarverksemd. Andersen var særleg aktiv innan kooperasjonen, men også i husmorlagsrørsla (ho var t.d. mykje brukt til høgtlesing av eigenskrivne dikt på møte i husmorlaga), og i redaksjonen til *Gnisten* frå 1925 og framover. Olga Andersen var formann i Sagene kooperative kvinneforening frå 1927 og ho sat i styret for Norges kooperative kvinneforbund i 1930. "Norges kooperative kvinneforbunds 19. landsmøte", i *Arbeideren*, 25. juni 1930. E. Lorenz, 1983, s. 288, *Gnisten*, nr. 4, 1928 og *Norges Kommunistblad*, 8. oktober, 1927.

³¹³ F. 507, o. 3, d. 125, l. 9. Brev frå Komintern, 17. april 1928.

Når støttepunktene i bedriftene mangla, kunne NKP ikkje byrja arbeidet med delegatforsamlingssystemet. Men dei fyrste forsøka med kameratklubbar som NKP hadde gjort i Bergen – og i fylgje brevet frå Komintern også i Oslo – og planane med *arbeidarsirklar* vurderte Komintern som viktige forsøk på å forsterka arbeidet blant kvinner i industrien. Arvid G. Hansen hadde teke opp spørsmålet om å skipa arbeidarsirklar med Komintern. Det unike med arbeidarsirklar var at NKP kunne bruka metoden i bedrifter der partiet ikkje hadde celler. Representantar frå partiet vart sendt inn i bedriftene og byrja varsamt på arbeidet med å koma i kontakt med dei kvinnelege industriarbeidarane. Sidan det var nærmast umogleg for NKP å få gjennomført delegatforsamlingar utan støttepunkt i industrien, vart arbeidarsirklar vurdert av Komintern som fyrste steget mot delegatforsamlingar i Noreg.

Når tiltaka med arbeidarsirklar var komne på beina, skulle det verta mogleg for NKP å invitera til bruk av delegatforsamlingssystemet i dagsaktuelle kampanjar. Komintern skisserte opp fleire viktige arbeidsområde som kunne bringa NKP nærare dei kvinnelege industriarbeidarane. Det fyrste, aktuelle spørsmålet var forsvaret av Sovjetunionen, og NKP skulle forsvara nedrustningsforslaget frå utanrikskommisær Maksim Litvinov i Genève. I november 1927 hadde sovjetregjeringa lansert eit avrustningsprogram, og i mars 1928 underteikna Sovjetunionen Folkeforbundets offisielle nedrustningsprogram.³¹⁴ Målet var å få store kvinnemassar og dei sterkaste husmorlaga til å vedtaka støttefråsegner for nedrustningsforslaget der kvinnene erklærte seg solidariske med Sovjetunionen, og forplikta seg til å driva propaganda for nedrustningsforslaget.

Eit anna aktuelt arbeidsområde var å stilla faglege krav til støtte for dei mange kvinnene som var tilsette i industrien som ein fylgje av rasjonaliseringa. Dei faglege krava måtte gjennomsyra alt arbeid i husmorlaga, i fagforeiningane, i arbeidarheimane og i partipressa: Mot lange arbeidsdagar, manglande arbeidarvern og løn under tariff. NKP burde arbeida med vern for dei kvinnelege arbeidarane og mor- og barnforsørging. For fyrste gong utfordra Komintern NKP til å arbeida for å få fjerna paragraf 245 i straffelova. Det å ta abort kunne straffast med tre års fengsel for kvinna og seks år for medhjelparen. Komintern åtvara NKP mot faren for at abortspørsmålet kunne verta oppfatta som *neo-malthusianisme*. Difor måtte NKP setja abortspørsmålet inn i ein klassekampsamanheng, mot det borgarlege samfunnet. Tanken om at når arbeidarklassen fekk kontroll over dei høge barnetala, ved bruk av abort eller prevensjonsmidlar, ville det hjelpa arbeidarklassen ut av dei dårlege levekåra

³¹⁴ E. Hansen, 2006, s. 18.

sine, var ein tanke Komintern tok sterkt avstand frå. Lenin hadde hevda at det å bruka abort eller prevensjonsmidlar for å hindra fattigdom var ein borgarleg tanke.³¹⁵ Det var ikkje barnetalet det var noko galt med, men det var kapitalismen som var årsaka til fattigdommen og dei forverra sosiale tilhøva i arbeidarklassen. Komintern var ikkje mot bruken av abort eller prevensjon i seg sjølv, men såg ikkje på dette som ei løysing på dei sosiale problema til arbeidarklassen.³¹⁶

Det var ikkje fyrste gong Komintern åtvare NKP mot neo-malthusianisme. Den tredje internasjonale kvinnekonferansen i 1924 hadde kritisert NKP for neo-malthusianistiske straumdrag i partiet.³¹⁷ Ein av dei mest fremste tilhengjarane av den neo-malthusianistiske ideen var Marie Carmichael Stopes, og som vist i kapittel fire, vart ideane til Stopes formidla til norske arbeidarkvinner gjennom Katti Anker Møller og mødrehygienekontoret i Oslo. Truleg var det samarbeidet NKP hadde med Møller om mødrehygienekontoret var årsaka til at NKP vart kritisert for neo-malthusianisme.

På møtet med Komintern hadde Hansen også lufta tanken om å gje ut eit tidsskrift for arbeidarkvinnene, eit forslag Komintern møtte med stor velvilje. På spørsmålet om tidsskriftet skulle koma ut i Bergen eller Oslo, meinte Komintern at alt låg til rette for at Bergen burde vera utgjevarstad. Tidsskriftet kunne offisielt verta utgjeve av fagforeiningane der, medan redaksjonen vart i hendene til NKP. Ansvar for å starta opp tidsskriftet burde liggja både hos fagforeiningane og hos husmorlaga, og det var gode høve for å få tak i kvinnelege arbeidarkorrespondentar. Denne moglegheita hadde ein ikkje i Oslo, meinte Komintern. Men sjølv om tidsskriftet kom ut i Bergen, måtte ein leggja planar for å få utbreia det både i Oslo og andre stader der det var bedrifter med mange kvinnelege arbeidarar. Komintern såg for seg at tidsskriftet – viss ein fekk samla arbeidarkorrespondentar frå andre delar av landet – kunne verta eit organisatorisk støttepunkt i arbeidet mellom kvinnelege arbeidarar. Kvinnesekretariatet måtte førebu utgjevinga slik at det ikkje vart konkurranse mellom *Gnisten* og det nye tidsskriftet.³¹⁸ Noko tidsskrift kom aldri ut.

Hansen hadde også teke opp spørsmålet om det ville vera føremålsteneleg å skipa eit landsfemnande forbund for husmorlaga. Komintern ikkje ville tilrå dette, for etter deira opplysningar var husmorlaga inne i ei dårleg utvikling. Bortsett frå i Bergen og i eit lag i

³¹⁵ V. I. Lenin, "The Working Class and NeoMalthusianism", 1913.

www.marxists.org/archive/lenin/works/1913/jun/29.htm (3. april 2008).

³¹⁶ M. Thing, *Kommunismens kultur*, 1993, s. 289ff.

³¹⁷ "Thesen und Beschlüsse der III. Internationalen Konferenz der Kommunistinnen in Moskau", i *Inprekorr*, nr. 110, 21. august 1924, s. 1417.

³¹⁸ F. 507, o. 3, d. 125, l. 66. Brev til NKP, 10. mars 1928. (Utgangspunktet for det brevet som vart sendt 17. april.)

Oslo, såg det ut som om husmorlagsrørsla hadde stagnert, eller til og med byrja å løysa seg opp. Eit landsfemnande forbund ville ta for mykje tid og krefter frå det som var viktigast: Å få dei kommunistiske fraksjonane i husmorlaga til å arbeida for kvinnene i industrien og fagforeiningane.³¹⁹ Ideen om eit landsfemnande forbund for husmorlaga hadde Arvid G. Hansen lansert allereie i 1926. Då hadde han føreslått at det skulle skipast eit husmorlagsforbund som skulle ha eit populært aksjonsprogram og der forbundet skulle arbeida med spørsmål knytte til arbeidsløyse, husvære og priskontroll.³²⁰

Kvifor meinte Komintern at husmorlagsrørsla var inne i eit dårleg utvikling og heldt på å stagnera? Dei åra NKP slo inn på ultravenstrekursen vart fleire husmorlaga skipa. I 1928 vart Tyssedal husmorlag skipa, og Os utanfor Bergen fekk også eit husmorlag. I 1929 vart det skipa husmorlag på Voss, i Sauda og på Nesttun i Fana. I Oslo fanst det i 1928 elleve husmorlag, og desse arbeidde tett saman gjennom samordningsorganet *Husmorlagenes fellesutvalg*.³²¹ Ved fyrste augekast kan difor påstandane frå Komintern sjå urimelege ut. Påstandane frå Komintern kan sjølvstekt botna i mangelfull orientering og kunnskap om tilhøva i det norske partiet, men meir sannsynleg er det at Komintern ynskte å staka ut ei ny linje for husmorlaga andsynes kvinnesekretariatet i NKP etter at Jeanette Olsen hadde meld seg ut, og føra arbeidet i husmorlaga inn på den nye venstrekursen. Husmorlaga skulle i større grad konsentrera arbeidet kring å få dei kvinnelege industriarbeidarane organiserte i fagrørsla, og utgjera eit forsvar for Sovjetunionen mot dei borgarlege kvinneorganisasjonane. På landsmøtet til NKP i 1929 vart denne politikken andsynes husmorlaga forsterka.

Striden om gifte kvinners rett til lønsarbeid i Oslo kommune

Sommaren 1928 vedtok formannskapet i Oslo kommune at gifte kvinner som hadde ein forsørgjar, ikkje skulle tilsetjast i kommunen. Ved oppseiingar skulle dei gifte kvinnene gå fyrst, utan omsyn til ansiennitet.³²² Frisinnede Venstre og dei fleste representantane frå Høgre gjekk mot forslaget, inkludert alle dei kvinnelege bystyremedlemmene i Høgre. Kvinnene i DnA uttrykte støtte til vedtaket i DnA-avisa *Arbeiderkvinnen*. Dei fleste Arbeidarparti- og nokre av Høgre-representantane stødde forslaget til trass for at vedtaket ikkje kom til å ha

³¹⁹ F. 507, o. 3, d. 125, l. 9-15. Brev til NKP, 17. april 1928.

³²⁰ F. 495, o. 178, d. 71, l. 55. Notat frå Arvid G. Hansen, 20. januar 1926, Moskva.

³²¹ "Husmorlagenes arbeide i Oslo", i *Norges Kommunistblad*, 10. desember 1928.

³²² I 1925 hadde LO i fatta eit liknande vedtak. Kampen om gifte kvinners rett til arbeid heldt fram eit godt stykke ut på 1930-talet. Fyrst i 1937 fatta LO og DnA eit vedtak om at retten til arbeid skulle vera lik for alle, uavhengig av kjønn og om ein var gift eller ikkje. E. Lønnå, "LO, DNA og striden om gifte kvinner i arbeidslivet", i I. Blom og G. Hagemann (red.), *Kvinner selv... Sju bidrag til norsk kvinnehistorie*, 1977, s. 151-176 og I. Blom og S. Sogner (red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, 1999, s. 263-267.

noko vesentleg å seia for arbeidsløysa.³²³ DnA stødde forslaget for å tekkast dei arbeidslause. Mange var misnøgde med at gifte kvinner hadde arbeid sidan kvinnene allereie hadde ein forsørgjar. Eit anna argument frå DnA-kvinnene var at kvinnene burde vera nøgde med arbeidet i heimen, som husmødrer, når dei vart forsørgja.³²⁴ Samtidas husmorideologisering, som Kari Melby har peika på, er svært tydeleg i argumentasjonen frå DnA. NKPs forsvar av retten gifte kvinner hadde til lønsarbeid, har i det historiske verket *Kjønnsperspektiv på norsk historie* vorte ståande som den saka som skilde NKPs kvinnepolitikk frå DnA, trass i at ei grunnleggjande samanlikning mellom dei to arbeidarkvinnerørslene ikkje har vorte gjort.³²⁵

Husmorlaga i Oslo samla seg til eit fellesmøte heime hos den tidlegare kvinnesekretæren Jeanette Olsen på Solemskogen. Der samla husmorlaga seg kring ei fråsegn med krav om at saka skulle handsamast i bystyret før eventuelle oppseiingar fann stad. Saka var for alvorleg til at ho berre kunne avgjerast av formannskapet, meinte husmorlaga.³²⁶

Møtet hos Jeanette Olsen var godkjent av sekretariatet i NKP, som hadde sett ned ein komité med Dagny Sjølander, Christian Hilt og Peder Furubotn for å førebu fråsegna før møtet. Sekretariatet understreka kor viktig det var at saka vart handsama på eit ”helt prinsipielt grunnlag.”³²⁷ Det prinsipielle i saka hadde to moment. Det eine var at alle hadde rett til arbeid, også kvinner, gifte eller ugifte. Det var uvesentleg for arbeidsgjevaren – også for Oslo kommune – kva for sivil status arbeidaren hadde. Det var ikkje deltakinga til kvinnene i arbeidslivet som gjorde at det var høg arbeidsløyse, men den manglande evna det kapitalistiske systemet hadde til å skaffa nok arbeid til folket. Det andre prinsipielle momentet var at saka ikkje skulle verta tolka som ei spesifikk kvinnesak. Det var ikkje ut frå eit borgarleg kvinnestandpunkt at NKP var mot vedtaket. Kvinnene var ein del av arbeidarklassen og hadde like stor rett som mennene til lønt arbeid.³²⁸

Husmorlaga frykta at vedtaket i Oslo kom til å verta det fyrste av mange forsøk på å utnytta dei ugifte kvinnene. Også kvinner utanfor Oslo protesterte. Kvinnene som skreiv inn til *Arbeidet* åtvare mot at vedtaket kunne spreia seg til heile landet, og mot ein politikk om å ta inn ugifte, unge kvinner på svelteløn. Kommunane kom heller ikkje til å bry seg om

³²³ Det var 172 gifte kvinner som var tilsette i kommunen og sommaren 1928 var det over 6000 arbeidsledige i Oslo. E. Lønnå, 1977, s. 158.

³²⁴ E. Lønnå, 1977, s. 158-162.

³²⁵ K. Melby, ”Husmorens epoke 1900-1500”, i I. Blom og S. Sogner (red.), *Med kjønnspektiv på norsk historie*, 1999, s. 268.

³²⁶ ”Husmorlagenes fellesmøte”, i *Norges Kommunistblad*, 6. juli 1928 og ”Avskjedigelse av de gifte kvinner i kommunen”, i *Norges Kommunistblad*, 17. juli 1928.

³²⁷ F. 495, o. 178, d. 88, l. 109. Sekretariatsmøte 9. juli 1928.

³²⁸ ”En ”nødsforanstaltning””, i *Arbeidet*, 28. juli 1928.

kvinnene hadde arbeidslause menn, meinte dei.³²⁹ Men nokon langvarig protest vart det ikkje. Saka vart diskutert på nokre møte framover, og Jeanette Olsen møtte Sigrid Syvertsen i DnA til duell. Vedtaket vart stadfesta i Oslo bystyret etter at NKPs representant i bystyret, Halfdan Wigård, hadde teke opp saka.

Saka om gifte kvinners rett til arbeid illustrerer rolla Jeanette Olsen hadde som politikktutformar og initiativtakar. Sjølv om ho hadde meldt seg ut av partiet berre nokre månader tidlegare, tok ho likevel del i arbeidet i husmorlaga, kalla husmorlaga saman til eit møte heime hos seg, og fekk godkjenning frå sentralstyret i NKP til det.

Spørsmålet om gifte kvinners rett til arbeid var ikkje noko særnorsk fenomen. Striden hadde prega Den fyrste internasjonale, og også vorte i diskutert Den andre internasjonale. I Sverige var spørsmålet oppe til debatt. Ein allianse av representantar for Högern og ein del sosialdemokratiske representantar i Riksdagen ville innføra eit forbod mot gifte kvinners lønsarbeid i 1926, og gjentok framlegget i 1927. Noko forbod vart ikkje vedteke, og det svenske kommunistpartiet (SKP) tok, som NKP, standpunkt for gifte kvinners rett til lønsarbeid. Likevel påpeika Gerda Linderot i kvinneutvalet i SKP at det var vanleg at dei mannlege medlemmene hadde eit galt standpunkt i denne saka.³³⁰ Dette var også tilfellet i NKP. I ein artikkel i *Proletaren* kritiserte Mira Hansen både mannlege og kvinnelege medlemmer for å ha støtt forslaget om forbod. Sjølv om NKP hadde arbeidd med å koma seg bort frå dei sosialdemokratiske røtene sine, eller ”overleveringer” som ho kalla det, var ikkje målet nådd. Men heldigvis kunne partiet gleda seg over at det var ikkje så mange som hadde denne ”falske prinsipielle anskuelse.”³³¹

Landsmøtet til NKP i 1929

På det tredje landsmøtet i NKP, 9.–13. februar 1929, vart det tidlegare arbeidet blant kvinnene sterkt kritisert for å ha vorte nedprioritert av partiet. No skulle arbeidet blant kvinnene, og særleg blant dei kvinnelege industriarbeidarane, betrast.

Kritikken på landsmøtet

Arbeidet blant kvinnene var ikkje sett opp som eit punkt på saklista for landsmøtet, noko som var eit brot på retningslinjene kvinnekongressen i 1925 hadde vedteke. I debatten på landsmøtet tok kvinnesekretæren Olga Andersen opp kvinnespørsmålet. Kritikken hennar gjekk fyrst og fremst ut på at partiets arbeid blant kvinnene var ”en bevegelse utført under

³²⁹ ”Gifte kvinners arbeide”, i *Arbeidet*, 21. juli 1928.

³³⁰ E. Gunnarsson, *Med nål och garn för socialismen*, 1987, s. 50-51.

³³¹ ”Metodene for partiets arbeide blandt kvinnene”, av Mira Hansen, i *Proletaren*, 1928, s. 18-19.

bevisst motstand.” Partiet vedtok fråsegner om arbeidet blant kvinnene, men når ”man kommer hjem” vart det som skulle vera eit felles arbeidsområde i partiet redusert til berre kvinnene sitt ansvar. Utan at dei mannlege medlemmene var med i arbeidet, kunne ikkje partiet nå kvinnene i fabrikkane.

Sekretariat hadde stille og roleg gjennomført oppseiinga av den lønte kvinnesekretærstillinga, og via omvegar hadde kvinnesekretariatet fått vita om avgjerda. Då partiet skulle velja ein ny kvinnesekretær etter Jeanette Olsen, skjedde ikkje utveljinga ut frå kven som var mest eigna til vervet, men ut frå kven som hadde best tid. Kvinnesekretariatet hadde hatt eit eige kontor, som dei fyrst disponerte om føremiddagen, men etter at NKP sette i gong arbeidet med å registra og kartleggja medlemsmassen våren 1927, vart kvinnesekretariatet trengt ut av kontoret. ”Næste skritt blir vel å sette kvinnesekretariatet ut på trappene,” spådde Andersen.³³²

Partiet vart kritisert for å ikkje støtta kvinnearbeidet økonomisk, og Andersen kom med fleire døme på den manglande viljen partileiinga hadde til å prioritera kvinnearbeidet økonomisk. I forkant av landsmøtet hadde kvinnesekretariatet førebudd eit instruksjonskurs for å betra den manglande skuleringa av kvinnene, og planane vart oversende til org.utvalet. Utvalet hadde ikkje noko mot eit kurs, så lenge ikkje påførte partiet nokre utgifter. Under valkampen hausten 1928 hadde ikkje NKP pengar til å skipa til eit valagitasjonsmøte for kvinnene i Oslo, og det einaste husmorlaget som hadde økonomiske midlar til eit møte vart vurdert til å vera for politisk svakt. Dei andre husmorlaga i Oslo hadde allereie tømt pengekassane sine for å halda andre møte i partiets regi: ”Når det gjelder å skaffe penger til et eller annet da husker man alltid på de kvinnelige partikamerater,” understreka Olga Andersen.³³³ I oktober 1928 vart eit lokallag av *Norske kvinners frivillige verneplikt* skipa på Raufoss, ein organisasjon NKP meinte var ein fascistisk organisasjon. NKP-medlemmene på Raufoss ynskte at sentralleiinga skulle skipa til eit mot-møte, og trykte opp eit flygeblad. Då alt kom til alt, viste det seg at partiet ikkje hadde 10 kroner til overs til produksjonen av flygebladet.

Den tidlegare kvinnesekretæren, Jeanette Olsen, hadde av ein leiande partimedlem vorte kalla for ”skriket i partiet”. Andersen hadde vore samd i karakteristikken, for ”vi hadde

³³² *Protokoll for Norges kommunistiske partis 3. ordinære landsmøte i Oslo 9.-13. februar 1929*, 1929, s. 78-80. Debatten frå landsmøtet vart også trykt i *Norges Kommunistblad*. For Andersens kritikk, sjå *Norges Kommunistblad*, 6. april 1929.

³³³ *Protokoll (...)*, 1929, s. 79-80.

våre rivninger med den forrige kvinnesekretær”, men det hadde gått opp for Andersen kvifor Olsen måtte ropa for å få merksemd.³³⁴

Under debatten var det berre Peder Furubotn som svarte på klagemåla til Olga Andersen. Furubotn meinte at kritikken til Andersen til ein viss grad var på sin plass, og gjekk med på at partiets arbeid mellom kvinnene ikkje hadde fått den merksemda det fortente. Ballen sparka han vidare til det neste sentralstyret.³³⁵

Ny kurs: Fråsegna frå landsmøtet

Fråsegna ”Partiets nærmeste opgaver blandt arbeiderkvinnene” kritiserte den manglande forståinga av kvinnearbeidet i partiorganisasjonen – altså i samsvar med kritikken frå Olga Andersen på landsmøtet.³³⁶

Den viktigaste oppgåva for kvinnearbeidet framover var å vinna kvinnelege industriarbeidarar for den revolusjonære rørsla. Målet var å få industriarbeidarane organiserte i fagforeiningar slik at dei kunne vera med å utgjera venstrefløya i fagorganisasjonen, og såleis kjempa mot reformismen i fagrørsla. Uviljen frå dei reformistiske fagforeiningane til å retta opp skilnadene mellom kvinne- og mannsløna var det viktigaste området å ta tak i for å avsløra reformistane. Kvinnene måtte skjønna kor naudsynt den nye faglege politikken var, slik at det vart danna streike- og aksjonsorgan. Arbeidet med å skipa kameratklubbar måtte takast opp igjen, og delegatforsamlingssystemet måtte diskuterast grundig i alle kvinneutvala slik at organisasjonsmetoden vart kjent og det vart skapt eit grunnlag for å ta metoden i bruk. Gjennom kameratklubbar og delegatforsamlingar skulle det verta skapt eit band mellom dei kvinnelege industriarbeidarane og partiet. I bedrifter med mange kvinnelege tilsette skulle bedriftscellene vinna kvinnene ved å ta opp saker som interesserte dei spesielt, og NKPs fraksjonar i fagforeiningane skulle ta opp krava til dei kvinnelege arbeidarane. Eit kvinneleg partimedlem som arbeidde i industrien skulle få i oppgåve å leggja arbeidsplanar vidare, saman med det faglege utvalet i partiet.

I tillegg til industriarbeidarane var det også mange andre grupper med kvinnelege arbeidarar som partiet måtte få fagorganisert, slik som arbeidarane i heimeindustrien og hushjelper. Her gav ikkje fråsegna like konkrete instruksar om korleis partiet skulle gå fram, men NKP skulle vera til hjelp for hushjelpene slik at dei fekk ein eigen fagorganisasjon.

³³⁴ *Protokoll (...)*, 1929, s. 79-80.

³³⁵ *Protokoll (...)*, 1929, s. 111.

³³⁶ ”Partiets nærmeste opgaver blandt arbeiderkvinnene”, i *Norges Kommunistblad*, 8. februar 1929. Fråsegna finst også i f. 495, o. 31, d. 128, l. 62-64, omsett til tysk av W. Mielenz og sendt til Skandinavische Ländersekretariat.

Kvinner som arbeidde i butikk eller som var kontorpersonale mangla ”helt interesse og forståelsen av organisasjonens betydning”, så desse var vanskelegare å organisera, men partiet måtte satsa på å driva ein kraftig fagleg agitasjon.³³⁷

Overraskande nok sa ikkje fråsegna noko om at husmorlaga skulle driva eit arbeid spesifikt retta mot kvinnelege industriarbeidarar. Husmorlaga skulle ta opp dei dagsaktuelle spørsmåla for husmødrene, som leigebuarspørsmål, spørsmål knytte til arbeidsløyse og tilhøva i skulen. Dette var spørsmål husmorlaga i stor grad hadde arbeidde med tidlegare. Husmorlaga skulle kalla saman arbeidarkvinner til møte for å drøfta deira økonomiske og sosiale krav og interesser, noko husmorlaga også hadde gjort tidlegare. Dei beste måtane for å fremja arbeidarkvinnenes krav var å skipa til store massedemonstrasjonar, og å velja ein deputasjon (sendelag) som skulle bringa krava fram for kommunen. Også dette hadde husmorlaga gjort tidlegare, som då Bryn husmorlag sendte ein deputasjon for å fremja krava til dei arbeidslause i Aker i april 1927, og *Husmorlagenes fellesutvalg* gjorde i juli 1926 for å betra renovasjonen i Oslo.³³⁸ Det skulle setjast i gong ein landsomfemnande vervekkampanje for *Gnisten*, og fråsegna frå landsmøtet understreka også at kameratklubbane og husmorlaga skulle få faste sider i *Gnisten*.

Arbeidsgjevarane ville i rasjonaliseringsforsøka sine bruka dei unge kvinnene utan arbeid i kampen mot arbeidarklassens levestandard. Partiet måtte difor gjera alt for å ta vare på interessene til dei arbeidsledige kvinnene, og styrkja og auka kjensla deira med resten av arbeidarklassen. Kvinneutvala i NKP måtte i sterkare grad enn tidlegare ta opp kampen mot dei sosialdemokratiske og borgarlege kvinneorganisasjonane, ved å gå på møta til desse foreiningane og utfordra dei i diskusjonane, og ved å agitera mot dei i pressa.

Heile partiet fekk no i oppdrag av landsmøtet å studera dei viktigaste spørsmåla knytte til arbeidet blant kvinnene: Arbeidet blant dei kvinnelege industriarbeidarane, delegatforsamlingssystemet og stillinga til arbeidar- og bondekvinnene i Sovjetunionen.³³⁹

Den fyrste testen på nye kursen i kvinnearbeidet: Kvinneveka i 1929

Kvinneveka i 1929 var det fyrste høvet for NKP å prøva ut den nye politikken frå landsmøtet. Grundige instruksjonar om parolar og gjennomføringa av kvinneveka kom frå Komintern i eit ni-siders langt brev tre månader før kvinnedagen. Hovudparolane for den internasjonale

³³⁷ ”Partiets nærmeste opgaver blandt arbeiderkvinnene”, i *Norges Kommunistblad*, 8. februar 1929.

³³⁸ ”De arbeidsløse og Akers fattigstyre”, i *Norges Kommunistblad*, 28. april 1927 og ”Byens husmødre sender deputasjon til bystyret. Dagny Sjølander tolker husmødrenes syn paa den meningsløse kommunelockout. Ordføreren opptrer ubehersket og uforskammet”, i *Norges Kommunistblad*, 17. juli 1926.

³³⁹ ”Partiets nærmeste opgaver blandt arbeiderkvinnene”, i *Norges Kommunistblad*, 8. februar 1929.

kvinnedagen var kampen mot den imperialistiske krigen, forsvaret av Sovjetunionen og mobiliseringa av industriarbeidarar til partiet. Komintern la opp til ein massiv kampanje der heile partiet skulle mobiliserast for å markera kvinnedagen. Det var ikkje godt nok for Komintern at NKP skipa til store møte og demonstrasjonar på kvinnedagen. I førebungsperioden for kvinneveka skulle NKP skipa til – gjennom eit systematisk arbeid i bedriftene – bydelsforsamlingar der representantar frå bedriftene skulle verta mobiliserte i kampanjen. Delegatforsamlingar skulle skipast til i bedrifter, i ungdomsorganisasjonen, i Røde Hjelp, i IAH og i arbeidaridretten. Ein pressekampanje skulle setjast i verk: Eit spesialnummer av *Gnisten* skulle produserast med innlegg frå talrike arbeidarkorrespondentar, og plakatar, flygeblad og opprop skulle verta trykte opp.³⁴⁰

Komintern ynskte svar om gjennomføringa med ein gong etter at kampanjen var avslutta, men fyrst i slutten av oktober, sju månader etter, kom tilbakerapporteringa frå NKP. Konklusjonen frå Olga Andersen var at den internasjonale kvinneveka hadde vorte mindre vellukka enn tidlegare år, noko som samsvarar med rapporten Willy Mielenz frå Komintern sendte til Skandinaviske Ländersekretariat i mai same år.³⁴¹ Berre tre distrikt hadde nytta kvinneveka til å agitera mellom kvinnene. På landsmøtet hadde kvinnesekretariatet hatt møte med representantar frå dei ulike distrikta for å planleggja kampanjen, men Andersen meinte det sannsynlegvis vart for kort tid mellom landsmøtet og kvinneveka, slik at partiavdelingane ikkje vart innstilte på å arbeida med kvinneveka.³⁴²

Den ambisiøse planen Komintern hadde sendt til NKP før kampanjen, hadde NKP altså ikkje fylgd opp. Inga delegatforsamlingar hadde vorte innkalla og ingen plakatar og flygeblad trykte opp. Det som skulle ha vore det fyrste forsøket på den nye kursen hadde mislukkast. Partiet hadde ikkje vorte mobilisert i kampanjen for kvinneveka, snarare tvert om.

”En mønstring av alle proletariske krefter mot borgerskapet og socialdemokratene”³⁴³

1. mai 1929 var starten på ei rekkje markeringar mot borgarskapen og sosialdemokratiet. For fyrste gong skulle NKP skipa til eigne 1. mai-markeringar, utan dei lokale samorganisasjonane. Målet var at NKP skulle visa sjølvstende i høve til DnA, og bryta den solidariteten fanst mellom kommunistane og sosialdemokratane, særleg i fagrørsla. Dagen ville visa om NKP hadde lukkast med å byggja opp ein einskapsfront nedanfrå i kampen mot

³⁴⁰ F. 507, o. 3, d. 125, l. 21-29. Brev frå Komintern, 28. desember 1928.

³⁴¹ F. 495, o. 31, d. 128, l. 88. Rapport frå Mielenz, 13. mai 1929.

³⁴² F. 507, o. 3, d. 126, l. 53. Rapport til det internasjonale kvinnesekretariatet, 24. oktober 1929.

³⁴³ ”Norges kommunistiske parti og 1ste mai”, i *Arbeidet*, 3. april 1929.

sosialfascistane.³⁴⁴ Dei proletariske masseorganisasjonane som husmorlaga, foreininga til dei arbeidsledige og idrettsrørsla skulle støtta opp om arrangementa til partiet. I mange husmorlag skapte derimot dei eigne 1. mai-markeringane usemje, og mange av husmorlaga tapte opp til halve medlemsmassen på spørsmålet, i fylgje Olga Andersen. Forklaringa la Andersen på den manglande skuleringa av kvinnelege partimedlemmene, ikkje på venstrekursen til Komintern og NKP-leiinga, eller på NKPs gjennomføring av 1. mai-markeringane.³⁴⁵

I ultravenstrefasen var det viktig for NKP å framstå utetter som eit heilskapleg parti, der medlemmene stødde opp under dei avgjerdene leiinga tok. Dette er nok hovudgrunnen til at det berre har late seg oppspora to døme på den usemja 1. mai-markeringane skapte i husmorlaga. Det fyrste dømet på usemja var ei livlig skildring av 1. mai-toget i 1929 frå Raufoss husmorlag. NKP-medlemmene hadde vorte nekta å deltaka med parolane sine under 1. mai-toget som skulle skipast til saman med sosialdemokratane. Dimed ville NKP-medlemmene ikkje vera med i demonstrasjonstoget, og skipa til sitt eige. Husmorlagsmedlemmene hadde vorte oppfordra av leiaren i husmorlaget om å slutta seg til toget til kommunistane, men nokre av husmorlagsmedlemmene gjekk likevel i toget til sosialdemokratane – med dei kommunistiske parolane! Då ei av kvinnene hadde bore parolen eit stykke, byrja ho å frysa på hendene, og bad dei andre i toget om å ta over beringa. I mellomtida hadde stemninga mot kommunistane vorte piska så kraftig opp at ingen ville bera parolen og ”besmitte sine hender med noe så forferdelig som å bære dette merke som var kommet istand på initiativ av de forferdelige kommunister.” I staden vart det oppmoda om å kasta parolen. Den landa utanfor direktørens kontor der heile kontorpersonalet stod og såg på. ”Det fortelles at direktøren smilte overbærende til det socialdemokratiske demonstrasjonstog og det hadde han all grunn til.”³⁴⁶

Det andre dømet på usemja 1. mai-markeringa skapte i husmorlaga, kom frå Hamar. Også i 1930 skipa NKP til eigne markeringar på 1. mai. I Hamar husmorlag braut det ut usemje om laget skulle deltaka i demonstrasjonstoget til NKP, men ”Efter en meget skarp debatt blev det med 10 mot 9 stemmer besluttet at Husmorlaget deltar i kommunistenes demonstrasjonstog.”³⁴⁷

Forsøka med sjølvstendige 1. mai-markeringar svarte ikkje til forventingane frå Komintern og NKP-leiinga. Mange medlemmer hadde vist ein ”betraktelig nervøsitet for

³⁴⁴ E. Hansen, 2006, s. 67-68.

³⁴⁵ F. 507, o. 3, d. 126, l. 53. Rapport til EKKIs kvinneavdeling, 24. oktober 1929.

³⁴⁶ ”Til skrekk og advarsel. Når kampen mot kommunistene fører til at arbeiderne trækker sine egne krav under føtter”, i *Norges Kommunistblad*, 23. mai 1929.

³⁴⁷ Notis om årsmøte i Hamar husmorlag, i *Arbeideren*, 3. mai 1930.

selvstendige opptredener” på grunn av styrkeforholdet mellom DnA og NKP, og mange stader hadde ikkje medlemmene turt å reisa spørsmålet om eigne markeringar, oppsummerte Arvid G. Hansen i etterkant av 1. mai 1929.³⁴⁸

Under Kominterns sjette pleunumsmøte tre år tidlegare hadde NKP-medlemmene Mira Hansen og Haavard Langseth kritisert eit husmorlag i Oslo for å ha skremt vekk dei sosialdemokratiske medlemmene ved at NKP-medlemmene tok heilt overhand i diskusjonen. No skulle husmorlaga vera kamporganisasjonar, der husmorlagsmedlemmene skulle støtta NKP. Denne endringa frå breie frontar som husmorlaga opphavelg var, til organisasjonar som skulle føra ein klasse mot klasse-politikk og demaskera den sosialdemokratiske politikken, var ikkje husmorlaga i stand til, og mista medlemmer.

Antikrigsarbeidet og kvinnene

Den aukande krigsfrykta i Komintern gjorde det naudsynt at også kvinnene i NKP og husmorlaga vart mobiliserte til forsvaret for Sovjetunionen. Fråsegna frå den sjette verds-kongressen i Komintern i 1928 hadde eit eige avsnitt om Noreg og den imperialistiske krigsfaren, der Kominterns analyse var at dei imperialistiske landa stadig oftare ville freista å vikla Noreg inn i krigsplanane sine. Saman med Sverige og Finland ville Noreg verta tvungen inn i ein krigsblokk mot Sovjetunionen, med støtte frå det norske borgarskapet og den norske staten.³⁴⁹ Punkt 18 i denne fråsegna handla om kvinnene, og Komintern slo fast at sidan mange kvinner ville gå inn i industrien under krigen, måtte NKPs arbeid blant kvinnene forsterkast.³⁵⁰

Etter landsmøtet i februar 1929 fekk antikrigsarbeidet i NKP eit oppsving. 1. august, *Den røde dag*, skulle vera den store antikrigsdagen i 1929 og minna om krigsutbrotet ved fyrste verds-krig. I Bergen byrja antikrigsarbeidet og mobiliseringa til 1. august i starten av juni, der partiavdelinga skipa til ein lokal antikrigskampanje. Dei fem husmorlaga i Bergen og husmorlaget i Laksevåg slutta seg til kampanjen.³⁵¹ Husmødrene vart ikkje mobiliserte til kampanjen med utgangspunkt i fråsegna frå den sjette verds-kongressen om at fleire kvinner kom til å verta tilsette i industrien i ein ny krig; det var andre argument som stod i sentrum. Igjen tok argumenta utgangspunkt i forsvar av arbeidarfamilien. Av alle samfunnsklassane var det arbeidarklassen som kom til å li mest under ein ny krig, og i arbeidarklassen var det arbeidarhusmødrene som kom til å li mest. ”For arbeiderhusmødrene vil krigen bety en gru og

³⁴⁸ E. Hansen, 2006, s. 67-68.

³⁴⁹ E. Hansen, 2006, s. 68-69.

³⁵⁰ F. 495, o. 31, d. 128, l. 22.

³⁵¹ ”Kvinnene med i klassefronten mot krigen”, i *Arbeidet*, 29. juni 1929.

elendighet som neppe kan skildres med ord”, heitte det i ei fråsegn frå husmorlaga i Bergen.³⁵² Eit anna argument for å mobilisera kvinnene var at ein krig mot Sovjetunionen var ein krig mot det landet der likestillinga mellom kjønna var komen lengst, og ein krig mot Sovjetunionen kunne få fatale følgjer for likestillinga i andre land.³⁵³ Husmorlaga i Bergen og omegn arrangerte møte, agiterte gjennom pressa, og 500 kvinner gjekk under parolen til husmorlaga, ”Arbeiderkvinner, vær med i kampen mot krig og imperialismen og for Sovjet-Unionens forsvar”, i 1. august-toget i Bergen.³⁵⁴

Også på eit anna område fekk kvinnene merksemd i forsvaret av Sovjetunionen. Organisasjonen *Norske kvinders frivillige verneplikt* (NKFV) var skipa i mars 1928, og passa som hand i hanske for Komintern og NKPs argumentasjon om at borgarskapet – også i Noreg – førebudde seg på ein imperialistisk krig mot Sovjetunionen. NKFV var forløparen til dagens *Norsk Lotteforbund*, og føremålet var å ”(...) styrke nasjonens forsvarsvilje og moralske motstandskraft.” Kvinnene som stod bak opprettinga av organisasjonen tilhørte for det meste overklassen.³⁵⁵ NKPs analyse var at på grunn av medlemskapen Noreg hadde i Nasjonenes forbund, ville ikkje borgarskapet vika tilbake for å bruka norske arbeidarar og arbeidarkvinner ”som kanonføde i imperialistenes krig mot Sovjet-Russland.”³⁵⁶ NKFV var, etter NKPs syn, eit norsk døme på korleis dei fascistiske organisasjonane spreidde seg i Europa og førebudde seg på krig mot Sovjetunionen. NKP åtvara mot å tru at arbeidarkvinnene hadde felles interesser med overklassekvinnene i NKFV. Dei borgarlege kvinnene var klassemedvitne, ofte langt meir klassemedvitne enn arbeidarkvinnene. Dei var aktivt med i krigsførebuingane og venta ”på den krig som kommer når borgerskapet med våben i hånd skal slå ned arbeiderklassen i sitt eget land.”³⁵⁷ NKFV vart brukt som eit konkret døme i antikrigsarbeidet, særleg ved kvinneveka i 1929, men NKP makta aldri å mobilisera meir motstand mot NKFV enn å åtvara mot organisasjonen i si eiga partipresse.

Arbeidarkongress og kvinnekonferanse – ”Til bedriftene!”

24. og 25. august 1929 kalla NKP inn til ein arbeidarkongress som skulle samla alle revolusjonære og venstreinnstilte arbeidarar. Programerklæringa for kongressen slo fast at kongressen skulle leggja det ideologiske grunnlaget for ei brei mobilisering av arbeidarmassane, der dei viktigaste økonomiske og politiske interessene til arbeidarmassane

³⁵² ”Husmor-lagene slutter sig til antikrigskampanjen”, i *Arbeidet*, 25. juli 1929.

³⁵³ ”Husmor-lagene slutter sig til antikrigskampanjen”, i *Arbeidet*, 25. juli 1929.

³⁵⁴ ”Den røde dag i Bergen”, i *Arbeidet*, 2. august 1929.

³⁵⁵ A. Skår, *70 år for hjem og fedreland*, 1998, s. 22-25.

³⁵⁶ ”Kvinnenes militarisering”, av Arvid G. Hansen, i *Arbeidet*, 6. desember 1928.

³⁵⁷ ”Borgerskapets kvinner rustet til krig”, i *Arbeidet*, 2. mars 1929.

skulle forsvarast andsynes den skjerpa offensiven frå kapitalen. NKPs mål var at dei klassemedvitne arbeidarane ikkje berre skulle samlast kring NKP, men også mot DnA.³⁵⁸

Dagen etter at arbeidarkongressen var avslutta, skipa NKP til ein kvinnekonferanse. Dei 21 kvinnene som deltok på arbeidarkongressen var med på denne kvinnekonferansen. Konferansen samla til slutt 60 representantar, då det på ettermiddagen kom til fleire utsendingar, både husmødrer og industriarbeidarar.³⁵⁹ Dei fleste utsendingane var valde av husmorlaga og ”(...) industriarbeidersker var der få av og det var beklagelig”.³⁶⁰

Hovudspørsmålet på kvinnekonferansen var det faglege arbeidet og korleis utsendingane skulle gå fram for å vinna kvinnelege industriarbeidarar for fagorganisasjonane. Under parolen ”Til bedriftene!” skulle kvinnearbeidet endrast, og husmorlaga skulle trekkjast med i støttearbeidet for å nå dei nye gruppene av kvinner og ungdom som hadde vorte tilsette i produksjonen som ei fylgje av rasjonaliseringa. Det var særleg i konfeksjonsindustrien og i tobakksindustrien at kvinnene hadde vorte tilsette. For å få dei kvinnelege industriarbeidarane med i det faglege arbeidet, skulle det skipast bedriftsklubbar for industriarbeidarane, arrangerast industrikonferansar og det skulle setjast ned ”revolusjonære kvinnekommisjoner” i dei faglege organisasjonane. Det grunnleggjande målet var å få dei kvinnelege industriarbeidarane til utgjera ei venstrefløy i fagorganisasjonen som skulle reisa kampen mot dei reformistiske fagforeiningsleingane.³⁶¹

Etter konferansen skulle dei organisasjonane som hadde sendt representantar på kvinnekonferansen syta for at vedtaka frå arbeidarkongressen vart gjorde kjende for arbeidarkvinnene. Hausten 1929 sende sentralstyret ut direktiv til distriktstyra om å konkretisera arbeidarkongressens kampanje for arbeidet blant industriarbeidarane. Samstundes fekk også bedriftscellene eit pålegg om å handsama fråsegna frå landsmøtet om partiets arbeid blant kvinnene. Ei tilbakerapportering om gjennomføringa av direktiva frå arbeidarkongressen skulle sendast frå distriktsstyra til sentralstyret innan 1. november 1929. Berre eitt distriktstyre – Oslo og Akershus – reagerte på direktiva.³⁶² Men heller ikkje her hadde det skjedd ei verkeleg vending i arbeidet. Dei andre distriktsutvala hadde ikkje løfta ein finger for å arbeida med direktiva frå arbeidarkongressen, oppsummerte sentralstyret, og heller ikkje kvinneutvala hadde gjort noko. I dei distrikta der det, etter NKP-leingas meining,

³⁵⁸ E. Hansen, 2006, s. 80-81.

³⁵⁹ ”Arbeiderkvinnenes konferanse igår”, i *Norges Kommunistblad*, 27. august 1929.

³⁶⁰ ”Arbeider-kongressen og kvinnekonferansen”, av Camilla Persson (Florvåg husmorlag), i *Arbeidet*, 7. september 1929.

³⁶¹ ”Kvinnearbeidet”, i *Norges Kommunistblad*, 19. oktober 1929.

³⁶² ”Noen kritiske bemerkninger om erfaringene siden det 10. plenum”, av Arvid G. Hansen, i *Arbeideren*, 8. februar 1930.

var store høve for å mobilisera kvinnelege industriarbeidarar, som på Vestlandet, var det berre gjort ”ytterst smaa anstrengelser i den retning.”³⁶³

Skulda for at så lite vart gjort for å setja i verk vedtaka frå arbeidarkongressen, la sentralstyret på fagforeiningsfraksjonane og bedriftscellene. Det var lett å finna døme på kampsituasjonar som partiet kunna ha nytta for å avsløra dei reformistiske fagforeiningane, meinte sentralstyret. I dei mest typiske kvinneindustriane, som i tekstil-, skotøy- og i nærings- og nyttingsindustrien og hos reingjeringskvinnene, hadde partiet heilt forsømt oppgåvene sine. Ei vaskekone som arbeidde ved Oslo Sporveier hadde vorte trakassert av arbeidsgjevaren i oktober 1929, og denne konflikten kunne ha danna utgangspunktet for eit styrkt arbeid blant dei arbeidande kvinnene og vorte brukt til ei offensiv avsløring av dei reformistiske fagforeiningane. Men ingenting skjedde ved slike konfliktsituasjonar, og dette var eit typisk døme på passiviteten i partiet, slo sentralstyret fast.

I ein industritype, konfeksjonsindustrien, hadde NKP likevel oppnådd ein varig og verkeleg påverknad, meinte sentralstyret. Men heller ikkje i konfeksjonsindustrien var alt perfekt, for partiet hadde ikkje makta å gjennomføra den nye streikestrategien, altså at uorganiserte også skulle sitja i streikeleiinga. Forklaringa la sentralstyret i det altfor svake arbeidet frå partiets side i å mobilisera konfeksjonsarbeidarane, i den manglande evna til å laga fraksjonar i fagforeiningane og for lite skuleringsarbeid i bedriftene.³⁶⁴

Passiviteten hadde no slått inn i partiet for fullt, og tendensane til byråkratisk sentralisme i NKP viste seg. Dei politiske avgjerdene i NKP vart i større grad tekne av sekretariatet og ikkje av pol.byrået som møttest sjeldnare og sjeldnare. Sekretariatet hadde også sitt fulle hyre med å takla den organisatoriske og økonomiske krisa partiet var inne i. I stor grad var det teoretikarane i partiet, Ottar Lie, Haavard Langseth og ikkje minst, Arvid G. Hansen, som skreiv dei politiske resolusjonane, arbeidsoppgåvene og oppsummeringane av partiarbeidet.³⁶⁵

³⁶³ F. 495, o. 178, d. 96, l. 37-38. Rapport til sentralstyret frå pol.byrået. Utan dato.

³⁶⁴ F. 495, o. 178, d. 96, l. 37b. Rapport til sentralstyret frå pol.byrået. Utan dato.

³⁶⁵ E. Hansen, 2006, 173-175.

Den definitive nedgangen i det sentrale kvinnearbeidet i NKP

I oktober 1929 rapporterte kvinnesekretariatet til EKKIs kvinneavdeling for fyrste gong på nærmare eitt år. Det er også siste gongen i kjeldematerialet at NKP rapporterer til Komintern om kvinnearbeidet. Kontakten mellom EKKIs kvinneavdeling og NKP var no på eit minimum.

Gjennom dei kvinnelege deltakarane i Russlands-delegasjonen hadde kvinnesekretariatet motteke kritikken frå Moskva om det manglande arbeidet i NKP.³⁶⁶ Hovudgrunnen til den manglande rapporteringa frå NKP til Komintern var eit lite fungerande kvinnesekretariat. Sekretariatet som skulle bestå av sju medlemmer, hadde hatt eit gjennomsnittleg frammøte på tre til fire personar. Tilhøva for kvinnesekretariatet var vanskeleg, skreiv Olga Andersen. Alle i sekretariatet hadde andre partioppgåver, og det meste av arbeidet fall dimed på kvinnesekretæren som også var redaktør av *Gnisten*. I tillegg hadde Andersen verv i den kooperative kvinnerørsla, og både partiet og kvinnesekretariatet meinte at Andersen burde halda fram med det kooperative arbeidet. Det kvinnesekretariatet som vart sett ned av pol.byrået etter landsmøtet fungerte dårleg.³⁶⁷ I juni 1929 hadde org.utvalet teke initiativ til å reorganisera kvinnesekretariatet. Tydelegvis fungerte heller ikkje de nye kvinnesekretariatet godt nok, sjølv om det var optimisme å spora i ein rapport som vart sendt til Komintern sommaren 1929: "(...) dass der Frauenausschuss und der Gewerkausschuss, durch den energischen Beistand des Org-ausschusses, (...) auf dem richtigen Wege sind und sich verhältnismässig schnell bewegen."³⁶⁸

Olga Andersen vedgjekk at arbeidet blant kvinnene hadde vore sporadisk. I løpet av heile 1929 hadde det ikkje vore sendt ut ein einaste organisator eller agitator frå partiet for å organisera arbeidet blant kvinnene på grunnlag av det landsmøtet hadde avgjort. Ikkje ei einaste partiavdeling hadde diskutert spørsmålet om korleis dei skulle realisera vedtaka frå landsmøtet:

”Vi maa bemerke at mellem vaare kvinnevalg og partiets avdelinger er det et daarlig samarbeide, vi har aldri i Kvinnesekretariatet faatt beretning om at en partiavdeling debatterer de forskjellige opgaver blandt kvinder tiltross for at alle vore cirkulærer til kvinneutvalgene blir sendt gennem de respektive distriktsstyrer.”³⁶⁹

³⁶⁶ *Arbeidet og Norges Kommunistblad* opplyser at Astrid Langseth frå Oslo, og Emma Pedersen og Marie Nilsen frå Bergen var på reise i Sovjetunionen sommaren 1929. I tillegg var Cecilie Slåttemid frå Odde på ei kooperativ delegasjonsreise den sommaren.

³⁶⁷ F. 495, o. 31, d. 128, l. 82. Rapport frå pol.byråmøte 16. februar 1929. Kvinnesekretariatet bestod av Olga Andersen, Astrid Langseth, Alfred Skar, Hanna Bergstrøm, Dagny Sjølander, Dagmar Eilerth, Christian Hilt og Mira Kristiansen (tidl. Hansen).

³⁶⁸ F. 495, o. 31, d. 128, l. 120. Rapport til EKKIs org.utval 24. juli 1929.

³⁶⁹ F. 507, o. 3, d. 126, l. 52. Rapport til EKKIs kvinneavdeling, 24. oktober 1929.

Olga Andersen meinte ikkje å klaga over stoda, men ville visa korleis realitetane var. Ho såg fram til å få kritikk frå Komintern ”som vi vil være takknemlig for og lære av.”³⁷⁰

Kritikken frå Kominterns kvinneavdeling må ha kome fram til partileiinga, for på nyåret 1930 bygde sentralstyret – med Arvid G. Hansen i spissen – vidare på kritikken. På sentralstyremøtet i februar 1930 vart det lagt fram eit forslag til fråsegn frå pol.byrået. Samstundes publiserte Hansen ein serie tekstar i hovudorganet *Arbeideren*, der han oppsummerte feil og manglar ved partiarbeidet. Partiet hadde ikkje fylgd opp den nye kursendinga frå landsmøtet og vedtaka frå arbeidarkongressen. Husmorlaga vart også kritiserte, og sjølv om landsmøtet ikkje hadde uttalt noko inngåande om arbeidet i husmorlaga, hadde landsmøtet tydeleg sagt ifrå at den politiske kursen i husmorlaga måtte endrast:

”Husmorlagene må føre en klar politisk propaganda *hvorunder socialdemokratiets rolle klart belyses og hvorved arbeiderklassen opdras i den revolusjonære ånd*, således at disse organisasjoner blir en reserve hvorfra man erobrer nye medlemmer til partiet.”³⁷¹

Men kursen i husmorlaga hadde ikkje vorte endra. Husmorlaga var for tida i ei krise, og i mange tilfelle viste husmorlaga sosialdemokratiske tendensar. Laga hadde vore leidde under falske føresetnader, heilt frå byrjinga. At husmorlaga skulle vera upolitiske organisasjonar, hadde *sjølv sagt* aldri hadde vore meininga til sentralstyret, og det måtte verta slutt på alt snakket om politisk nøytralitet i husmorlaga. Laga var ein del av den revolusjonære arbeidarklassen og måtte ta aktivt del i arbeidarklassen aksjonar, i open konfrontasjon mot sosialdemokratiet og i samarbeid med det revolusjonære partiet til arbeidarklassen, NKP.³⁷²

Arvid G. Hansen kom med sjølvkritikk. Partiet hadde gjort ein feil når dei ikkje tidlegare hadde tatt grep om karakteren til husmorlaga, og endra husmorlaga til å verta antikrigsorganisasjonar og eit propagandaapparat mot dei borgarlege kvinneorganisasjonane. Husmorlaga hadde synt at dei ikkje hadde nok kraft til å organisera protesten til arbeidarhusmødrene. Særleg gjaldt det politikken til sosialdemokratiet om

³⁷⁰ F. 507, o. 3, d. 126, l. 59. Rapport til EKKIs kvinneavdeling, 24. oktober 1929.

³⁷¹ ”Noen kritiske bemerkninger om erfaringene siden det 10. plenum”, av Arvid G. Hansen, i *Arbeideren*, 8. februar 1930. Uthevingane står slik i kjelda. Setninga om at husmorlaga skulle føra ein propaganda for å avsløra sosialdemokratiet står ikkje i fråsegna frå landsmøtet, og setninga er heller ikkje med i omsetjinga Mielenz sendte til Skandinavische Ländersekretariat. I desse tekstane står det at husmorlaga skulle føra ein klar politisk propaganda, og at det var ”arbeiderkvinnene” (ikkje klassen) som skulle oppsedast i den revolusjonære anda. Om Arvid G. Hansen her har sitert landsmøtefråsegna uriktig skal det ikkje spekulast i, men tillegget ”hvorunder socialdemokratiets rolle klart belyses” vert husmorlaga framstilt i eit endå dårlegare lys i forhold til politikken i den tredje perioden.

³⁷² F. 495, o. 178, d. 96, l. 37-38. Rapport til sentralstyret frå pol.byrået. Utan dato.

arbeidsløysespørsmål.³⁷³ Husmorlaga skulle vera ein rekrutteringsorganisasjon for partiet, men til trass for at partiet hadde prioritert dei fleste kvinnelege kreftene i arbeidet i husmorlaga – noko som førte til at ”andre og *viktiger*” oppgåver hadde vorte sett til sida, var resultata svært små. Husmorlaga måtte endrast slik at dei fekk ein brei ”klassekampkarakter” med sikte på ei verkeleg massemobilisering av arbeidarkvinnene. Ved ein sterkare utetteretta aktivitet at kunne det sekteriske kvinneforeiningspreget brytast ned.³⁷⁴ Det viktigaste for Arvid G. Hansen var likevel at heile partiet no måtte skjønna at kvinnearbeidet var eit arbeid for heile partiet. Det nytta ikkje å skriva fleire fråsegner eller senda ut fleire direktiv frå partileiinga, ein må setja i gong ein kampanje i partiet; ein ”åndelig revolusjon” måtte skje hos kvar einskild partimedlem. Medlemmene måtte få ei revolusjonær innstilling andsynes oppgåvene: Det var ei viktig partioppgåve å erobra kvinnemassane, og alle partimedlemmene måtte skjønna kor viktig det var å nå ut til arbeidarkvinnene.³⁷⁵ Nærare direktiv skulle utarbeidast av kvinnesekretariatet og sendast til sentralstyret, men desse direktiva har ikkje lete seg oppspora i kjeldematerialet.

Kvinnedagen 1930: ein fiasko

NKP skulle som vanleg markera kvinnedagen 8. mars. I tillegg til kvinnedagen, la partiet opp til ein støttekampanje for dei arbeidslause 6. mars – altså to dagar før kvinnedagen. Partiet skulle mobilisera til begge kampanjane under eitt. Oppsummeringa av kampanjen slo fast at kvinnedagen kom i bakgrunnen for 6. mars-markeringa mange stader, og det var sterke røyster for at kvinnedagen skulle utsetjast.

Forklaringa på kvifor det gjekk så dårleg, vart igjen lagt på at partiet hadde ei manglande forståing av kor viktig det var å arbeida blant arbeidarkvinnene nettopp i denne perioden, og at kvinnearbeidet måtte vera ein del av det generelle partiarbeidet.³⁷⁶ I februar hadde Arvid G. Hansen oppmoda til å gjennomføra kvinnedagen slik at dagen kunne verta eit vitnesbyrd om at partiet hadde skjönt viktigheita av kursendringa i kvinnepolitikken. Den åndelege revolusjonen som Arvid G. Hansen hadde etterlyst nokre månader tidlegare let altså venta på seg.

³⁷³ ”Noen kritiske bemerkninger om erfaringene siden det 10. plenum”, av Arvid G. Hansen, i *Arbeideren*, 8. februar 1930.

³⁷⁴ ”Noen kritiske bemerkninger om erfaringene siden det 10. plenum”, av Arvid G. Hansen, i *Arbeideren*, 8. februar 1930.

³⁷⁵ ”Noen kritiske bemerkninger om erfaringene siden det 10. plenum”, av Arvid G. Hansen, i *Arbeideren*, 10. februar 1930.

³⁷⁶ ”6. mars-kampanjens lærdomme”, i *Arbeideren*, 25. mars 1930. Omsett til tysk og sendt til Skandinavische Ländersekretariat, f. 495, o. 31, d. 129, l. 37.

***Gnisten* går inn**

Gnisten hadde hatt økonomiske problem heilt sidan oppstarten i 1925. Sidan avisa var skipa under føresetnad at ho ikkje skulle belasta partiøkonomien, og heller ikkje mottok støtte frå Komintern, vart det opp til kvinnene å yta økonomisk støtte. Mange av husmorlaga skaffa inntekter til kvinneavisa ved å skipa til festar eller ha egne syklubbar der handarbeidet vart lodda ut på basarar. Hausten 1928 oppmoda Dagny Sjølander alle lesarane om å starta opp syklubbar for *Gnisten* og arbeida for auka inntektene til avisa.³⁷⁷ Under overskrifta ”Hvorfor kommer ikke ”Gnisten”?” i nummeret etter skreiv Olga Andersen at det var både abonnements- og økonomiproblem. Kommissjonærane til avisa sendte sjeldan inn regelmessige oppgjer for dei nummera dei fekk, og det vart arbeid for lite med å få folk til å halda fast ved abonnementa sine.³⁷⁸ Eit lite oppsving fekk avisa på grunn av innlegga til Dagny Sjølander og Olga Andersen. Redaksjonen kunne våren 1929 takka ulike celler, kvinnegrupper og husmorlag for 350 kroner, og seinare på året hadde det kome inn ytterligare 118, 35 kroner.³⁷⁹

Våren 1930 kom det siste nummeret av *Gnisten*. Det var truleg ein kombinasjon av dårleg økonomi og kapasitetsproblem i kvinnesekretariatet som førte til at kvinneavisa gjekk inn. I rapporten til kvinneavdelinga i Komintern i oktober 1929 skildra Andersen ein ”gradvis tiltagende slapphet” i arbeidet med avisa, særleg på områda verving av tingarar og økonomi. Til trass for at landsmøtet i 1929 hadde vedteke ein kampanje for å betra økonomien til avisa, var resultatane frå kampanjen dårlege. Frå Trondheim vart det hevda at det ikkje var noko behov for ei eiga kvinneavis, og det var lite interesse for avisa i Bergen. Unntaket i Vestlandske distrikt var Odda, og det var stor interesse for *Gnisten* i delar av Hedmark distrikt og i Oslo. Kvinnesekretariatet meinte at *Gnisten* absolutt måtte oppretthaldast, sidan avisa var det einaste organet for kvinnene i partiet.³⁸⁰

Den varierende interessa for *Gnisten* kan hengja saman med kor ofte partiavisene trykte kvinnespalter. Som førre kapittel viste hadde Bergensavisa *Arbeidet* regelmessige kvinnespalter på trykk, der kvinnespaltene fungerte som eit diskusjonsforum for dei fem husmorlaga i Bergen og husmorlaget i Laksevåg. Det var sjeldan referat frå møte i husmorlaga andre stader på Vestlandet, som Odda, Tyssedal og Høyanger, og det er dimed grunn til å tru at kvinnespalta fungerte godt for laga i Bergen, men at *Gnisten* fungerte betre

³⁷⁷ ”Vaar egen avis”, av Dagny Sjølander, i *Gnisten*, nr. 7/8, 1928, s. 7.

³⁷⁸ ”Hvorfor kommer ikke ”Gnisten”?”, av Olga Andersen, i *Gnisten*, november 1928, s. 7.

³⁷⁹ ”Hvad gjøres for ”Gnisten”?”, i *Gnisten*, nr. 1/3, 1929, s. 10-11 og ”Hvad gjøres for ”Gnisten”?”, i *Gnisten*, nr. 4/6, 1929, s. 9.

³⁸⁰ F. 507, o. 3, d. 126, l. 53-54. Rapport til EKKIs kvinneavdeling, 24. oktober 1929.

for Odda husmorlag. I *Norges Kommunistblad*, og i arvtakaren *Arbeideren*, var det færre kvinnespalter, noko som vart forklart med at avisa berre kom ut i eit firesidig format. I Trondheimsavisa *Ny Tid* var det stundom kvinnesider under ulike kampanjar, men ikkje regelmessig.³⁸¹

”Vår kvinnebevegelse har blitt en husbevegelse av mødre”

Dette sa Knut Olai Thornæs frå Trondheim under diskusjonen på det utvida sentralstyremøtet 14.–15. mars 1931, der kritikken mot partiets kvinnearbeid held fram.³⁸² Denne gongen var det Hanna Bergstrøm, som då var leiar i kvinneutvalet og ansvarleg for arbeidsløyserørsla, som trakk fram Bergensavdelingas manglande arbeid blant dei kvinnelege industriarbeidarane. I Bergen arbeidde husmorlaga godt blant husmødrene, men dei arbeidde knapt blant industriarbeidarane. Under arbeidskonflikten ved Minde sjokoladefabrikk hadde sentralleiinga måtta lesa i pressa om kva partiavdelinga i Bergen gjorde i konflikten. Grunnen til at partileiinga fekk så få meldingar frå Bergen om arbeidet blant kvinnene var at dei ikkje ville vedgå at dei ikkje hatt gjort den naudsynte vendinga i arbeidet blant kvinnene.

Halvor Saamundsen, representanten frå Telemark, sa seg samd i kritikken av husmorlaga frå Bergstrøm. Husmorlaga vart no leia av *borgarlege* kvinner, og fraksjonane i husmorlaga gjorde ingenting, meinte han. Thornæs slutta seg til dette, og meinte at husmorlaget i Trondheim gjorde ei slett arbeid for å organisera dei kvinnelege industriarbeidarane. ”Jeg kan referere hvad en industriarbeiderske sa til mig: vi vil ikke være med blandt de gamle kjærringene.”³⁸³

Oppsummering

Den tredje perioden har vorte karakterisert som ein katastrofe for medlemspartia i Komintern. Den sekteriske haldninga andsynes sosialdemokratiet førte til at medlemstalet sokk i mange parti og i arbeidarklasseorganisasjonane vart den kommunistiske påverknad svekt.³⁸⁴ Politikken i ultravenstrefasen var ei medverkande årsak til at kvinnearbeidet i NKP vart kraftig redusert. Dei tydelegaste døma på *direkte* fylgjer av ultravenstrekursen var utmeldinga til Jeanette Olsen, og medlemstapa i husmorlaga som fylgje av 1. mai-markeringane. Men den manglande oppslutnaden om NKP, dei økonomiske problema og valnederlaget i 1929, førte

³⁸¹ F. 507, o. 3, d. 126, l. 53-54. Rapport til EKKIs kvinneavdeling, 24. oktober 1929.

³⁸² F. 495, o. 178, d. 96, l. 91b. Utvida sentralstyremøte 14-15. mars 1931.

³⁸³ F. 495, o. 178, d. 96, l. 80, 83b, 91b og 105b. Utvida sentralstyremøte 14-15. mars 1931.

³⁸⁴ K. McDermott og J. Agnew, 1996, s. 81.

med seg ein passivitet i partiet som også råka kvinnearbeidet. NKP mista halvparten av medlemmene på eitt år, og i 1930 hadde partiet om lag 3000 medlemmer.³⁸⁵

Trass i dei stadige understrekningane frå partileiinga om at kvinnearbeidet skulle vera eit arbeid for heile partiet, og det å arbeida mellom kvinnene i ultravenstrefasen var ekstra viktig, la leiinga og partimedlemmene ingen reell innsats i orda. Oppprioriteringa av kvinnearbeidet vart berre ein del av den politiske retorikken i ultravenstrefasen. Kvinnedagen i 1930 vart ein fiasko, *Gnisten* fekk ingen økonomiske bidrag og gjekk inn, partileiinga ynskte ikkje å frigjera meir tid for Olga Andersen i vervet som kvinnesekretær og kvinnesekretariatet hadde ikkje lenger ein kontorplass.

Kvinneavdelinga i EKKI var i ultravenstrefasen redusert til eit underordna organ i Komintern-byråkratiet, med eit einssidig fokus på å få kvinnearbeidet i seksjonane til å arbeida for dei viktigaste sakene i ultravenstrepolitikken. Krava som vart stilte frå Kominterns kvinneavdeling til NKP sprikte sterkt frå den norske røyndommen, og var ikkje tilpassa norske tilhøve. Dette var eit trekk som prega NKP i perioden, og var ikkje spesielt for kvinnearbeidet. NKP makta aldri å implementera venstrekursen i norsk arbeidarrørsle. Kommunikasjonen mellom NKPs leiing og grunnorganisasjonane svikta, og partikampanjane vart mislukka på grunn av dårleg organisering og gjennomføring.

På eit område klarte likevel Komintern og NKP-leiinga til ein viss grad og mobilisera arbeidarkvinnene i ultravenstrefasen – til antikrigsarbeidet og forsvaret av Sovjetunionen. Dette klarte NKP fordi argumenta om arbeidarhusmødrene som forsvararar av arbeidarfamilien vart tekne fram igjen og brukte i argumentasjonen. Den sjølvstendige rolla som husmorlaga hadde fått i sjølvstende- og bolsjeviseringsfasen motverka at husmorlaga vart klassekamporganisasjonar som støtta opp under klasse mot klasse-politikken i ultravenstrefasen. Husmorlagas arbeid og politikk voks frå NKP, og i 1937 gjekk husmorlaga saman i eit landsfemnande forbund, der dei held fram med det filantropiske støttearbeidet for arbeidarklassen, fremja sakene til husmødrene og arbeidde mot den komande krigen.

³⁸⁵ E. Lorenz, 1983, s. 127, fotnote 27. Her er det usikre medlemstal. Lorenz skriv at opplysingar frå Furubotns arkiv er at NKP hadde 2985 medlemmer, andre er ”neppe mer enn 3500 medlemmer” og 3289 medlemmer i mars 1931. Kor mange kvinnelege medlemmer det var i NKP i 1930, seier kjeldematerialet ingenting om, men gjennom heile tiåret hadde talet på kvinnelege medlemmer heldt seg relativt stabilt – rundt 20 prosent. Held vi fast ved denne prosentsatsen, kan NKP ha hatt rundt 600 kvinnelege medlemmer i 1930.

7. Konklusjon

Føremålet med denne framstillinga har vore todelt. For det fyrste har framstillinga drøfta interaksjonen mellom Komintern og NKP i spørsmåla knytte til kvinnepolitikk og kvinnearbeid, og kva som vart fylgjene av interaksjonen for NKP. Omgrepet bolsjevisering har vorte brukt for visa maktprosessen mellom Komintern og NKP, og med bruk av omgrepa bolsjevisering ”nedanfrå” og bolsjevisering ”ovanfrå” har bolsjeviseringsprosessen vorte ytterligare nyansert. For det andre har framstillinga gjeve eit meir dekkjande bilete av kvinnepolitikken og kvinnearbeidet i NKP i perioden enn tidlegare forskning. Dette har vorte mogleg ved å bruka nye kjelder frå tidlegare sovjetiske arkiv.

Framstillingas tre fasar

I framstillinga har perioden vorte delt opp i tre fasar. I den fyrste fasen, *sjølvstendefasen* frå november i 1923 til 1924, strevde det nystifta partiet NKP ikkje berre med å få oversyn og kontroll over dei kvinneforeiningane som hadde fylgd med partiet i splittinga frå DnA, men også med å få kvinneforeiningane omstrukturerte og lagde inn under partiavdelingane. Motstanden mot å oppløysa kvinneforeiningane var stor einskilde stader, og det same var frykta for at kvinnepolitiske saker ikkje kom til å verta handsama i partiavdelingane om dei eigne foreiningane for kvinnene forsvann. Ideen om husmorlaga oppstod i sjølvstendefasen. Med husmorlagsorganiseringa oppnådde NKP for det fyrste å halda på dei kvinnelege medlemmene som potensielt stod i fare for å gå tilbake til DnA. Sidan DnA ikkje lenger var medlem av Komintern, trong dei ikkje leggja ned kvinneforeiningane slik som NKP. For det andre opna organiseringa i husmorlag opp for ein brei rekrutteringssfare for partiet, sidan husmorlaga var opne for andre kvinner enn NKP-medlemmer. I teorien kunne no alle kvinner i arbeidarklassen vera potensielle medlemmer. Valet av husmødrer som satsingsgruppe var eit naturleg val for NKP ut frå samtidas husmorideologisering. For det tredje førte valet av husmorlagsorganisering til at NKP posisjonerte seg i dåtidas mangfald av kvinneorganisasjonar. Posisjonen gjorde NKP i stand til å kritisera forsøka til dei borgarlege kvinneforeiningane på å skapa ei felles forståing av at alle kvinner frå alle samfunnslag og klassar hadde noko til felles ut frå kjønn. Dette gjorde NKP ved å argumentera med at arbeidarkvinnene ikkje hadde felles interesser med kvinner frå andre klassar; arbeidarkvinnene skulle stå saman med mennene i arbeidarklassen. Med det oppnådde NKP å plassera husmødrene og husmorlaga inn i klassekampen, der husmødrene var med i arbeidarklassens kamp ut frå sine eigne premiss.

I *bolsjeviseringsfasen* 1925–1927 slutta NKP velvillig opp under bolsjeviseringsparola Komintern hadde vedteke. NKP skulle studera og læra av røyntslene til det sovjetrussiske partiet, og overføra røyntslene til arbeidet i Noreg. Bolsjeviseringa innebar ei endring av organisasjonsstrukturen i alle seksjonane i Komintern, og bedriftsceller skulle no utgjera grunneininga i partia. Kvinnelege medlemmer skulle difor organiserast i bedrifts- eller bustadsceller. Dei kvinneforeiningane som framleis eksisterte skulle gjerast om til husmorlag og følgjeleg steig talet på husmorlag. I 1926 hadde NKP om lag tjue husmorlag med om lag tusen medlemmer. I bolsjeviseringsfasen fekk husmorlaga sin organisatoriske struktur, med retningslinjene som vart vedteke på kvinnekonferansen i NKP i 1925.

Det politiske synet på husmora vart vidareutvikla av NKP i bolsjeviseringsfasen. Husmødrene vart i denne perioden vurderte av NKPs kvinnesekretariat som den gruppa av kvinner i arbeidarklassen som var mest politiske medvitne. Difor freista kvinnesekretariatet i bolsjeviseringsfasen å bruka husmødrene for å koma i kontakt med dei kvinnelege industriarbeidarane, slik det var gjort i forsøka med kameratklubbar og avisa *Arbeidersken*. Desse forsøka fekk eit kort levetid, og delegatforsamlingssystemet – sjølve symbolet på dei sovjetrussiske kvinnearbeidet – klarte ikkje NKPs kvinnesekretariat å få partiorganisasjonen til å gjennomføra. Meininga var at gjennom delegatforsamlingssystemet skulle det skapast eit band mellom dei kvinnelege industriarbeidarane og partiet. Husmødrene skulle hjelpa dei kvinnelege industriarbeidarane til å verta medvitne om sin eigen situasjon og tenna den revolusjonære gløden deira. Dette var noko husmødrene kunne gjera ut frå tanken om at dei kvinnelege industriarbeidarane også var husmødrer. Det var altså ikkje berre det dårlege sambandet NKP hadde med kvinnelege industriarbeidarar som vart brukt til å legitimerta NKPs forsøk på å nå industriarbeidarane via husmødrene.

I *ultravenstrefasen*, 1928–1930, kom nedgangen det sentrale kvinnearbeidet i NKP. I nokre tilfelle var nedgangen direkte knytt til politikken NKP førte i denne fasen. Dei mest konkrete utslaga av den nye venstrekursen for kvinnearbeidet var usemjene som oppstod i husmorlaga kring 1. mai-markeringane til NKP i 1929 og 1930, og at kvinnesekretæren Jeanette Olsen meldte seg ut etter usemje om Hornsrud-regjeringa i 1928. Jeanette Olsens utmelding gjorde at partiet mista den fremste organisatoren av arbeidet blant kvinnene. Passiviteten spreidde seg i NKP som fylgje av den sekteriske haldninga til sosialdemokratiet og vedtaka som vart implementert ovanfrå av partileiinga i stor grad utan grunnlag i den norske røyndommen. Passiviteten var også ei årsak til nedgangen i kvinnearbeidet. Partileiingas ord om at arbeidet blant kvinnene var ekstra viktig i denne fasen fordi fleire kvinner kom til å verta tilsette i industrien som billig arbeidskraft, og at kvinnene kom til å

kjenna arbeidsløysa hardast, vart tomme ord som ikkje vart følgd opp av partileiinga og medlemmene. I ultravenstrefasen skulle husmorlaga verta klassekamporganisasjonar som skulle demaskera dei sosialdemokratiske kvinneorganisasjonane. Endringa frå å vera breie masseorganisasjonar der også medlemmer i DnA kunne vera med, til å verta kamporganisasjonar, skjedde ikkje.

Samanfattande kan det seiast at husmorlaga oppstod i sjølvstendefasen, bygde seg opp med politisk og organisatorisk struktur i bolsjeviseringsfasen, og hadde i ultravenstrefasen fått så pass identitet og sjølvstyre at NKP ikkje makta og styra dei etter den nye politikken.

Organisasjonsmodell

I innleiingskapitlet vart det sett opp ein organisasjonsmodell. Målet med modellen var å identifisera dei einskilde kontrollmekanismane i interaksjonen mellom Komintern og NKP i bolsjeviseringsprosessen. Kunne Komintern kontrollera, rettleia og styra korleis kvinnesekretariatet i NKP utførte arbeidet blant kvinnene, og kva for avgjerder, målsetnader og prioriteringar NKP tok?

Tidlegare forskning på tilhøvet mellom NKP og Komintern har vist kva for kontrollmekanismar Komintern disponerte andsynes NKP: bruk av parolar, resolusjonar, telegram og brev, ope brev, nedsetjing av kommisjonar, utsendingar frå og til Moskva, utdanning, økonomi og eksklusjonar. Berre eit fåtal av desse kontrollmekanismane har late seg påvisa i Kominterns kontroll over kvinnepolitikken og kvinnearbeidet i NKP.

Offisielle vedtak og resolusjonar frå Komintern som omhandla kvinnearbeidet vart formidla gjennom *Inprekorr*, brev til NKP eller via utsendingar frå det norske partiet. Dei kvinnepolitiske organa i Komintern utdjupa politikken gjennom skriftleg korrespondanse til kvinnesekretariatet i NKP. Skriftleg korrespondanse var altså den viktigaste mekanismen Komintern hadde for å kontrollera og styra kvinnepolitikken i NKP. I framstillinga har materiale frå Skandinavische Ländersekretariat vorte brukt, i tillegg til NKPs interne arkiv og korrespondansen mellom NKPs kvinnesekretariat og IKS og etterfylgjaren, kvinneavdelinga til EKKI. Materialet frå Skandinavische Ländersekretariat har vist seg å utelukkande vera rapportar om stoda for kvinnearbeidet i NKP. Interaksjonen mellom Komintern og NKP i spørsmål knytte til kvinnearbeidet skjedde altså berre mellom IKS, og arvtakaren kvinneavdelinga i EKKI, og NKPs kvinnesekretariatet, der det var kvinnesekretæren i NKP som forfatta korrespondansen til Komintern. Med andre ord var det eit fåtal kvinner som var direkte involvert i korrespondansen.

Den tregleiken som fanst i korrespondansen mellom dei kvinnepolitiske organa i Komintern og NKP, er påfallande. Tregleiken er likevel ikkje unik for kvinnearbeidet, men noko som ofte kjenneteiknar korrespondansen mellom Komintern og seksjonane. Med tregleiken oppstod også farar for misforståingar om korleis politikken skulle utformast. Komintern var avhengige av at materialet frå NKP vart omsett frå norsk til tysk i Komintern-apparatet, om ikkje NKP hadde omsett materialet sjølv før det vart sendt frå Noreg. Difor kunne rettleiinga og kontrollen koma mange månader etter at vedtaka var fatta i NKP, slik det til dømes gjorde i samband med den andre kvinnekonferansen i NKP i 1925. Telegram vart brukt av Komintern som eit middel for raskare og meir effektivt korrigera avgjerdene det norske partiet tok, men kjeldematerialet viser ikkje bruk av telegram i korrespondansen mellom dei kvinnepolitiske organa i Komintern og NKP.

Ein annan kontrollmekanisme for å styra den kvinnepolitiske utviklinga i det norske partiet var personleg kontakt med utsendingar frå NKP på internasjonale tilskipingar. Utsendingar frå NKP deltok på kvinnekonferansane i Komintern; både i 1924 og 1926 representerte Jeanette Olsen NKP på dei internasjonale kvinnekonferansane. Mira Hansen deltok på organisasjonskonferansen om kvinnearbeidet som Komintern skipa til i 1925, og på kvinnemøtet som fant stad under det sjette utvida EKKI-plenumsmøtet i 1926. Det var med andre ord var eit fåtal kvinner i NKP som hadde inngåande kjennskap til diskusjonane og usemjene om kvinnepolitikken i Komintern, og som kunne ha vore med på å leggja føringar for Kominterns kvinnepolitiske arbeid.

Overraskande nok har kjeldene vist at det berre vart halden eitt møte mellom representantar frå kvinneleiingane i Komintern og NKP. Det var i 1926, under den siste kvinnekonferansen i Komintern, då Hertha Sturm hadde møte med Jeanette Olsen. Men det hendte også at representantar frå NKP som var til stades i Moskva på ulike oppdrag hadde møte og samtalar med dei kvinnepolitiske organa i Komintern. Både Arvid G. Hansen og Hanna Bergstrøm hadde slike samtalar med Komintern. Det har ikkje latt seg påvisa om det var NKP eller Komintern som tok initiativet til møta, og møtet Bergstrøm hadde med Kominterns kvinneavdeling finst det ikkje noko referat frå.

Representantar frå dei kvinnepolitiske organa i Komintern vart aldri sendt til Noreg for å rettleia det norske partiet i kvinnespørsmål. I 1924 orsaka IKS seg med at dei ikkje hadde råd til å senda ein representant på den fyrste kvinnekonferansen i NKP. Det er interessant at Clara Zetkin skulle reisa til Noreg for å påverka Arbeidarpartiets februarlandsmøte i 1923, men det likevel ikkje mogleg å seia at Zetkin skulle koma utelukkande på grunn av stoda i Kvindeforbundet.

Utsendingar frå Komintern oppheldt seg i kortare og lengre periodar i Noreg, men desse utsendingane hadde andre målsetnader med opphalda sine og var ikkje primært sendte til Noreg for å påverka kvinnearbeidet i NKP. I berre eitt tilfelle er det grunnlag for å hevda at ein representant frå Komintern tok grep over uforminga til kvinnearbeidet i NKP. Det skjedde i 1927 då ”Gustavsens” frå Komintern kom med forslaget om å seia opp løna til kvinnesekretæren, og Jeanette Olsen måtte arbeida vidare som kvinnesekretær utan løn.

Ein siste kontrollmekanisme Komintern kunne ha brukt for å kontrollera kvinnearbeidet i NKP var økonomisk bistand. Men dei kvinnepolitiske organa i Komintern disponerte ikkje midlar til økonomisk støtte for kvinnesekretariata i seksjonane, og hadde ikkje moglegheit til å gje NKP midlar til løn til Jeanette Olsen.

Ei karakteristikk av NKP har vore at partiet var styrt frå Moskva. Denne gjennomgangen har vist at ein slik karakteristikk vil vera feil å bruka på kvinnearbeidet i NKP. Sidan kontrollmekanismane til Komintern for dei kvinnepolitiske prioriteringane til den norske seksjonen var så mangelfulle – i periodar nærmast fråverande – opna det seg eit rom for NKP til sjølv å ha råderett over prioriteringane i kvinnearbeidet.

Var husmorlaga godkjende av Komintern?

Tidlegare litteratur om kvinnearbeidet i NKP har stilt spørsmål om organiseringa i husmorlag var ein praksis godkjend av Komintern. NKP vann aksept for arbeidet mellom husmødrene til trass for intensjonane til dei russiske kommunistane, skriv Einhart Lorenz, og til slutt vart husmorlaga aksepterte av Komintern.³⁸⁶ Harriet Clayhills har også eit liknande standpunkt: ”Virksomheten ble naturligvis gransket og ofte kritisert. Men i prinsippet ble den godkjent. Det framgår allerede av det faktum at kjente kommunistkvinner uten innsigelse fikk satse tid og krefter på husmorlagene gjennom hele mellomkrigstiden.”³⁸⁷

Både Lorenz og Clayhills har rett i at husmorlaga vart aksepterte av Komintern, sett ut frå at Komintern aldri la ned eit veto mot NKPs arbeid med husmorlaga. Men dei kvinnepolitiske organa i Komintern hadde manglande kontrollmekanismer for å styra utviklinga i den norske seksjonen. Det må difor åtvarast mot å sjå på Kominterns kvinnepolitikk som ein einsidig politikk som utelukkande fokuserte på å få seksjonane til å arbeida blant dei kvinnelege industriarbeidarane. Det ideologiske grunnlaget om at industriarbeidarane var den sosiale gruppa av kvinner som det var viktigast å nå for kommunistpartia låg fast gjennom heile perioden, men det vart opna opp for å arbeida blant

³⁸⁶ E. Lorenz, *Det er ingen sak å få partiet lite. NKP 1923-1930*, s. 194.

³⁸⁷ H. Clayhills, *Kjerringer mot strømmen. Arbeiderhusmødrenes organisering og kamp i 20- og 30-åra*, 1978, s. 61.

andre sosiale grupper, som husmødrer. I forlenging av dette må også det tradisjonelle synet på Komintern som ein organisasjon utelukkande styrt av dei sovjetrussiske interessene utfordrast. Både på kvinnekongressen i 1924 og i 1926 har framstillinga synt meiningsbryting mellom utsendingane på kongressane, og også at det var meiningsbryting innetter i det internasjonale kvinnesekretariatet. Fram til 1926 var den russiske kontrollen over sekretariatet og kvinnepolitikken i Komintern ikkje total, og politikken kunne tilpassast nasjonale forhold. I 1924 vart det til dømes teke eit mellomstandpunkt i spørsmålet om delegatforsamlingssystemet, der den internasjonale kvinnekongressen modifiserte systemet frå den opphavelige sovjet-russiske forma. I tillegg kan endringa av synet på masseorganisasjonane i Komintern frå våren 1926 ha vore med å gjera det akseptert for NKP å arbeida i husmorlaga. Husmorlaga vart no sidestilt med andre liknande organisasjonar, som tyske *Rote Frauen und Mädchen Bund*.

Kvinnearbeidet i samband med det ålmenne partiarbeidet

Eit mål med framstillinga har vore å sjå NKPs kvinnearbeid i samanheng med resten av partiet. Utgangspunktet var at kvinnearbeidet skulle vera ein del av det ålmenne partiarbeidet. Kvinnearbeidet skulle vera like viktig som anna partiarbeid, og dei mannlege medlemmene både kunne og burde ta del i arbeidet blant kvinnene.

Slik vart det ikkje. Kvinnearbeidet vart aldri like viktig som det ålmenne partiarbeidet, noko NKP sjølv også innrømte. Kva var årsakene til dette? Korleis vart kvinnearbeidet oppfatta av dei mannlege og kvinnelege medlemmene?

Framstillinga har vist at kvinnearbeidet i NKP møtte motstand hos dei mannlege medlemmene. Motstanden vart sjeldan uttrykt skriftleg, men gav seg utslag i at dei mannlege medlemmene ikkje var villige til å la konene sine gå på møte i husmorlaga, dei mannlege medlemmene møtte ikkje på møta i kvinnesekretariatet, og på mange område måtte kvinnene i NKP argumentera mot sine egne for å bevisa at kvinnepolitiske saker også var politikk.

NKP-leiinga uttrykte sjeldan direkte motstand mot arbeidet blant kvinnene, men styrte på mange område likevel utviklinga i kvinnearbeidet. Leiinga omprioriterte Jeanette Olsens arbeidsoppgåver, var ikkje villige til å frigjera meir tid for Olga Andersen i vervet som kvinnesekretær, kutta den lønte kvinnesekretærstillinga, gav inga økonomisk støtte til *Gnisten* eller *Arbeidersken*, gav ikkje støtte til den fyrste kvinnekongressen i partiet i 1924, og hadde ikkje 10 kroner til overs for å trykka eit flygeblad mot *Norske Kvinners Frivillige Verneplikt*.

Kvinnepolitikken i NKP – brot eller framhald av kvinnepolitikken i DnA?

Innleiingsvis vart det stilt spørsmål om kvinnepolitikken og praksisen i kvinnearbeidet i DnA fekk eit framhald i NKP.

Då NKP braut ut av DnA fylgde ein del av kvinneforeiningane til DnA med vidare i det nye partiet. Husmorlaga som NKP skipa var på mange måtar eit framhald av DnAs kvinneforeiningar. Sjølv Jeanette Olsen argumenterte med at husmorlaga vart skipa for at kvinnene kunne få halda på med det same arbeidet som dei hadde gjort tidlegare i kvinneforeiningane i DnA. Oppfattingane av kva som var mannleg og kvinneleg partiarbeid i DnA levde vidare i NKP. Sjølv om oppfattingane av at DnAs kvinneforeiningar var stifta for å utelukkande driva med økonomisk støtte til dei mannelege partimedlemmene endra seg raskt, var det framleis dei kvinnelege medlemmene hadde ansvar for å samla inn pengar til partiet, gjennom å skipa til utlodningar, basarar og juletreffestar. Denne økonomiske rolla fekk eit framhald i husmorlaga til NKP. Også oppfattinga av at filantropisk arbeid var eit spesielt arbeid kvinnene var eigna til, fekk eit framhald i husmorlaga til NKP. Kvinneforeiningane i DnA samla inn pengar til Russlandshjelpa, husmorlaga samla inn pengar til streikande arbeidarar og til borna i arbeidarklassen.

Tregleiken i NKPs omstrukturering av kvinneforeiningane til husmorlaga må også tolkast som ein kontinuitet frå tida før splittinga: Kvinnene såg det som føremålsteneleg å framleis stå samanslutta etter det sosialdemokratiske organisasjonsmønsteret, der det kommunistiske prinippet om aktivitetsplikt ikkje var innført.

Skilnaden mellom dei gamle kvinneforeiningane og husmorlaga låg i at NKP skulle oppretta kommunistiske fraksjonar i laga som skulle styra utviklinga i laga og ha politisk kontroll. Truleg var det lokale skilnader på kor desse fraksjonane fungerte, men det finst svært få opplysingar om dei i kjeldene.

Husmorlaga representerte altså ikkje noko brot med kvinneforeiningane. Dei var også opne for sosialdemokratar og kvinner som ikkje var med i noko politisk parti. Difor argumenterte kvinnesekretariatet, og særleg Mira Hansen, for at husmorlaga var ein einskapfront for arbeidarhusmødrene.

Samanfattande konklusjonar om NKPs kvinnepolitikk

Dei forsøka NKP gjorde for å nærma seg dei kvinnelege industriarbeidarane med mål om å knyta eit band mellom dei og partiet, var forsøk som Komintern hadde skissert opp for NKP. Nokre av forsøka klarte NKP å implementera i kvinnearbeidet, sjølv om partiet ikkje makta å halda liv i desse forsøka over lengre tid. Men sjølv symbola på det sovjetrussiske

kvinnearbeidet – delegatforsamlingssystemet – vart aldri sett i verk i NKP, trass i spede forsøk frå nokre husmorlag i Bergen.

NKP vidareutvikla ikkje Kominterns politikk for å nå den gruppa av kvinner som i fylgje det ideologiske grunnlaget var viktigast – dei kvinnelege industriarbeidarane.

Når det gjeld arbeidet blant husmødrene utvikla derimot NKP ei eiga politisk forståing av denne sosiale gruppa av kvinner. Det er openbart at NKP hadde flest kvinnelege medlemmer som var husmødrer og på grunnlag av dette også ynskte å utvikla eit tilbod for desse medlemmene. Det fekk dei gjennom husmorlaga, som skapte samhald og der husmødrene tok utgangspunkt i saker som interesserte dei som sosial gruppe.

NKP gjekk eit steg vidare og såg på husmødrene som ei politisk aktiv gruppe og oppprioriterte statusen til husmødrene i klassekampen. NKP tilla husmødrene ei ny rolle i politikken. Utgangspunktet for denne rolla var forsvaret av arbeidarfamilien, der husmødrene vart sett på som dei fremste forsvararane var arbeidarfamilien. Ved å forsvara barna, heimen og familien plasserte NKP husmødrene i ei aktiv rolle, der husmødrene posisjonerte seg i arbeidarklassen og tok del i arbeidarklassens kamp. Å ta utgangspunkt i familien var ikkje noko spesielt for NKP, snarare tvert i mot var det den vanlege måten å tenkja kvinnes rolle i eit komplemtært kjønnsamfunn som Noreg var i mellomkrigstida. Husmorlaga i NKP bygde på samtidas ideologisering av husmødrer, men utfordra også denne ideologiseringa. Den grunnleggjande dikotomien for NKP var klasse, for dei andre kvinneorganiseringane var det kjønn. Sjølv om NKPs kvinnepolitikk var tufta på klasseanalyse om at det var dei kvinnelege industriarbeidarane som var den mest framskriden delen av arbeidarklassen, opererte NKP i ”Husmorens epoke”, og kvinnepolitikken vart dimes skapt innanfor råma med husmoreideologisering.

Hovudkonklusjonen i framstillinga synast difor å vera at gjennom den manglande kontrollen og styringa frå Komintern, arven frå kvinnearbeidet i DnA og oppfattingane av kvinnearbeidet innerter i partiet, vart det opna opp eit handlingsrom for NKP der partiet konstruerte ein eigen politikk. I denne politikken vart ikkje hovudpersonane dei som det var politisk viktigast for NKP å nå, men arbeidarhusmødrene. Med denne politikken posisjonerte NKP seg i 1920-åras kvinnepolitiske flora.

Kjelder

RGASPI, Moskva:

NKPs arkiv: fond 495, opis 178, delo 1-3, 9-11, 15-17, 20, 24-25, 28-30, 37, 40, 42-47, 58, 62-64, 71, 77-79, 82, 86-89, 96.

Skandinavische Ländersekretariat: fond 495, opis 31, delo 120-129.

Det internasjonale kvinnesekretariatet: fond 507, opis 3, delo 124-126.

Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek, Oslo:

Mikrofilm frå RGASPI:

Det internasjonale kvinnesekretariatet: fond 507, opis 3, delo 122 og delar av delo 123.

Forhandlingane i den skandinaviske kommisjonen under det sjette EKKI-plenumet:
fond 495, opis 164, delo 420 og 424.

Aviser og tidskrift:

Norges Kommunistblad, årgangane 1923–1929.

Arbeideren, november 1929–1930 (framhald av Norges Kommunistblad).

Gnisten, årgangane 1925–1930.

Arbeidet, årgangane 1923–1930.

Proletaren, årgangane 1923–1929.

Inprekorr, nr. 22–1927 og nr. 28–1927.

Trykte kjelder:

Protokol for Norges kommunistiske partis annet landsmøte i Oslo den 30. mai til 2. juni 1925,
Ungdomstrykkeriet, Oslo, 1925.

Protokoll for Norges kommunistiske partis (Avd. av Den kommunistiske Internasjonale) 3. ordinære landsmøte i Oslo 9.–13. februar 1929, Internasjonalt arbeiderforlag, Oslo, 1929.

Andre kjelder:

Beretning fra 1924–1948 for Norges Husmorlagsforbund, 1948.

Aviser frå andre arkiv og bibliotek:

Die Kommunistische Fraueninternationale 1921–1925, redigert av Klaus Aresti, opptrykk på VIK-Verlag, Frankfurt am Main, 1983. Utlånt frå Staats- und Universitätsbibliothek, Hamburg.

Inprekorr, (Sondernummer) nr. 66, nr. 72, nr. 106, nr. 109–110, nr. 125, 1924. Nr. 29–30, nr. 101, nr. 116, 1925. Nr. 36, nr. 45, nr. 52, nr. 67, nr. 108, nr. 115, 1926. Internasjonalt institutt for sosialhistorie (IISH), Amsterdam.

Litteraturliste

- Andersen, Elise m.fl. (red.), *Arbejderkvinder i alle lande... Et Clara Zetkin-udvalg*, Tiderne Skifter, København, 1974.
- Andersen, Ingrid Lillehagen, *Norges Røde Hjelp 1924–1937. NKP og forsøkene på å etablere en frontorganisasjon i Norge*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2005.
- Bayerlein, Bernhard H., ”Das neue Babylon – Strukturen und Netzwerke der Kommunistische Internationale und ihre Klassifizierung”, i *Jahrbuch für Historische Kommunismusforschung*, Aufbau-Verlag, Berlin, 2004, s. 181-270.
- Bayerlein, Bernhard H., ”Zwischen Internationale und Gulag. Präliminarien zur Geschichte der internationalen kommunistischen Frauenbewegung (1919–1945). Teil 1”, i *The International Newsletter of Communist Studies Online*, vol. XII, nr. 19, 2006, s. 27-47.
http://www.mzes.uni-mannheim.de/projekte/incs/home/data/pdf/INCS_19_ONLINE.pdf (10. mars 2008)
- Bayerlein, Bernhard H., ”Zu Aufbau und Destruktion einer Fraueninternationale. Das Internationale Frauensekretariat der Komintern und die Frauenabteilung des Exekutivkomitees der Kommunistischen Internationale”, i *The International Newsletter of Communist Studies Online* Vol. XIII (2007), nr. 20, 2007, s. 102-104.
http://www.mzes.uni-mannheim.de/projekte/incs/home/data/pdf/INCS_20_ONLINE.pdf (10. mars 2008)
- Bendtsen, Lisbeth, *Kominterns kvindepolitikk 1919–1928*, speciale i historie, Københavns Universitet, 1979.
- Björilin, Lars, ”Kultur och politik. Kommunistiska frontorganisationer i Sverige” i Håkan Blomqvist og Lars Ekdahl (red.), *Kommunismen hot och löfte. Arbetarrörelsen i skuggan av Sovjetunionen 1917–1991*, Carlssons Bokförlag, Stockholm, 2002, s. 39-76.
- Bolin, Jan, *Parti av ny typ? Skapandet av ett svensk kommunistiskt parti 1917–1933*, doktorgradsavhandling, Almqvist och Wicksell, Stockholm 2004.
- Carr, Edward Hallett, *Socialism in one Country 1924–1926*, volum 3, del 2, London, 1964, s. 976-986.
- Clayhills, Harriet, *Kjerringer mot strømmen. Arbeiderhusmødrenes organisering og kamp i 20- og 30-åra*, Pax forlag, Oslo, 1978.
- Clements, Barbara Evans, *Bolshevik Women*, Cambridge University Press, Cambridge, 1997.
- Dahlerup, Drude, *Socialisme og kvindefrigørelse i det 19. århundrede*, GMT, Århus, 1973.

- Danielsen, Hilde, ”Med kommunistiske visjonar for det gode liv: Cecilie Slåttelid 1872–1944”, i *Kvinneforskning*, nr. 2, 2003, s. 47-63.
- Egge, Åsmund, *Fra Aleksander II til Boris Jeltsin*, Universitetsforlaget, Oslo, 1993.
- Egge, Åsmund, *Komintern og krisen i Det norske Arbeiderparti*, Universitetsforlaget, Oslo, 1995.
- Egge, Åsmund og Vadim Roginskij (red.), *Komintern og Norge. DnA-perioden 1919–1923. En dokumentasjon*, Unipub forlag, Oslo, 2006.
- Furre, Berge, *Norsk historie 1914–2000. Industrisamfunnet – frå vokstervisse til framtidstrvil*, Det Norske Samlaget, Oslo, 1999.
- Flatøy, Kirsten, ”Utviklingslinjer innen Arbeiderpartiets Kvindeforbund 1901–1914”, i Ida Blom og Gro Hagemann (red.), *Kvinner selv... Sju bidrag til norsk kvinnehistorie*, 1977, s. 71ff.
- Goldman, Wendy Z., *Women at the Gates. Gender and Industry in Stalin's Russia*, Cambridge University Press, Cambridge, 2002.
- Goller, Anne-Lise, *Katti Anker Møller og opprettelsen av Mødrehygienekontoret*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1974.
- Gruber, Helmut og Pamela Graves (red.), *Women and Socialism/Socialism and Women*, Berghahn Books, New York og Oxford, 1998.
- Gunnarsson, Evy, *Med nål och garn för socialismen*, Arbetarkultur, 1987.
- Hansen, Elin, *NKP og Komintern under den tidlige fasen av Kominterns ”tredje periode” 1927-1930*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2006.
- Holtsmark, Sven G., ”Sovjetiske penge i norsk politik?”, i Morten Thing (red.), *Guldet fra Moskva. Finaniseringen af de nordiske kommunistpartier 1917–1990*, Forum, København, 2001, s. 128-164.
- Huber, Peter, “Structure of Moscow apparatus of the Comintern and decision-making”, i Tim Rees og Andrew Thorpe (red.), *International communism and the Communist International*, 1998, Manchester University Press, Manchester og New York, s. 41-47.
- Kjeldstadli, Knut, *Fortida er ikke hva den en gang var*, Universitetsforlaget, Oslo, 2003.
- Kuusinen, Aino, *Vi skola nästen alla dö: Kominternfunktionär och lägerfånge – Otto W. Kuusinenens hustru om sitt liv i Sovjet 1918–1965*, Forum, Stockholm, 1972.
- Larsen, Alise, *Fra Kvindeforbund til kvinnesekretariat. Studie av organisasjonsforhold og omlegging av Arbeiderpartiets kvinneorganisasjon før 1923*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Trondheim, 1978.
- Lippe, Just, *Noregs Kommunistiske Partis historie*, bind 1, Norges Kommunistiske Parti, Oslo

- 1963.
- Lorenz, Einhart, *Det er ingen sak å få partiet lite. NKP 1923–1931*, Pax forlag, Oslo, 1983.
- Lorenz, Einhart, ”Norske forhold i Komintern-publikasjoner 1919–1930. En bibliografi”, i *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, nr. 1, 1981, s. 199-208.
- Lorenz, Einhart, ”Fagbevegelsens gjensidighetsavtaler med Sovjet”, i *Arbeiderhistorie*, 1989, s. 101-119.
- Lundby, Kristin, *Norsk Kvinneforbund 1948–1960*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 1978.
- Lønnå, Elisabeth, ”LO, DNA og striden om gifte kvinner i arbeidslivet”, i Ida Blom og Gro Hagemann (red.), *Kvinner selv... Sju bidrag til norsk kvinnehistorie*, Aschehoug, Oslo, 1977, s. 151-176.
- Maurseth, Per, *Gjennom kriser til makt (1920–1935)*, bind 3 i Arne Kokkvold og Jakob Sverdrup (red.), *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*, Tiden Norsk Forlag, Oslo, 1987.
- McDermott, Kevin og Jeremy Agnew, *The Comintern. A History of International Communism from Lenin to Stalin*, Macmillian Press LTD, London, 1996.
- McDermott, Kevin, ”Bolshevisation `From Above` or `From Below`? The Comintern and European Communism in the 1920s”, i Tauno Saarela og Kimmo Rentola (red.), *Communism. National & International*, 1998, s. 105-117.
- McDermott, Kevin, ”The history of the Comintern in the light of new documents”, i T. Rees og A. Thorpe (red.), *International communism and the communist International 1919-43*, 1998, s. 31-41.
- Melby, Kari, *Kvinnelighetens strategier. Norges Husmorforbund 1915–1940 og Norges Lærerinneforbund 1912–1940*, doktorgradsavhandling, Senter for kvinneforskning, NTNU, 1995.
- Melby, Kari, ”Husmorens epoke 1900–1950”, i Ida Blom og Sølvi Sogner (red.), *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*, Cappelen Akademisk Forlag, Oslo, 1999, s. 229-297.
- Narinsky, Mikhail og Jürgen Rojahn (red.), *Centre and Periphery: The History of Comintern in the Light of New Documents*, International Institute of Social History, Amsterdam, 1996.
- Petersson, Fredrik, ”Historiographical Trends and the Comintern – The Communist International (Comintern) and How it has been Interpreted”, *Comintern Working Paper*, 8-2007.

http://web.abo.fi/fak/hf/hist/komintern_workingpapers/cowopa8petersson.pdf
(10. mars 2008)

- Rees, Tim og Andrew Thorpe (red.), *International Communism and the Communist International 1919–43*, Manchester University Press, Manchester og New York, 1998.
- Rojahn, Jürgen, ”A Matter of Perspective: Some Remarks on the Periodization of the History of the Communist International”, i Mikhail Narinsky og Jürgen Rojahn, *Centre and Periphery: The History of Comintern in the Light of New Documents*, International Institute of Social History, Amsterdam, 1996, s. 35.
- Rønning, Ole Martin, *NKP, Komintern og forsøkene på å etablere et ”Labour Party” i Norge årene 1925–26*, hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2000.
- Rønning, Ole Martin, ”Kvinnekamp, imperialisme og monopolkapital. Kvinnefronten og ml-bevegelsen 1972–1982”, i *Arbeiderhistorie. Årbok for Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek*, 2005, s. 200-223.
- Saarela, Tauno og Kimmo Rentola (red.), *Communism. National & International*, Studia Historica 58, Helsinki, 1998.
- Seip, Anne-Lise, *Veiene til velferdsstaten. Norsk sosialpolitikk 1920–75*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo, 1994.
- Skår, Astrid, *70 år for hjem og fedreland*, Norges Lottetforbund, Oslo, 1998.
- Stites, Richard, *The Women’s Liberation Movement in Russia. Feminism, Nihilism, and Bolshevism, 1860–1930*, Princeton University Press, Princeton, 1991.
- Syvvertsen, Sigrid, *Arbeiderpartiets kvinnebevegelse i Norge*, Det norske Arbeiderpartis forlag, 1934.
- Syvvertsen, Sigrid og Thina Thorleifsen, *Kvinner i strid. Historien om Arbeiderpartiets kvinnebevegelse*, Arbeidernes opplysningsforbund, Oslo, 1960.
- Sæterdal, Tove Fasmer, ”Kamerat husmor”: en analyse av den håndskrevne avisen ”Husmoren” 1924–1964, hovudfagsoppgåve i etnologi, Universitetet i Bergen, 1992.
- Thing, Morten, *Kommunismens kultur. DKP og de intellektuelle 1918–1960*, bind 1, Tiderne Skifter, København, 1993.
- Thing, Morten, ”The Signs of Communism – Signs of Ambiguity: Language and Communism”, i Tauno Saarela og Kimmo Rentola (red.), *Communism. National & International*, 1998, s. 241-257.
- Weitz, Eric D., ”The Heroic Man and the Ever-Changing Woman: Gender and Politics in European Communism, 1917–1950”, i Laura L. Frader og Sonya O. Rose (red.),

Gender and Class in Modern Europe, Cornell University Press, Ithaca og London, 1996, s. 311-352.

Tekstar på internett

Lenin, V. I., "The Working Class and NeoMalthusianism", 1913,

www.marxists.org/archive/lenin/works/1913/jun/29.htm (3. april 2008).

"Methods and Forms of Work among Communist Party Women: Theses"

<http://www.marxists.org/history/international/comintern/3rd-congress/women-theses.htm> (16. april 2008)

"Resolution on Strengthening International Contact and on the Tasks of the Comintern's International Secretariat on work among Women", vedteke 8. juli 1921.

<http://www.marxists.org/history/international/comintern/3rd-congress/women-resolution.htm> (10. januar 2008)

Oppslagsverk

Norsk biografisk leksikon, 2003, band 7, Kunnskapsforlaget, Oslo.

Weber, Hermann og Andreas Herbst, *Deutsche Kommunisten. Biographisches Handbuch 1918 bis 1945*, Karl Dietz Verlag Berlin, 2004, s. 771-772.

Østerud, Øyvind, Kjell Goldman og Mogens N. Pedersen (red.), *Statsvitenskaplig leksikon*, Universitetsforlaget, 2001, s. 198-199.